

# **BRUKEN AV HELLERAR I ELDRE JERNALDER I SUNNHORDLAND**



**Camilla E. Bommen**  
**Masteroppgåve i arkeologi**  
**Institutt for arkeologi, historie, kultur- og religionsvitenskap**  
**Universitetet i Bergen**  
**Hausten 2009**

**Til Casper & Aurora**

## FØREORD

Når eg no har levert inn masteroppgåva mi ved UiB, er det mange som må nemnast. Eg vil starte med å takke rettleiaren min til Knut Andreas Bergsvik for at han gav meg høve til å delta i «Det vestnorske hellerprosjektet». Han har vore ein viktig inspirator og ein god samtalepartner. Førsteamanuensis Anne Karin Hufthammer har vore birettleiar, og har gjeve meg viktig kunnskap om fauna og osteologi. Ho har gitt meg tilgjenge til beinmaterialet frå hellerane i Sunnhordland og listene over artar som er utarbeidde av Bergen Museum. Eg har sendt inn prøver av beinmateriale til <sup>14</sup>C-datering og fekk støtte til 13 prøver av Forskingsrådet. Dette opna for å kunne gjennomføre ei grundig analyse av hellermaterialet. Takk til Forskingsrådet for dette. Vidare vil eg takke Stord kommune, Sveio kommune og Wårtsilå for økonomisk støtte. Eg fekk og støtte frå Historisk Fakultet ved UiB. Vidare vil eg takke Anne Marit Berge ved laboratoriet ved NTNU for god tilbakemelding og hjelp i samband med datering av prøvene eg sende inn. Bergen Museum Kulturhistoriske samlinger må takkast for tilgjenge til det arkeologiske materialet. Særleg må eg takke Sonja Innselset for stor hjelp med å finne fram til teikningar av lokalitetane. Eg kunne ikkje klart dette utan din hjelp Sonja! Eg vil vidare takke Kari K. Kristoffersen og Nils Anfinset for tilgang til rapportane frå utgravingane i samband med arbeidet med Trekantsambandet. Svein Ove Agdestein må takkast for gode innspel om Kuhidlaren. Kjetil Østebø har vore ein god samtale partner. Takk Kjetil. Ida Dyrkorn Heierland skal ha takk for god støtte og kommentarar mot slutten, samt publisering om prosjektet i Bladet Sunnhordland og På Høyden. Tusen takk Ida. Eg vil og takke Harald Dyrkorn for gode kommentarar.

Og sist men ikkje minst vil eg takke familien min for fantastisk støtte! Gro E. Bommen og Jan Olaf Bommen har passa ungar, hjelpe meg med databehandling, og vore med på turar ut til hellerane. Takk for hjelpa. Eg vil og retta stor takksemd til sambuaren min, Vebjørn F. Bakka, for støtte, oppmuntring og hjelp når det har røynt på. Takk for at du er her for meg!

Camilla E. Bommen

17/11.2009. Fyllingsdalen

## **INNHALD**

FØREORD	s.3
INNHALD	s.4
FIGUR OG TABELLISTE	s.7
1. INNLEIING	s.9
1.1. Emne og målsetjing	s.9
1.2. Avgrensing i tid og rom	s.10
1.3. Strukturen i oppgåva	s.11
2. FORSKINGSHISTORIE	s.12
2.1. Germanske jordbrukarar eller veidefolk?	s.12
2.2. Naturvitskapelege modellar og økonomiske teoriar.	s.14
2.3. Ikkje berre praktisk bruk?	s.16
2.4. Samandrag	s.16
3. TEORiar OM SAMFUNN I ELDRE JERNALDER	s.18
3.1. Busetnad og ressursutnytting	s.18
3.2. Samfunnsorganisasjon	s.19
3.3. Rituell bruk av landskapet	s.22
4. METODE	s.24
4.1. Datering av lag	s.24
4.1.1 <sup>14</sup> C-datering	s.24
4.1.2. Det arkeologiske materialet	s.25
4.1.3 Strandlinedatering	s.25
4.2. Utval av analyseiningar	s.27
4.3. Faunamaterialet	s.27
5. PRESENTASJON AV DET EMPIRISKE MATERIALET	s.29
5.1. OSTERBAKKJEN	s.30
5.1.1. Utgravinga	s.32
5.1.2. Datering og utval av analyseiningar	s.34
5.1.3. Arkeologisk materiale	s.36
5.1.4. Faunamaterialet	s.37
5.2. SETREHELLEREN	s.40
5.2.1. Utgravinga	s.41
5.2.2. Datering og utval av analyseiningar	s.44

5.2.3. Arkeologisk materiale	s.45
5.2.4. Faunamaterialet	s.48
5.3. KOBBEHAMMARSKLEIVA	s.50
5.3.1. Utgravinga	s.50
5.3.2. Datering og utval av analyseiningar	s.54
5.3.3. Arkeologisk materiale	s.56
5.3.4. Faunamaterialet	s.57
5.4. KUHIDLAREN	s.61
5.4.1. Utgravinga	s.62
5.4.2. Datering og utval av analyseiningar	s.64
5.4.3. Arkeologisk materiale	s.65
5.4.4. Faunamaterialet	s.66
5.5. GEITALEMEN	s.68
5.5.1. Utgravinga	s.68
5.5.2. Datering og utval av analyseiningar	s.69
5.5.3. Arkeologisk materiale	s.70
6. ANALYSE AV DET EMPIRISKE MATERIALET	s.72
6.1. Kvantitative variasjonar	s.73
6.1. Variasjonar i artar og forandring over tid	s.74
6.2.1. Pattedyr	s.74
6.2.2. Fisk	s.75
6.2.3. Fugl	s.75
6.2.4. Krabbe, sniglar og skjel	s.75
6.2. Fangstmetodar	s.75
6.3.1. Pattedyr	s.76
6.3.2. Fisk	s.76
6.3.3. Fugl	s.77
6.3. Sesong- når var hellerane i bruk?	s.77
6.4.1. Fisk	s.77
6.4.2. Fugl	s.78
6.4. Intensitet og lengde på opphalda	s.79
6.5. Aktivitetar i hellerane	s.81
6.6. Oppsummering	s.83

7. BRUKEN AV HELLERAR I ELDRE JERNALDER I SUNNHORDLAND	s.84
7.1. Sosial identitet	s.84
7.1.1. Etnisk variasjon i Vestnorsk jernalder?	s.84
7.1.2. Økonomisk og sosial differensiering?	s.85
7.1. Hellerane sin funksjon i samfunnet	s.87
7.2. Oppsummering	s.94
8. KONKLUSJON	s.95
SUMMARY	s.98
LITTERATUR	s.99

## FIGUR- OG TABELLISTE

Fig.1: Landskapet rundt Setrehelleren	s.17
Fig.2: Modell for det redistributive systemet	s.20
Fig.3: Strandlineforskyvingskurve for Kobbhammarskleiva	s.26
Fig.4: Foto frå utveljing av faunamateriale frå DNS Bergen Museum	s.29
Fig.5: Kart over Hordaland. Fordeling av hellerane i Sunnhordland	s.30
Fig.6: Foto frå Osterbakkjen i dag	s.31
Fig.7: Foto av Osterbakkjen	s.32
Fig.8: Foto frå utgravinga av Osterbakkjen.	s.32
Fig.9: Planteikning over Osterbakkjen	s.33
Fig.10: Profildeikning av Osterbakkjen	s.34
Fig.11: Antal beinfragment fordelt på kvart lag	s.38
Fig.12: Antal beinfragment ordna i beingrupper fordelt på laga	s.39
Fig.13: Artar av pattedyr, sett i antal fordelt på lag	s.40
Fig.14: Artar av fugl, sett i antal fordelt på lag	s.40
Fig.15: Foto frå Setrehelleren	s.41
Fig.16: Planteikning over Setrehelleren	s.42
Fig.17: Profildeikning av Setrehelleren.. Publisert utgåve	s.43
Fig.18: Profildeikning av Setrehelleren. Upublisert utgåve	s.43
Fig.19: Foto av Setrekammen	s.46
Fig.20: Foto av bronsespenna frå Setrehelleren	s.47
Fig.21: Antal beinfragment fordelt på kvart lag	s.49
Fig.22: Antal beinfragment ordna i beingrupper fordelt på lag	s.49
Fig.23: Artar av pattedyr sett til antal fordelt på lag	s.50
Fig.24: Artar av fisk, sett til antal fordelt på lag	s.50
Fig.25: Foto frå utgravinga av Kobbhammarskleiva	s.52
Fig.26: Planteikning over Kobbhammarskleiva	s.53
Fig.27: Profildeikning av Kobbhammarskleiva	s.58
Fig.28: Antal beinfragment fordelt på laga	s.59
Fig.29: Antal beinfragment ordna i beingrupper fordelt på lag	s.60
Fig.30: Antal beinfragment sett til art fordelt på lag	s.61
Fig.31: Antal artar av fisk fordelt på lag	s.63
Fig.32: Foto av Kuhidlaren	s.63
Fig.33: Foto av sjaktene som vart grove ut i Kuhidlaren	s.64

Fig.34: Profildeikning av Kuhidlaren	s.64
Fig.35: Beinspissen frå Kuhidlaren	s.66
Fig.36: Antal beinfragment fordelt i laget	s.67
Fig.37: Artar av pattedyr fordelt på laget	s.68
Fig.38: Artar av fisk fordelt på laget	s.68
Fig.39: Fordeling av økonomiske og politiske sentrum på Sør-Vestlandet i folkevandringstid	s.89
Tabell 1: Stratigrafiske opplysingar over Osterbakkjen.	s.34
Tabell 2: Arkeologiske gjenstandar frå Osterbakkjen (B8039)	s.35
Tabell 3: Resultat av <sup>14</sup> C-datering	s.36
Tabell 4: Datering av lag	s.37
Tabell 5: Arkeologiske kjeldekategoriar	s.38
Tabell 6: Skjel og sniglar	s.39
Tabell 7: Stratigrafiske opplysningar av Setrehelleren	s.44
Tabell 8: Arkeologiske gjenstandar frå Setrehelleren (B8350)	s.44
Tabell 9: Resultat av <sup>14</sup> C-datering	s.45
Tabell 10: Datering av lag	s.46
Tabell 11: Arkeologiske kjeldekategoriar	s.48
Tabell 12: Stratigrafiske opplysingar over Kobbehammarskleiva	s.54
Tabell 13: Arkeologiske gjenstandar frå Kobbehammarskleiva (B15176)	s.55
Tabell 14: Resultat av <sup>14</sup> C-datering	s.56
Tabell 15: Datering av lag	s.57
Tabell 16: Arkeologiske kjeldekategoriar	s.57
Tabell 17: Stratigrafiske opplysingar over Kuhidlaren	s.65
Tabell 18: Resultat av <sup>14</sup> C-datering	s.66
Tabell 19: Stratigrafiske opplysningar over Geitalemen	s.69
Tabell 20: Arkeologiske gjenstandar frå Geitalemen (B7196)	s.70
Tabell 21: Resultat av <sup>14</sup> C-datering	s.71
Tabell 22: Lag som kan samanliknast	s.73
Tabell 23: Sesongindikatorar i materialet	s.78
Tabell 24: Periodar med opphald i hellerane	s.79
Tabell 25: Tjukna på laga i dei ulike lokalitetane	s.79



# 1. INNLEIING

Materialet som har kome for dagen under utgravingar av holer og hellerar på Vestlandet, har vore med på å synleggjere ei rekke faktorar ved livet i eldre jernalder. Hellerar er naturlege holrom i berg, der bevaringstilhøva for arkeologisk og osteologisk materiale er gode. Hellerfunna gjev difor viktig informasjon til studie av erverv. Høve ligg altså til rette for å kunne få betre kunnskap om korleis menneska i eldre jernalder brukte ressursane ved å analysere materialet som ligg i kulturlaga under berget.

## 1.1 Emne og målsetjing

Målsetjinga for denne oppgåva er å kome nærare ei forståing av bruken av hellerar i eldre jernalder (500f.Kr-550/70e.Kr). For å seie noko om erverv, er det avgjerande å finne fram til trekk som kan gje opplysningar om livbergingsmåtar og økonomiske aktivitetar (Solberg 1976). I denne avhandlinga vert forholdet mellom naturressursar og måten menneska utnyttar ressursane på sett på som grunnleggjande. I tillegg til det arkeologiske materialet, skal eg analysere faunamaterialet. Eg vel å bruke termen faunamaterial om beinfragmenta i denne oppgåva. Dette for å presisere at det dreiar seg om bein frå dyr. Ut i frå ei samankopling av desse to kjeldekategoriane, skal eg freista å kome nærare:

1. Kva aktivitetar fann stad i hellerane?
2. Når på året var opphalda?
3. Kva for sosial identitet hadde menneska som nytta hellerane?
4. Kva var helleren si rolle i jernaldersamfunnet?

Dette er spørsmål som går igjen i hellerforskinga. Problemet er at datamaterialet frå dei mange hellerutgravingane ikkje har vorte sett inn i ein komparativ analyse. Ved å gjere ei samankopling av materialet frå lokalitetane, vert det høve til å kunne kome fram til overbevisande teoriar ikring etniske variasjonar i eldre jernalder. Datamaterialet bør difor analyserast på nytt og integrerast i ein meir omfattande analyse av samfunnet. Ved å gjennomgå materialet frå Sunnhordland på nytt skal eg freiste å kople saman materialet frå denne regionen, og prøve å finne fram til generelle trekk som kan avspegle hellerbruken i eldre jernalder.

## 1.2 Avgrensing i tid og rom

Avhandlinga avgrensar seg til eldre jernalder. Perioden vert delt inn i tre underperiodar: førromersk jernalder (om lag 500f.Kr - Kr.f) (FRJA), romartid (om lag Kr.f - 400 e.Kr) (RT) og folkevandringstid (om lag 400 - 550/570 e.Kr) (FVT). Kronologisk vert FRJA delt inn i to underperiodar: eldre FRJA (500 f.Kr - 200 f.Kr) og yngre FRJA (200 f.Kr - 0). RT vert delt inn i eldre RT (0 - 200 e.Kr) og yngre RT (200 - 400 e.Kr) (etter Solberg 2003). Eg vel å ikkje ha ei så fin inndeling av periodane. Dette då nokre av laga har lite bein, og dei kjeldekritiske aspekta må takast høgde for, då det vil vere vanskeleg å dra sikre konklusjonar ut av eit lite materiale. Eg unngår dette ved å dele perioden inn i FRJA, RT og FVT. Materialet vert då stort nok til å kunne brukast i ein komparativ analyse.

Avgrensinga til eldre jernalder er gjort på bakgrunn av at perioden vert sett på som den mest intensive bruksfasen for denne typen lokalitetar (Hagen 1983; Indrelid 1997; Jansen:1972; Odner 1973; Myhre 2002). Eit problem er at hellerfunna frå denne perioden er dårleg publiserte. Døme på dette er Ruskenesset og Skipshelleren, som båe har lag frå eldre jernalder, men publikasjonane er primært konsentrerte om steinalderfasane (Bergsvik 2005; Bøe 1934; Brinkmann & Shetelig 1920). Det innsamla materialet frå eldre jernalder har difor stort informasjonspotensiale. Omfanget av det føreliggjande materialet gjorde at det ikkje var aktuelt å spenne over eit større tidsrom då oppgåva ville vorte for omfattande.

Eg har valt 5 hellerar som skal inngå i analysen, alle ligg i Sunnhordland. Hellerane er:

1. Osterbakkjen (B8039) Bømlo kommune
2. Kobbhammarskleiva (B15176) Bømlo kommune
3. Setrehelleren (B8350) Bømlo kommune
4. Kuhidlaren (B11916) Stord kommune
5. Geitalemen (B7196) Sveio kommune

Hellerane ligg ved ytterkysten eller i ytre fjordstrøk, der områda har gode forhold for fiske og fangst. Hellerane ligg godt plasserte i sjøleia og i forhold til kommunikasjon i og utanfor regionen. Hellerane ligg òg i nærleiken av kjende maktområde i perioden, som Halsnøy, Etne og Avaldsnes. Kriteriet mitt for val av hellerane var at lokalitetane måtte ha vore granska arkeologisk og ha eit rikt funnmateriale. Lokalitetane måtte ha daterbart materiale frå eldre jernalder. Dei utvalde hellerane har godt funngrunnlag. Mesteparten av materialet er ikkje tidlegare publisert, og heller aldri blitt

systematisk undersøkt, noko som er ein føresetnad for etablering av tolkingar av hellerbruken. Denne oppgåva er eit forsøk på å samanlikne funnmaterialet, og systematisk gjennomgå dei ulike tilnærmingane for å komme nærare problemstillinga i oppgåva. Målet er å finne fram til kva for rolle hellerane har spela i utnyttinga av ressursane i område, og korleis naturgrunnlaget kan ha spelt ei viktig rolle i den sosiale og politiske organiseringa av samfunnet i eldre jernalder. Mitt bidrag vil trekkje parallellar til den tidlegare forskinga og vil kunne gje eit viktig tilskot til oppfatninga av hellerbruken i eldre jernalder. Ved å gjennomføre ein ny gjennomgang av materialet frå Sunnhordland, får eg høve til å analysere materialet i lys av kva hellerforskinga i dag har kome fram til, og med nye metodar. Dette vil auke forståinga av hellerbruken på vestlandskysten i eldre jernalder.

### **1.3 Struktura i oppgåva**

*Kapittel 2* gjennomgår forskingshistoria, og legg fram teoriar om bruk av hellerar i eldre jernalder.

*Kapittel 3* legg det teoretiske grunnlaget for drøftinga av det empiriske materialet. Teoriar kring samfunnet i eldre jernalder vil kunne synleggjere hellerane sin funksjon i samfunnet, og avklare kven det var som nytta hellerlokalitetane i Sunnhordland.

*Kapittel 4* gjer greie for kva for metodisk tilnærming eg har valt i forhold til det empiriske materialet.

*Kapittel 5* er ein gjennomgang av det empiriske materialet. I denne delen av oppgåva vil kart og datamateriell frå kvar av hellerane setjast fram. Kapittelet er utgangspunktet for analysen og drøftinga av hellerbruken i Sunnhordland i eldre jernalder.

*Kapittel 6* er analysen av det empiriske materialet. Her vil eg gå gjennom emne knytte til intensitet og bruk. Det vil bli lagt vekt på generelle trekk ved hellerbruken

*Kapittel 7* er drøftingsdelen i oppgåva. Resultatet av analysen vert drøfta ut i frå eit samfunnsperspektiv, der det vil bli lagt vekt på sosial identitet og hellerane sin funksjon i samfunnet.

*Kapittel 8* koplur saman resultatane frå analysen og drøftinga og konkluderer i forhold til den aktuelle problemstillinga i oppgåva.

## 2. FORSKINGSHISTORIE

Då utgravinga av hellerar starta i siste halvdel av 1800-talet, vart det synleg at materialet kunne få stor innverknad på tolkinga av førhistoria. Resultatet vart auka arkeologisk merksemd. Allereie i 1910 listar Brøgger opp funn som knytte bruken av hellerar til eldre jernalder. Spørsmålet om av kven og korleis hellerar vart nytta har stått sentralt gjennom heile hellerforskinga. I dette kapittelet skal eg ta føre meg ulike tolkingar av hellermaterialet. Eg deler inn kapittelet kronologisk. Spørsmåla som danner problemstillinga i denne avhandlinga vil gå som ein raude tråd gjennom kapittelet.

### 2.1 Germanske jordbrukarar eller veidefolk?

I den kulturhistoriske perioden vart den materielle kulturen nytta til å definere ulike kulturar eller kulturgrupper, og kopla til rase eller folk (Olsen 1997). Teoriar knytt til etnisitet var vesentleg og mykje drøfta i forhold til hellerlokalitetane. Det vart sett opp to teoriar om kven det var som nytta hellerane. På den eine sida vert det argumentert for at hellerane vart nytta av grupper av menneske som hadde eit kulturgrunnlag og eit ervervsmønster som skil seg frå dei germanske gruppene i området, og at hellerfolket har hatt ein annan etnisk identitet. På den andre sida vert det postulert at det var ei germansk befolkning med jordbruk som hovuderverv som nytta lokalitetane. Denne diskusjonen vert kalla Kulturdualismedebatten (Bergsvik 2005)

Materialet frå Hestneshola på Hitra vert omtalt som eit overgangsfunn<sup>1</sup> (Pettersen 1910:48). T. H. Pettersen argumenterar for at det ikkje er dei jordbrukande gruppene med germansk identitet som nyttar hellerane. På same tid vart det likevel framheva at materiale frå fleire holer og hellerar synte ein dualisme, at både grupper med arktisk- og Skandinavisk kulturkrins nytta lokalitetane (Nummedal 1913:41; Pettersen 1917:11). A. W. Brøgger, på den andre sida, argumenterte for at beinreiskapane funne i hellerane var særskilt karakteristisk for yngre RT og FVT. Han hevda difor at hellerane ikkje var spor etter eit ikkje-arisk veidefolk (Brøgger 1910:21).

Samstundes som det var av interesse å kome nærare kven det var som nytta hellerane, var spørsmålet om aktivitetar også viktig. Tidleg vart det hevda at hellerane vart nytta som gøymestader. Lokalisering og murverk rundt inngangen vart viktige argument (Brøgger 1910; Indreliid 1997:134). I periodane yngre RT og FVT vart det her til lands bygd ei rad bygdeborger,

<sup>1</sup> Eit overgangsfunn er ein lokalitet der ein ser grupper som har eit erverv og kulturgrunnlag som skil seg frå det samtidige levesettet. Døme kan vere jernaldersgrupper som lever på steinaldervis.

noko som vitna om urolege tider. Haakon Shetelig oppfattar helleren på Strønen i Os kommune som ein gøymestad. Skjelletfunnet gjort under ein nedrasa stein vert tolka som eit resultat av ei ulykke (Shetelig 1917). Han såg føre seg at helleren har vore nytta som gøymestad for ein fredlaus (ibid:27). Også Pettersen tenkjer seg hellerane som gøymestader, og bygde under dette med materialet frå Haugshola på Leka (Pettersen 1917:12) og Hestneshola på Hittra (Pettersen 1910:46f). Det sparsame og primitive arkeologiske materialet, samt mengda bein vitna, i følge Pettersen, om at buplassen har vore provisorisk. Det vart argumentert for at kulturlaga synta at det ikkje var fast busetnad i hellerane, men heller resultat av gjentekne besøk (Bjørn 1914/15:4; Shetelig 1902:9). Bjørn Hougen argumenterte for at det provisoriske preget i hellerane botna i at dei var brukte som rasteplass og overnattingstad for reisande (Hougen 1922:103; Indrelied 1997:134). Brøgger hadde (1910) synt at det var særleg i dei kystnære hellerane det var spor etter bruk, så lokalisering i skipsleia vart teken til inntekt for bruk under transitt.

Den tradisjonelle oppfatninga vart at hellerane ikkje var faste buplassar, sjølv om Brøgger tidleg hadde hevda at dei tjukke kulturlaga i Skjonghellaren på Mørkekysten peika på fast tilhald (Brøgger 1910). Årsaka låg i resultatane frå utgravingane av Ruskeneset utanfor Bergen i 1918 og 1919. Shetelig la fram ei tese om at helleren hadde vore nytta som fangstasjon av bønder i den rolege perioden midt på sommaren (Brinkmann & Shetelig 1920). Tesen vart underbygd av faunamaterialet. Fangststasjonsteorien til Shetelig, som vart formulert på bakgrunn av steinalderfunna på Ruskeneset, vart overført til laga frå eldre jernalder, då bøndene i denne perioden var tenkt å drive ein blandingsøkonomi (Brøgger 1925:40f; Hagen 1983). Teorien vart raskt etablert som ei utbreidd oppfatning om hellerbruk i eldre jernalder (Olsen & Shetelig 1933; Bøe 1934). Gjendstandsfunna, og då særleg beinpilene, vart no tolka som fangstreiskapar og ikkje som våpen (Brinkmann & Shetelig 1920; Brøgger 1925). Etter dette vart det grave ut fleire hellerar, og materialet kunne lett gå inn i teorien til Shetelig.

Skipshelleren på Straume i Nordhordland vart undersøkt av Johs. Bøe i byrjinga av 1930-talet. Det vart funne tjukke busettingsspor i helleren. Særleg laga frå steinalderen fekk stor merksemd. Lag 2 vart typologisk datert til FVT på bakgrunn av spannforna keramikk (Bøe 1934). Bøe samanlikna laga og dei arkeologiske funna med Ruskeneset, og viste til at det arkeologiske materialet, med store mengder fiske- og fangstreiskapar, vitna om korte opphald i helleren (ibid:51). Bøe kopla materialet opp i mot ei jord brukande germansk gruppe. På same tid som utgravinga av Skipshelleren, grov Shetelig ut Setrehelleren. Funn av ein beinkam med innrissa runer fekk stor

merksemd (Olsen & Shetelig 1933). Ut i frå arkeologiske funn og faunamaterial, samt namnet på helleren, hevda Shetelig at også denne helleren kan ha vore ein fangstasjon nytta av jordbrukande germanske grupper. Beinmaterialet vart analysert av August Brinkmann, som konkluderer med at kulturlaget tyder på at lokaliteten vart mest nytta om vår og sommar (ibid:17). Sesongmarkørane i materialet frå Setrehelleren og Skipshelleren vart tolka som underbygging av fangstasjonteorien.

## **2.2 Naturvitskaplege modellar og økonomiske teoriar**

Den prosessuelle arkeologien og bruk av økofunksjonalistiske modellar, gjorde at sjølve bruken og intensiteten av hellerane vart vigd større merksemd; likevel vart dualismen framleis eit tema.

Anders Hagen argumenterte i si første utgåve av «Norges Oltid» frå 1967 for at det samstundes med dei germanske gruppene på Vestlandet, var ei veidebefolkning som oppheldt seg i hellerane (Hagen 1967:180f, 1983:328f). Hagen hevda at kulturgrunlaget og ervervsmønsteret til gruppene i hellerane skil seg frå gardane i nærleiken (Hagen 1983:329). Særleg gravforma vert sett på som eit prov på at det i hellerane levde ei gruppe med meir primitiv levemåte (ibid:332). Å gravleggje den døde i gravdynger blei nytta av fangstfolk i yngre steinalder og bronsealder, medan kremasjon var den dominerande gravskikk på Vestlandet fram til yngre RT (Solberg 2003:88).

I arbeidet med Ullshelleren i Røldal, analyserte Knut Odner det økologiske mangfaldet rundt helleren (Odner 1969). Ut i frå faunamaterialet i kulturlaget sette Odner opp modellar på avkastninga frå fangst og sanking i området. Faunamateriale vart artsbestemt av zoolog Haakon Olsen, som påpeika at det var mykje fugl i materialet, og at rypejakta, saman med rein- og harejakt, var eit vesentleg trekk ved ervervet (ibid:31). Spørsmålet om når på året hellerane vart nytta fekk stor merksemd. Odner, på den andre sida, opna for at hellerane kan ha vore nytta heile året, og at hellerfolka kan ha hatt bytterelasjonar med andre grupper i områda, der moglegheitene låg meir til rette for husdyrhald og åkerdrift (Odner 1969:89). Odner som var tilhengar av ei økonomisk - ikkje etnisk dualisme, såg i staden hellerbusetjing som eit resultat av den politiske segmenteringa av samfunnet som skjedde med opprettinga av høvdingdømme. Høvdingdømme vert ut i frå Service omtalt som ein sosial organisasjon som byggjer på ætta med ei sentral og autoritær leiing (Service 1971:169).

Bergljot Solberg gjennomførte i magistergradsavhandlinga si ein ny gjennomgang av materialet frå Skjonghelleren på Sunnmøre. Målet var å synleggjere busetnad som eit resultat av

samfunnsmessige faktorar (Solberg 1976:1). Solberg kom fram til at helleren kan ha vore i bruk gjennom heile året. Dei tjukke busetjingsspora støtta teorien om at mange menneske kan ha opphalde seg i helleren over lengre tid (Solberg 2003:73). Men det er ikkje tale om fast tilhald. I staden peika materialet, slik Solberg såg det, på ein sesong bustad, nytta sommar og vinter. <sup>14</sup>C-datering av husdyrbein daterte lag til FRJA (Solberg 1976, 2003:58). Solberg argumenterte for ei homogen befolkning på Vestlandet i eldre jernalder. Likskap i reiskapsmaterialet frå hellerane og opne buplassar, tolka Solberg som at det er bønder som nytta hellerane (Solberg 1976). Egil Bakka peika på vêrforholda når han argumenterte mot fast tilhald i hellerane (Bakka 1973:114). Det at det i mange hellerar ikkje er funne sikre spor etter vegg eller andre former for ly mot ruskevêr, gjorde at Bakka støtta seg til Shetelig sin fangsstasjonsteori, som går ut på at hellerane var nytta av bønder i sommarhalvåret. Teorien vert slik Bakka ser det, underbygd av namna på somme hellerar, som til dømes Setrehelleren, som i følgje Bakka syner den seterfunksjon hellerane kan ha hatt (ibid:112). Bakka tenkte seg ei etnisk homogen gruppe i eldre jernalder (1973). Også Olsen peika på bruk i sommerhalvåret (Indrelid 1997:60; Olsen 1976:133). Han gjennomgjekk faunamaterialet frå Skipshelleren i 1976, og peika på at artane tilstades i materialet synte ei allsidig ressursutnytting.

At hellerane vart brukte av eit primitivt folkeferd fekk ikkje stort medhald. Fleire meinte at dei sosiopolitiske spenningane som kom som følgje av innvandringa frå Sør-Skandinavia resulterte i at mindre ressursrike grupper vart pressa ut i perifere område. (Gjessing 1977:98; Odner 1973:156). Etter at Kristian Jansen analyserte eldre jernalder materialet frå Grønehellaren i Solund Kommune, vart teorien om ein økonomisk dualisme meir aktuell. Jansen argumenterer for to ulike befolkningsgrupper, der hellerfolka var ei gruppe som hadde fangst, fiske og litt husdyrhald som erverv (Jansen 1972:93). Men det var slik Jansen såg det, ikkje tale om grupper med ulik etnisk identitet. I staden var det økonomiske variasjonar som skilje gruppene frå kvarandre (ibid.). Jansen hevda at det ikkje var noko skarpt skilje mellom fangstfolk og bønder (ibid:95). Han fekk medhald frå Guttorm Gjessing (Gjessing 1977:98). Irmelin Martens presiserte at det kan ha vore to ulike befolkningsgrupper i eldre jernalder, men at hellerbusetnadane også kan passe inn i ein blandingskultur (Martens 1973:98). Også Indrelid såg bort i frå at helleren skal ha vore nytta av grupper med ein anna etnisk identitet enn bøndene i eldre jernalder. Dei tjukke kulturlaga kan, hevdar Indrelid, lett mistolkast som spor etter fast busetnad. I staden hevda han at avsetninga ein finn i hellerane har vorte bygde opp etter mange korta vitjingar av meir eller mindre tilfeldig karakter (Indrelid 1997:137). Han avviste at det er folk frå lågare sosial lag som nyttar hellerane, og

peika på at gjenstandfunna i hellerane syner det motsette, rikdom og høg standard (ibid:136).

### **2.3 Ikkje berre praktisk bruk?**

Hellerane har for det meste vorte drøfta ut i frå eit praktisk perspektiv. Ressursane som var tilgjengelege i områda kring hellerane vart sett på som den viktigaste faktoren til kvifor helleren vart nytta. Postprosessuell tilnærming til hellermaterialet har dei siste ti åra opna opp for teoriar om at hellerane også kan ha hatt ein religiøs funksjon. Lokaliseringa av hellerane har blitt nytta for å underbyggje ei slik tolking. «Naturlige stader» i landskapet ser ut til å vere eit vesentleg trekk ved den religiøse utøvinga i FRJA (Fabech 1991; Hedeager 1992, 2001; Solberg 2003). Somme har argumentert for at det har vorte utført overgangsriter, der ein går inn i ein liminal sfære i hellerane (Todnem 1999). Teorien om at hellerane kan ha blitt sett på som portar til underverdene har vorte fremja. Det kan ha vore utført ritual i hellerane som skulle setje vedkommande i kommunikasjon med desse åndelege kreftene. Det er funne fragmenterte skjelet i til saman 23 hellerar i Sør-Noreg (ibid:103). Dei fleste av desse er funne i lag frå eldre jernalder. Det har vorte foreslått at hellerane kan ha vore kultstader, og at dette er orsaka til at ein finn eit så fragmentert beinmateriale i hellarkontekstane (ibid:111). Dommasnes (2006, 2009) koplar gravene i hellerane til funn av gravfelt i nærleiken av hellerane. Dette gjeld for holene og hellerane på Sunnmøre. At nokre av hellerane berre har vore nytta i rituell samanheng vert argumentert ut i frå svært sparsamt materiale. Døme på dette hentar Dommasnes frå Rønstadhellaren, der det berre er funn ein beinkam i tillegg til faunamateriale. Beinkammen kan i følgje Dommasnes koplast til overgangsriter (Dommasnes 2009:41). Også Barndon har peika på den rituelle bruken av hellerar. Ho ser funn av slag som indikatorar på at det har vore metallurgisk aktivitet i hellerane. Barndon argumenterer for at smeden kan ha hatt ein rituell funksjon i jernaldersamfunnet, og at sjølve framstillinga av jern vart sett på som ei magisk handling, då smeden i eldre jernalder vart sett på som ein rituell spesialist, som kunne transformere og skape ved hjelp av elden (Barndon 2005).

### **2.4 Samandrag:**

Heilt attende til 1800-talet har det vore utført undersøkingar av kulturlaga deponerte i hellerane. Kulturdualismedebatten og drøftinga om det var germanske jordbrukande grupper eller menneske som levde på "steinaldervis" som nytta hellerlokalitetane, har gått som ein raud tråd i hellerforskinga. Særleg var denne debatten aktuell i den kultuhistoriske perioden. Det vart føreslått ei rekkje bruksområder for hellerane, men då Shetelig la fram fangsstasjonsteorien, vart denne fort



utbreidd som den mest aktuelle oppfattinga av hellerbruk. At bønder med germansk etnisitet hadde nytta hellerane under rolege periodar om sommaren kunne enkelt koplast til materialet frå ei rekkje hellerar som ble utgrave i byrjinga av 1900-talet. På 1960-talet skjedde det ei dreining til å fokusere meir på korleis hellerane vart nytta. Den prosessuelle tilnærminga gjorde at det særleg var den funksjonelle bruken av hellerane som fekk størst merksemd. Det vart lagt særleg vekt på faunamaterialet og dei økonomiske aspekta ved hellermaterialet. Om det var snakk om bufaste grupper eller om hellerane berre vart nytta som sesongbustader vart sett på som avgjerande i forhold til spørsmål om etnisitet. Hagen argumenterte for to separate etniske grupper, men møtte kraftig motstand frå fleire hold. Fleire meinte at det hadde vore ein homogen befolkning på vestlandet i eldre jernalder og det vert peika likskapen i materialet frå buplassane til bøndene og i hellerane. At den sosiale differensieringa som fann stad med etableringa av høvdingdømme skal ha pressa mindre ressurssterke grupper ut i perifere område vert lagt fram som eit alternativ. Samstundes vert materialet kopla opp i mot ein økonomisk dualisme. Postprosessuell tilnærming til hellermaterialet har dei siste tiåra opna opp for at hellerane òg kan ha hatt ein religiøs funksjon. Lokalisering vert sett på som eit vesentleg trekk ved den rituelle bruken av hellerane. Oppfatning om at det i jernalderkultur var lagt særleg vekt på liminale rom, grenseområde der menneske og makter kunne kommunisere koplar hellerane til denne rituell bruk.



Fig.1: Landskapet rundt Setrehelleren. Møte mellom knausar og hav. Foto: V.F. Bakka 2007

### 3. TEORiar OM SAMFUNN I ELDRE JERNALDER

Hellerforskinga synte at hellerane har vore relevante i forhold til spørsmål om økonomi, erverv, sosial organisasjon og rituelle aktivitetar. Det vil i dette kapittelet derfor vere viktig å greie ut om kva som er dagens status for dei omtalte områda, og eg deler difor kapittelet inn i tre

- 1) busetnad og ressursutnytting
- 2) sosial organisasjon
- 3) rituell bruk av landskapet

Kvart av områda vert gjennomgått kronologisk, for på den måte å sjå på korleis samfunnet forandra seg gjennom eldre jernalder.

#### 3.1 Busetnad og ressursutnytting

Grunna lite arkeologisk materiale vart FRJA lenge tolka som ei krisetid. Nye arkeologiske metodar som flateavdekking, samt vegetasjonshistoriske undersøkingar, syner tvert imot ei periode med nyridding og større utnytting av landskapet (Myhre 2002:76f; Solberg 2003:56). Gjennom flateavdekking har kjennskap til byggjeskikken i perioden vorte betre. Det er eit generelt trekk ved den tidleg jordbruksbusetjinga å setje opp treskipa langhus, som var funksjonsdelte hus med ulike rom for menneske og dyr (Hedeager & Tvarnø 2001, Diinhoff 2005; Solberg 2003). Det er registrert mindre bygningar i tilknytning til langhusa. Desse har blitt tolka som verkstader (Diinhoff 2005). Enkeltgardsbusetjing ser ut til å vere vanleg (ibid:117). Funn av gardar med meir enn eitt hus innanfor ein innhegning kan vitne om storgardar. Driftsforma med åkerbruk og dyrehald gjorde bøndene meir bufaste, og jordforbetring og gjødsling la til rette for å oppretthalde ei meir permanent dyrking (Hedeager & Tvarnø 2001:108, Solberg 2003:57). Åkrane nær busetnadane vart intensivt kultivert, medan utmarka i nokre tilfeller har vorte ekstensivt kultivert (Diinhoff 2005). I tillegg har utmarksressursane som jakt, sanking og fiske truleg inngått i ein blandingsøkonomi.

Det arkeologiske materialet vitnar om ei utvikling mot ein meir individuell og ulik tilgang til jorda mot slutten av FRJA og ut over RT. Gardane var ikkje lengre like store. Busettingane vart meir permanente og bygningane vart organiserte rundt eit tun, omgitt av inngjerda åker- og sletteområde (Myhre 2002). Frå 200-talet var det vanleg at garden besto av to hus; ein hovudbygning og ein bygning nytta som lager eller til handverk (Lund 2007). Den fullt utvikla garden vart etablert

(Myhre 2002). Fleire husdyr gav meir gjødsel og høve til å dyrke meir land. Auken i storleiken på garden, førte til at ein trong ei større arbeidsmengd for å halde oppe produksjonen, og fleire menneske kan difor ha vorte involverte i drifta (Hedeager & Tvarnø 2001:108). Resultatet vart at dei store gardane kan ha fått eit overskot. Overskotet kunne omsetjast i festar og gjestebod, seremoniar som bidrog til å underbygge leiaren si prestisje og styrke vedkommande sin posisjon i samfunnet (Solberg 2003; Skre 1999:415). Stormannen/høvdingen fekk høve til å underhalde eit følge av menn som kunne nyttast til å fremje leiaren og hans økonomiske interesser. Fangststasjonar kan ha vorte meir utnytta for å kunne skaffe byttevarer, som huder, skinn og bein, for på den måten skaffe ”valuta” for høvdingane her heime (Hagen 1983:316; Solberg 2003).

Busetnadene i RT og FVT var svært like. Det var i somme strøk var det eit meir landsby liknande preg over organiseringa enn kva tilfelle var med FRJA (Solberg 2003). Noko som tyder på at det var relativt tett befolkning og at også marginale område vart utnytta til jordbruk. På 300-talet vert det på dei store gardane introdusert eit tredje hus: hallen (Lund 2007:15). Funnmaterialet frå hallen vert dominert av eksklusive gjenstandar som glassbeger og importert keramikk. Behovet for eit offentleg rom til oppgåver knytt til leiing, avtale og religion, kan tyde på at samfunnet vart meir stratifisert (Løken 2001). Dette kan ha ført til at fleire vart knytte opp i mot storgardane. Eit lite mindretal av befolkninga vart hauglagt, noko som kan syne eigedomstilhøva i perioden (Solberg 2003). Kontroll over ressursane og spesialistproduksjonen var truleg styrt av stormen eller høvdingar. Utmarksressursane fekk truleg ein større rolle i samfunnet i RT og FVT, då produkta frå jakt, fangst og fiske blei kanalisert inn til leiarane gjennom eit redistributivt system og omsette i prestisjevarer (Hedeager & Tvarnø 2001; Odner 1973:153). Fordelaktig plassering av jordgods var difor avgjerande for kor stor overskotproduksjon stormenna kunne opparbeide (Kristoffersen 2000:42).

### **3.2 Samfunnsorganisasjon**

Introduksjonen av jern førte ikkje berre med seg høve til å rydde nytt land; det førte òg til ei ny maktfordeling i samfunnet. Eliten, som i bronsealderen hadde stått så sentralt, miste grunnlaget for å oppretthalde den sosiale posisjonen sin (Solberg 2003:65). Dette kjem særleg til uttrykk i gravmaterialet frå perioden. Medan gravene i bronsealderen var av monumental karakter, ser ein i FRJA meir enkle graver utan særlege markeringar. Den sosiale stratifiseringa som ein tenkjer seg har vore i FRJA kjem ikkje til syne i gravmaterialet frå perioden, men kan sjåast i busetnadspora (Diinhoff 2005:118). Perioden vert, ut i frå kjeldekategoriane, rekna for å vere ein meir egalitær periode enn kva tilfelle er i resten av eldre jernalder (Bergsvik 2006:126; Solberg 2003:65; Myhre

Det er sett opp to modellar for korleis samfunnet i RT kan ha vore organisert. På den eine sida vert det argumentert for at det vestnorske samfunnet var organisert i høvdingdømme; hierarkiske samfunn der koordineringa av økonomiske, sosiale og religiøse aktivitetar var avgjerande for oppretthalding av samfunnstrukturen (Myrhe 1987; Odner 1973; Solberg, 2003:87).

Høvdingdømme-modellen har røter i sosialantropologi, og har ei strukturfunksjonalistisk oppfatning av samfunnet (Kristoffersen 2000:30). I eit samfunn der den politiske og økonomiske makta vert samla hos høvdingar og stormannsslekter, vert det etablert eit underordna sjikt av frie bønder og personavhengige leiglendingar og ei stor gruppe trølar (Myhre 2002:118). Spesialisering var ein vesentleg faktor i det hierarkiske samfunnet, og økonomisk spesialisert busetnad utnytta territoria maksimalt (Odner 1973). Kontroll over ressursane, gav det leiande sjiktet høve til å oppretthalde den sosiale posisjonen sin. Overskotsproduksjonen blei kanalisert til sentra kontrollerte av høvdingen. Derfrå vart produkta vidareformidla til befolkninga eller konverterte til prestisjevarer (Hedeager & Tvarnø 2001 ;Odner 1973:153; Myhre 1987:184f).




Fig.2: Modell for det redistributive systemet. Etter Myhre 1987

Den andre modellen vert omtalt som personforbund-modellen (Hedeager & Tvarnø 2001). Historiske analogiar kopla saman med det arkeologiske materialet, står sentralt i denne tolkinga (Kristoffersen 2000:32). Krigføring og kontroll over menneske, gjennom gåveutveksling og alliansar, var vesentlege trekk ved samfunnsorganiseringa (Hedeager & Tvarnø 2001). Det må presiserast at Hedeager skriv om danske tilhøve, og ulikskapar må takast høgde for. Stamma vart definerte ut i frå sosiale og politiske forhold meir enn territorielle og biologiske forhold, noko som gjorde at personar og grupper kunne skifte etnisk tilhøyrse (Solberg 2003:163). Det oppstår sentra der elitegrupper etablerer seg, og ein finn i romartida ein rekke graver som merkjer seg ut med sine rangsymbol. Store gravfelt, som Store-Dal, Hunn og Borge, viser rikt utstyrte graver, som peiker mot tette band til Sør-Skandinavia. Det differensierte materialet har gjennomgåande vorte teke som prov på at det utviklar seg eit sterkt lagdelt samfunn i RT (Hedeager & Tvarnø 2001; Solberg 2003). Ynskje om kontroll over område og ressursar, kan ha gjort at samfunnet vart prega av stadige maktkampar mellom ulike krigsherrar. Små gardar var underlagt storgarden, og stormenna etablerte ein elite som fekk høve til å auke sin sosiale posisjon gjennom innkrevjing av naturalia (Hedeager & Tvarnø 2001:111). Funn av graver med særskildt rikt gravgods, særleg funn av gullringar, kan vitne om personar med større rikdommar. Rangsymbol vart nytta til å reflektere status, og funn av hals- og armringar i gravmaterialet frå Avaldsnes syner at ein i området rundt Sunnhordland hadde personar med stor økonomisk og politisk makt (Solberg 2003).

For å kunne oppretthalde kontroll over områda, etablerte stormennene seg i eit krigararistokrati. Aristokratiet var avhengig av innkrevjing av naturalia for å kunne oppretthalde posisjonen sin, og mykje tydar på at krigarideologien var med på å underbygge og oppretthalde den maktfordelinga ein finn, særleg i det Sør-Skandinaviske samfunnet i RT (Hedeager & Tvarnø 2001). Våpenggravene kan gjenspegle den krigarideologien som gjennomsyra samfunnet (ibid:111). Kampen om å tileigne seg rett til land, kan vere mykje av orsaka til at ein i RT dyrkar krigaren. Den aukande rivaliseringa kan resultert i etablering av fleire bygdeborgar (Solberg 2003:75). Kretstuna, som det også er mange av i perioden, kan ha husa dei faste menn til høvdingen, samt mannskapet som kunne mobiliserast til handelsferder og krigartokter (ibid:118). Både bygdeborgene og kretstuna avspeglar ein samfunnsorganisering der ein har trong for vern, eit samfunn der ein ikkje har langvarige og stabile hegemoni.

Høvdingdømmemodellen legg vekt på teknologisk, økologisk eller økonomisk determinisme, medan personforbund-modellen støttar seg til funksjonalismen og samfunnsteoriar med marxistiske

idear om konfliktteori. Vektlegging av symbolske uttrykk og ideologi, og har sitt opphav i den postprosessuelle retninga (Kristoffersen 2000:33). Ein kombinasjon av desse to modellane kan gje ei breiare forståing av samfunnet i eldre jernalder, ved at ein har ulik tilnærming til dei samfunnsmessige faktorane (Pilø 2005:20). Dette gjer at ein kan få ei meir finkorna forståing av det arkeologiske materialet.

FVT er ein periode då det skjer omfattande forandringar i Europa. Nye kongerike vart etablerte, og folkevandringane førte til djuptgripande samfunnsendringar. Samfunnet gjekk i frå eit stammesamfunn til utvikling mot tidleg statsstruktur (Kristoffersen 2000:37). Dei germanske stammene vart leia av ein konge (Hedeager & Tvarnø 2001:113; Solberg 2003:125). Kongen hadde ikkje berre makt over land og folk, han stod og som ein mellommann mellom gudar og menneske, og var difor rekna for å ha guddommeleg avstamming. Nedbrytinga av den slektsbaserte strukturen gav høve til personleg initiativ utanfor slekta (Kristoffersen 2000:42). Samfunnet var difor prega av ustabile maktforhold, der det var dei personlege relasjonane som skapte ein viss form for kontinuitet (ibid:37). Konflikt om tilgang og bruk av ressursar og kommunikasjonslinjer, må sjåast i relasjon til konkurransen om gode plasseringar i alliansenettverka (ibid:39). Ekteskapsalliansar gjorde det mogleg å skaffe seg allierte som kunne byggje opp under stillinga til den enkelte og sikre transport av menneske og varer (Solberg 2003).

Den militariseringa som starta i RT fekk truleg større rotfeste i FVT. Det nye aristokratiet som etablerte seg på 200-talet, var bygd opp rundt ein jordeigande klasse der medlemmane gjekk inn i personlege relasjonar og alliansar. Truskapseidar og gåveutveksling var vesentleg i oppretthaldinga av strukturen (Hedeager & Tvarnø 2001:144). Då ein i FVT ser ein nedgang i importerte gjenstandar i gravene, og i staden finn flott utarbeidd lokalt produsert handverk, kan mykje tyde på at gåveutvekslinga skjer horisontalt, mellom likeverdige, etablerte alliansar (Kristoffersen 2000:43). Det kan difor tenkjast at ein i denne perioden har ein godt etablert alliansepolitikk i vårt område.

### **3.3 Rituell bruk av landskapet**

Bruken av landskapet ser ut til å vere ein vesentleg del av den religiøse utføringa i FRJA (Fabech 1991; Hedeager 1992, Hedeager & Tvarnø 2001; Solberg 2003). Særleg funna i Sør-Skandinavia har stått sentralt i tolkinga av dei rituelle tilhøva i eldre jernalder (Fabech 1991; Hedeager 1992; Hedeager & Tvarnø 2001). Ritual er her definert som «faste, gjentekne, symbolske handlingar, som er uttrykk for kommunikasjon med maktene» (Steinsland 2005:262). Rituell kommunikasjon er

bygd på tradisjonar, og gjennom repetisjon vert ein handling rituell (Hedeager 1992:78). Stader der ritual vert utført vert definert som ein heilag stad (Steinsland 2005). Rituala kan oppfattast som ein overgang, og markerer grensa mellom det profane og det heilage, det guddommelege og det menneskelege (Hedeager & Tvarnø 2001:206). Rituala vart utførte i område som kan oppfattast som liminale, til dømes grensesona mellom vatn og land. Den liminale fasen er stadiet der ein oppløyser dei etablerte kategoriar og sosiale former, ofte ved hjelp av symbol (ibid). Nedlegginga i våtmarksområda, kan vere alt i frå store kollektive våpenofringar, til individuelle nedsetjingar av leirkar, mat, dyr eller personleg utstyr. I Danmark er materialet frå myrofringane særleg rike (Fabech 1991). I Noreg er det funne restar etter menneskeofringar i eit myrområde i Hedmark (Solberg 2003:63), noko som kan indikere ein liknande bruk av landskapet i vårt område (ibid:43).

I RT er det ei vidareføring av ofring i våtmarksområder. Framleis ser det ut til at det er dei liminale områda som vert nytta. Funn av skjelet i hellerkontekstar vert tolka som graver, og er sett i samanheng med overgangsriter, som kan ha vorte gjennomførte i hellerane (Todem 1999). Barndon ser ein kopling mellom funn av slag i hellerkontekstar og rituell aktivitet (Barndon 2005, 2009). Ho tenkjer seg at smedane i jernalderen har hatt ein rituell funksjon i samfunnet. Frå RT har ein i Danmark myrofringar i Nydam der det utelukkande er lagt ned våpen, og då særleg sverd (Fabech 1991:215). Sverdet var truleg tillagt ei rekke eigenskapar utanom å vere eit våpen, som symbol på makt, rikdom og innflytelse (ibid:215). Rituala kan difor underbyggje teorien om eit samfunnet der krigarideologien har stått sentralt.

I FVT vert dei rituelle aktivitetane flytta frå våtmarksområda og dei liminale områda, inn i hallen. Dette skjer i overgangen mellom RT og FVT (Solberg 2003). Denne prosessen kan ha starta allereie på 300-talet, då ein finn dei første hallane. Myrofringane forsvinn likevel ikkje i materialet (Fabech 1991; Hedeager & Tvarnø 2001, Solberg 2003:135). Rundt 400-talet dukkar nye religiøse uttrykk opp; guldbrakteater. Brakteaterne er funne både i våtmarksområde og på tørt land (Fabech 1991:288). Aristokratiet i FVT hadde truleg tilstrekkeleg makt til å institusjonalisere ein offerpraksis der ein gjekk bort i frå dei eldgamle tradisjonane med nedlegging av offer i våtmarksområda (ibid.).

Samfunnet i eldre jernalder går gjennom ein organisatorisk endring frå overgangen frå FRJA og RT. Det meir stratifiserte samfunnet i RT og FVT gjorde at ressursbruken kan ha vore meir organisert i RT og FVT enn kva tilfelle var i FRJA. I drøftingsdelen i denne oppgåva skal eg sjå på kva for

funksjonar hellerane har hatt i samfunnet i eldre jernalder. Samstundes skal eg drøfte kva for etnisk identitet menneska som oppheldt seg i hellerane hadde. Samfunnsteorien kring eldre jernalder samfunnet vil vere viktig i forhold til drøftinga av baa spørsmåla.



## 4. METODE

Forskingshistoria synte ei rad spørsmål som ein har forsøkt å kome nærare gjennom materialet frå hellerane. Når hellerbruken skal analyserast både ut i frå arkeologiske gjenstandar og faunamaterialet, er det fleire metodar som kan betre materialet sitt informasjonspotensial. I denne delen av oppgåva skal eg gå gjennom korleis eg har arbeidd med det empiriske materialet, og kva for metodiske val eg har gjort for å kome fram til korleis eg har tilnærma meg problemstillinga i oppgåva. Eg startar med å sjå på dateringsmetodar. Vidare går eg gjennom korleis eg arbeidde for å komme fram til analyseiningar som inngår i oppgåva. Deretter går eg gjennom metodar knytte til det arkeologiske materialet og faunamaterialet.

### 4.1. Datering av lag

#### 4.1.1. $^{14}\text{C}$ -datering

I Kobbhammarskleiva, Kuhidlaren og Geitalemen var det allereie teke ut  $^{14}\text{C}$ -prøver til datering. Tidlegare datering av lokalitetane vil inngå i oppgåva. For å teste stratigrafien, valte eg å sende inn om lag 3 prøver frå kvar av lokalitetane. Fleire prøver gjev sikrere grunnlag for datering. Eg har nytta meg av AMS-metoden i mitt prosjekt. Fordelane med AMS-metoden er at ein kan teste små mengder materiale over eit mindre tidsrom, i motsetning til den konvensjonelle metoden som krev større prøver og bruker lengre tid på prosessen (Holdaway 2006:121). Dateringane er utgangspunkt for den vidare tolkinga av faunamaterialet og det arkeologiske materialet, og vil vere med på å underbygge valet av dei laga eg skal tolke.

Sjølv om ein kan oppfatte  $^{14}\text{C}$  metoden som absolutt, så har også denne metoden feilkjelder. Det kan oppstå systematiske feil som til dømes forureining av prøvene. Med utgangspunkt i ein antatt datering av laget, ut frå arkeologiske dateringsmetodar og stratigrafisk tolking, tok eg i samarbeid med Anne Karin Hufthammer ut bein for  $^{14}\text{C}$ -datering. Eg har sendt inn bein frå landlevande pattedyr for å unngå *reservoir-effekten*, som går ut på at marine pattedyr og fisk vil ha eit høgare  $^{13}\text{C}$  innhald i beinmassane, då havet verkar som eit drivhus under vatn som samlar opp karbon som kjem frå den kosmiske strålinga. Om ein likevel vel å nytte marine artar må ein trekkje i frå om lag 400 år på prøveresultatet (Reimer & Reimer 2001:461f; Stuvier et.al. 1986: 980f). Eit anna problem er at halveringstida på  $^{14}\text{C}$ -atoma vert sett til 5570 år, sjølv om nedbrytinga skjer tilfeldig. Ved hjelp statistiske metodar har ein kome fram til at det er standard avvik for eit måleresultat. I 68 av 100 tilfelle vil sann verdi ligge innanfor området gitt av +/- 1 standard avvik (Gulliksen 1974:13; Laboratoriet for radiologiske dateringar 1994).

#### 4.1.2. Klassifisering og datering av det arkeologiske materialet

Det arkeologiske materialet er sett opp i mot allerede etablerte kronologiske rammeverk. Eg har gjort ei sjølvstendig vurdering av funna ved DKS ved Bergen Museum. Det arkeologiske materialet vart nytta som ein del av den absolutte datering, då nokre av funna var av den karakter at dei etablerte typologiane gjev klare dateringsindikatorar. Dette gjeld keramikk ( Bøe 1931; Engevik 2007; Shetelig 1902; Solberg 2003), spenner (Almgren 1923), kammer (Gregor 1985) og pilespissar (Brøgger 1910).

#### 4.1.3 Strandlinedatering

Gjennom førhistoria har havnivået endra seg. Havnivået var i jernalderen noko høgare enn i dag. Årsaka til dette var isavsmelting og landeheving grunna trykkforskjell på jordoverflata. Det er utarbeidd ei standlinekurve for mitt område. Kurva syner når lokalitetane har vore under vatn og difor ikkje kan ha vore i bruk. Eg bruker kurva frå Kobbhammarskleiva.




Fig 3. Strandforskyvningskurve for Kobbhammarskleiva (Kaland 1984; Lohne 2006; Romundsett 2005; Vasskog 2006)

## 4.2 Utval av analyseiningar

For å kunne tolke materialet samla inn under utgravingane, måtte eg finne fram til dei laga som kan ha vore deponerte i eldre jernalder. Dette arbeidet har vore tidkrevjande, men særst viktig. Eg starta med å gå gjennom rapportar og teikningar. Mykje av tida gjekk med til å finskrive rapportane, som for ein stor del er handskrivne sider. Då eg skulle velje ut kva for analyseiningar eg skulle ha med i oppgåva, var det viktig å gjennomføre ein vertikal kontroll og stratigrafisk analyse av dei ulike lokalitetane. Eg har gjennomgått den stratigrafiske oppdelinga som vart sett opp under utgravingane. Det var viktig å gå kritisk igjennom kvart av laga, sjå på skildringa av dei og kva funn som låg i dei ulike laga. Daterande funn i laga var av særleg interesse. Profildeikningar og rapportar lag grunnlaget for val av lag som var aktuelle for  $^{14}\text{C}$  datering. Datering av laga er utgangspunkt for kva for materiale eg har valt å ta med i denne oppgåva.

For å velje ut kva for ruter eg skulle ta med i analysen, gjennomførte eg ein horisontal kontroll over lokalitetane. Planteikningane var avgjerande for valet av kva for ruter som var sikre å ta med i analysen. Eg har valt å forholde meg til den midtre delen av hellarane og utelate perifere ruter, samt alle ruter utanfor dråpefallet. Fare for samanblanding av lag var bakgrunnen for valet. Særleg for faunamaterialet er det viktig å vere sikker på at eg forhold meg til dei same laga over heile feltet, då desse i liten grad kan daterast direkte.

## 4.3. Faunamaterialet

I denne avhandlinga er faunamaterialet ein sentral del. Eg har ikkje gjort ein sjølvstendig analyse av beinmaterialet, men teke utgangspunkt i lister utarbeidd av zoologisk avdeling ved Bergen Museum. Eg har talt opp beina frå kvar av lokalitetane. Eg har sett beina i grupper (pattedyr, fisk eller fugl) og fått ein oversikt over kva for artar som ligg i materialet. Vidare har eg gått gjennom gruppene og sett på korleis artane fordeler seg på laga på dei ulike lokalitetane. Fragmentering gjer at enkelte bein berre vert sett til gruppe og ikkje kan identifiserast til art/familie.

Eg har nytta meg av NISP-metoden (Number of Identified Specimens). Metoden går ut på å summere det totale mengda identifiserte fragment for kvar art. Dei kvantitative verdiane som då kjem fram vert tenkt å representere det relative mengdeforholdet artene i mellom (Lyman 1994:304; Solli 1988:123). Metoden har sine svake sider, då det i dei fleste tilfella er umogleg å kontrollere om fragmenta kjem frå eitt eller fleire individ (Solli 1988:124). Dette problemet kunne eg ha

unngått med å bruke MNI-metoden (Minimum Number of Individual), ein metode som går ut på å identifisere kva for side av individet det aktuelle beinet tilhøyrrer (Solli 1988:125; Lyman 1994:100). Men då materialet eg skal analysere er svært fragmentert, vert det vanskeleg å identifisere eit bein til høgre eller venstre side. V-metoden, der vekt gjev kvantitative verdiar som relatert til kjøttvekta av individet kan avgjere kor mange individ det er tale om, var og vanskeleg å nytte grunna datatekniske problem med å setje resultat opp i mot kvarandre. Ved å nytte NISP-metoden får eg høve til betre samanlikningar enn kva tilfelle hadde vore med V-metoden (Solli 1988:12).

I forsøket på å skape eit bilete av buplasstillhøva ut i frå beinmateriale kjem ein borti fleire feilkjelder. Det er eit problem at det under dei eldre utgravingane ikkje vart nytta såld. Store beinmengder, då i særleg grad mindre fragment, vart då liggjande att i avfallsmassane. Artslistene er difor baserte på beina som vart selektivt samla inn. Dette gjeld for Osterbakkjen, Setrehelleren og Kuhidlaren. I motsetnad er det nytta såld i Kobbehammarskleiva (Anfinset 1995). Såld med 2 mm maskevidd gjev eit betre representativt bilete for fisk. Dette gjeld både fordelinga av dei ulike fiske artane og forholdet mellom fisk og fugl/pattedyr. Ei anna feilkjelde er at materialet kan ha vorte sterkt redusert og forandra under opphaldet i jorda. Nokre bein løyser seg raskare opp enn andre, og artar kan difor vere underrepresenterte. Mykje smånagarar og mus på lokaliteten kan gjere at laga vert omrota. Eg må ta høgde for feilkjeldene når eg analyserer faunamaterialet.

Ved å kople saman dei stratigrafiske opplysningane med faunamaterialet frå dei ulike laga, kan eg finne fram til sikre kontekstar, som gjev høve til ei sikrere tolking. Ei stor mengde av dei innsamla beina er utan kontekst, og kan ikkje nyttast i ein komparativ analyse mellom laga. I dette materialet ligg storparten av fiskebeina som er henta inn frå hellerane. Dette gjer at eg ikkje får høve til å ta med fisk i analysen frå somme hellerar. Likevel kan ein, ved å sjå på kva artar som ligg i materialet, få eit visst inntrykk av kva for fiskeartar som vart nytta i eldre jernalder. I forhold til utnytting av fiskeressursane vil Kobbehammarskleiva vere viktigast, då fiskematerialet frå denne helleren er stort og variert, og samstundes samla inn med moderne metodar.

I kvar av hellerane har eg sett opp figurar knytte til beinmaterialet. Eg startar med å sjå på korleis materialet fordeler seg på dei ulike laga som er med i analysen, for å seie noko om lengda og

intensiteten på opphalda. Det vil vere av interesse å spore eventuell forandring over tid. Etter å ha gått igjennom fordelinga, vil eg å sjå på kva for artar som er i materialet. Artane kan gje viktig informasjon ikring erverv, sesong og spesialisering. Analysen av dei ulike tabellane kvar for seg og sett i samanheng, vil kunne gje eit detaljert økonomisk bilete av hellerane. Ressursutnyttinga vil kunne setjast inn i eit sosialt perspektiv, som igjen kan peike på kven som nytta lokalitetane. Faunamaterialet har difor viktig informasjon kring sosiale og økonomiske strukturar i eldre jernalder



Fig.4: Anne Karin Hufthammer og Camilla Bommen er i magasina ved Naturhistoriske samlinger. Bergen Museum. Foto: I. D. Heierland 2007



## 5. PRESENTASJON AV DET EMPIRISKE MATERIALET

Eg skal i dette kapittelet gå gjennom det empiriske materialet som skal danne grunnlag for analysen og drøftinga av bruken av hellerne i Sunnhordland i eldre jernalder. Hellerane vert presenterte kvar for seg for å gjere det oversikteleg. Eg byrjar med å sjå på naturmiljøet lokalitetane ligg i. Vidare går eg gjennom utgravinga og prosessane som førte fram til det innsamla materialet. Stratigrafiske opplysningar og datering av lag vert viktig, då desse faktorane var avgjerande for val av analyseiningar. Eg går gjennom det arkeologiske materialet og faunamaterialet, og presenterer det gjennom bruk av tabellar og figurar. Det vert lagt fram plan- og profildeikningar.




Fig 5: Kart over Hordaland. Fordeling av hellerane i Sunnhordland.

1: Osterbakkjen 2: Setrehelleren 3: Kobbhammarskleiva 4: Kuhidlaren 5: Geitalemen

## 5.1. OSTERBAKKJEN

Helleren ligg i ytre fjordstrok på garden Folderøyhamn (gnr 36 bnr 1) i Bømlo Kommune. Han ligg 6.35 m.o.h. Han ligg nær sjøen i ei lun vik, og hamneforholda er gode. I Folderøyhamn har det i historisk tid vore ei hamn som vart nytta for reisande langs leia. Funnområdet ligg i dalen mellom Folderøyvatnet og Folderøyhamn, som er ei flat slette dekt av gras som strekkjer 160 m i austvestleg retning. Denne sletta låg under vatn i eldre jernalder og var truleg eit godt eigna område til å fange krabbe og sanke skjel. Helleren var strandbunden i eldre jernalder. Helleren er om lag 2 m og er på det lengste om lag 10 m til saman ei overflate på om lag 25m<sup>2</sup>. Tilgangen til helleren er god, det er lett å kome dit både frå land og sjø. Krokavatnet ligg om lag 500 m nordvest frå helleren. Berget rundt Folderøyvatnet fell bratt ned i vatnet, og gir god tilsig av ferskvatn. Det er i dag fleire kjende gode fiskeplassar utanfor Folderøy og Rubbestadneset. Her er det ei rekkje små øyer og god straum i sjøen, som gjer området godt eigna til fiske. Til dømes ville Folderøyholmen berre 0,2 nautiske mil utanfor helleren ha vore ein særst gunstig plass for fiske av pale, sei, brosme, berggyllt. Det er godt kjend blant lokalbefolkninga både på Bømlo og Stod at dette er ein god fiskeplass. Området rett aust for holmen ligg i dag på 10 m djup. Djupna rett utanfor ligg i dag på 129 m. Krabbefangst kan ha gitt gode resultat då det langs berget ut mot leia er tjukt med rur. Selevikneset 3 nautiske mil nordaust for helleren kan ut i frå namnet peike på at det her var sel i gammal tid. Det ligg ingen sikre gardar frå eldre jernalder nærare enn om lag 7,5 km sør-vest for helleren. Det er funne ei grav frå eldre jernalder på garden Fylkesnes.



Fig.6: Osterbakkjen i dag. J.O. Bommen og V. F. Bakka i helleren. Foto: Bommen 2007.





Fig 7: Osterbakkjen ligg litt til høgre for midten av bilete. Foto: Bergen Museum.



Fig.8: Under utgravinga av helleren i 1927. Foto: Bergen Museum.



### 5.1.1 Utgravinga

Helleren vart oppdaga av Bøe i 1924 som same året gjorde eit prøvestikk. Funn av skjel, særleg østers, samt ein del bein gjorde at helleren vart graven ut i 1927 og 1929. Utgravinga vart leia av Bøe. Det vart gjennomført ei planmessig utgraving, der det vart funne to hovudlag; ei skalldynge og eit lag med svart steinblanda jord med lite skjel. I alt vart det grove mellom 8 og 10 lag over eit område på ca 20m<sup>2</sup>. (sjå fig.9 og 10). Under utgravinga i 1929 kunne ein tydeleg sjå eit samanhengande urørt skjellag som gjekk langs helleren vestover. Det blei fulgt gjennom rute M-4, men kom opp rett utanfor denne ruta og det blei difor ikkje grave lengre ut i vestleg retning. Laga var boga med ein høg rygg omtrent ved L-rutene. Lag med mørk koljord, med vekslande brannlag var heilt distinkte og klare i denne dynge. Avfallet har vorte avsett på denne banken som går gjennom L-rutene, i aust-vestleg retning omtrent 2 m frå hellerveggen. På denne ryggen fann ein òg restar etter bål som vart gjort opp til ulike tider.




Fig.9: Planteikning av Osterbakkjen etter original av Bøe 1927.




Fig.10: Profildeikning av Osterbakkjen etter original av Bøe 1927.

Stratigrafien vart sett opp ut i frå profilen som stod att etter at massane vart fjerna. Det er ikkje sett opp noko stratigrafisk oversyn i rapporten frå utgravingane i helleren. I rapportane frå 1927 og 1929 er det arkeologiske materialet og faunamaterialet sette opp etter mekaniske lag. Det vart i alt grave 10 mekaniske lag som var om lag 10 cm tjukke. Den totale storleiken på laga er om lag 100 cm. Profildeikninga som er laga av lokaliteten syner berre dei stratigrafiske laga. Dei mekaniske laga er ikkje teikna inn. For å finne fram til materialet som skal inngå i analysen, måtte eg telje meg fram til kvar dei mekaniske laga ligg i stratigrafien. Eg vel å nytta arabiske tal på mekaniske lag og romartal på stratigrafiske lag. Ut i frå profildeikninga vert det sett opp fem lag/sediment i rute N2-L2.

Tabell 1: Stratigrafiske opplysingar over Osterbakkjen inne ved hellerveggen:

<b>Lag I:</b> Talle inne med hellerveggen, som går over i torv frå M-ruta.	<b>Lag II:</b> Skalldyngje.	<b>Lag III:</b> Mørk koljord med skjell.	<b>Lag IV:</b> Rein sneglehus dyngje (brente)	<b>Lag V:</b> Tjukt brandlag.
---	--------------------------------	---	--	----------------------------------

Tabell 2: Arkeologiske gjenstander i laga frå Osterbakkjen (B8039):

<p><b>Lag 1:</b>            1) Skår av eit leirkar (M2).            2) Skår av eit leirkar, truleg frå same kar som over(X).            3) Eit lite skår glassert leirkar (Y).            4) Flintflis (K-1).            5) Ein uregelmessig stein av raud-brun bergart (M1).</p>	<p><b>Lag 2:</b>            1) Eit skår av eit tjukt kokekar med neglekniplinger (Y)            2) Eit lite skår av eit kokekar (L2).</p>	<p><b>Lag 3:</b>            1) Eit lite stykke bronse med liner på den eine sida (M2).</p>	<p><b>Lag 4:</b>            1) Eit skår av simpelt kokekar, grovt gods, rødbrent overflate, kvartsblanda (L-2).</p>
<p><b>Lag 5:</b>            1) Eit lite skår av same slags kar som ble funne i lag 4, forvitra og avskalla, lysegrått på farge. Negledekor. Glimmer (M2).            2) Skår av grovare leirkar, også sterkt kvartsblanda, godset mørkt, raudleg overflate (L-1).            3) Flintflis (L1).            4) Oval rullestein (K-1).</p>	<p><b>Lag 6:</b>            1) Ein flintflis (M-2).            2) Randstykket av eit leirkar med bua profil, av gullig sterkt kiselblandet jord (M-1).            3) Flintflis (L-1 og M1).</p>	<p><b>Lag 7:</b>            1) Flintflis (M1).</p>	<p><b>Lag 8:</b>            Ingen funn.</p> <p><b>Lag 9:</b>            Ingen funn.</p> <p><b>Lag 10:</b>            Ingen funn.</p>

### 5.1.2 Datering og utval av analyseiningar

I følgje strandlinekurva for området låg strandlina 5 m høgre i FRJA. I RT låg den 3.9 m høgare enn dagens nivå, medan den låg 2,8 m høgre i FVT. Hellingen kan difor ha vore nytta i alle tre periodane oppgåva tek føre seg, då hellingen i dag ligg 6,35 m over havet. Hellingen låg under vatn frå om lag 3500 BP, så lokaliteten må ha vore nytta etter dette.

For å finne fram til kva for rute som skulle nyttast til datering, var planteikninga viktig. Eg har valt å forholde meg til dei midtre delane av hellingen. Dei ytre delane har vorte forstyrta i moderne tid (Bøe 1927:5), noko som gjer desse rutene usikre. På bakgrunn av denne informasjonen, samt mengda med funn, tok eg ut prøver frå rutene M1 og M-1 som vart sendt til <sup>14</sup>C-datering. Lag 3 ligg mellom 30-40cm. Lag 5 ligg mellom 50-60cm, medan lag 8 ligg mellom 80-90cm. Lag 3 ligg i skalldynga og i kulturlaget som inneheld mørk kolhaldig jord med skjell, tilsvarande lag II. Lag 5 har liknande masse som lag 3, og ligg i lag II. Lag 8 ligg i brannlaget inn ved hellerveggen, for så å gå over i eit mørkt kolhaldig lag med skjell, tilsvarande lag III. Det var viktig å finne fram til ruter som kunne fange opp dei ulike stratigrafiske sjikta. Det var ein føremon at det var gode førekomstar av bein i ruta som skulle veljast. M-ruta har dette. Rutene inneheld òg arkeologisk materiale.

Tabell 3: Resultat av <sup>14</sup>C-datering:

Lag	Prøve rute	Materiale	<sup>14</sup> C år før notid BP	Kalibrert alder (standardavvik)	Lab.nr	Prosedyre
3	M1/-1	Bein, landlevande pattedyr	1830+/-40	AD 135-245	TUa-6928	AMS
5	M1/-1	Bein, landlevande pattedyr	2265+/-35	BC 385-210	TUa-6926	AMS
8	M1/-1	Bein, landlevande pattedyr	2545+/-35	BC 795-600	TUa-6928	AMS

Lag 3 er datert til RT, lag 5 er datert til FRJA og lag 8 er datert til bronsealder. Eg vel å utelate lag 1 i analysen min, då laget tilhører lag I og samtidig kan vere omrota av moderne aktivitet. Torvlaget i helleren var tynt og ujamnt, noko som gjorde at laget ikkje vart fjerna før ein starta inndeling av lag (Bøe 1927). Lag 2 inngår i analysen på bakgrunn av funn av spannforma keramikk som typologisk daterer laget til yngre RT (Engevik 2007:63), eller mogleg FVT (Bøe 1929a). Samstundes ligg lag 2 saman med lag 3, 4 og 5 i lag II. Dei arkeologiske gjenstandane og radiologisk datering, daterer lag 2, 3, 4 og 5 til eldre jernalder, og laga inngår i analysen. Når eg vel å ikkje gå lengre ned enn lag 5, er det på bakgrunn av <sup>14</sup>C-datering, det arkeologiske materialet og dei stratigrafiske opplysningane. I lag 6 er det funne nokre flintfliser, samt randa av eit leirkar som ikkje let seg typologisk datere. I lag 6 og 7 er det funne skår frå leirkar av grove kvalitet som kan vere av bronsealder typen. Strandlinedateringane underbyggjer at helleren kan ha vore nytta i bronsealderen. I lag 8, 9 og 10 er det ikkje nokre arkeologiske gjenstandar representerte i materialet. Lag 6, 7, 8, 9 og 10 ligg i brannlaget i lag III, og vert difor utelate frå analysen.

Rutene som inngår i analysen er: M-3, M-2, M-1, M1, M2, L-3, L-2, L-1, L1, L2, K-3, K-2, K-1, K1, X og Y. Eg utelet rutene: N1, N2, M-4, J-2 og J-1. Rutene ligg anten i utkanten av hovudområdet i helleren eller utanfor dråpefallet.

Tabell 4: Datering av laga:

FRJA	RT	FVT
Lag 5.	Lag 4 og lag 3.	Lag 2.

### 5.1.3. Arkeologisk materiale

Det arkeologiske materialet består mellom anna av ei rekke skår av keramikk. Ved gjennomgangen ved DKS ved Bergen museum nytta eg meg av dei typologiske verka til Bøe (1931) og Engevik (2007).

Eitt skår av spannforma leirkar er funne i rute M2 Lag 2. Liknande funn vart gjort i rute M2 lag 1 og rute X lag 1, truleg frå same kar. Godset er forholdsvis tynt, lyst av farge og sterkt innblanda med talk. Storleiken på karet er noko uviss. Bøe dreg parallellar til eit karfunn i Romsdalen (Shetelig 1904:52.fig 9). Bøe peikar på at dekoren på karet frå Osterbakkjen skil seg frå karet Shetelig omtalar, ved at karet frå Osterbakkjen har innstempla sirkclar (Bøe 1929a:17). Karet vert datert til byrjinga av 400-talet (Bøe 1929a). Ved samanlikning med figurane til Engevik, kan skåra i L2 lag 2 samanliknast med eit kar funne i Lindås kommune. Karet vert kalla B-forma krukke og har vore nedsett som gravurne (Engevik 2007:63). Engevik daterer karet til slutten av 300-talet, altså yngre RT.

Seks skår, mogleg frå same kokekar vart funne i rute Y lag 2 (Bøe 1929a:17). Godset er tjukt og har negledekor på overflata. Leira er magre med nokså grov sand. Bøe trekk parallellar til Rygh 354-356. Eg vil trekkje parallellar til eit kar funne på Stord i Sunnhordland (Shetelig 1904:53, fig 10).

Eitt skår frå eit grovare lerkar vart funne i rute L-2 lag 4 og i rute M2 lag5. Godset er grått, med raudbrend overflate. Sterkt kvartsblanda magring. Båe skåra kan vere frå same kar (Bøe 1929a:6). Fragmentering gjer det vanskeleg å bestemme form og storleik på karet.

Ei bronsefragment i M2 lag 3. Bronsestykket liknar øyre på ein vestlandskjel, men då stykket ikkje syner teikn etter brot, samt at funnet vart gjort inni ei ”tøykake”, er det meir sannsynleg at bronsestykke kan ha vore eit smykke eller ein amulett.

Eit stykke av ein samansett kam av bein er òg blant gjenstandane som blei gravne ut i 1929. Diverre er denne gjenstanden ikkje registrert verken i rapportane frå utgravingane i 1927 og 1929, eller i tilveksten til Bergen Museum (Bøe 1929b). Det er difor usikkert om denne gjenstanden kjem frå Osterbakkjen. Funnet kan diverre ikkje inngå i det empiriske materiale frå helleren.


I tillegg var det funn av fleire jernfragment, men desse er ikkje sett til rute eller lag.

Tabell 5: Arkeologiske kjeldekategoriar:


Gjenstandstyper:	Lag 2	Lag 3	Lag 4	Lag 5
Keramikk:	7	-	1	4
Draktutstyr:	-	1	-	-
Steinartefaktar:	-	-	-	1

#### 5.1.4. Faunamaterialet

Faunamaterialet i helleren er svært fragmentert (Olsen 1944). Det gjer at mange av beinrestane ikkje kan artbestemjast og difor ikkje kan takast med i nokon av figurane. Den totale mengda bein registrert ved DNS ved Bergen Museum er 1809 fragment. JSnr:0257.



Figur 11: Antal beinfragment fordelt på kvart lag.



Figur 12: Antal beinfragment ordna i beingrupper fordelt på laga.

I følge Olsen sin rapport fordeler fiskematerialet seg gjennom alle lag og alle ruter (ibid:14). Torsk, sei, lyr, hyse og lange er funne i laga som inngår i analysen. Det er berre 2 bein av fisk i listene frå Bergen Museum. Årsaka til dette er uviss. Sjølv om det ikkje kan lagast figurar over dette materialet, er opplysningane som Olsen gjev viktig å ta med i analysen av lokaliteten.

Tabell 6: Skjel og sniglar:

Lag:	Østers:	Sniglar:	Albogeskjel:	Blåskjel:
1	450	800	100	Mengde smuldra
2	350	400	0	Mengde smuldra
3	170	900	Stor mengde smuldra	Stor mengde smuldra
4	15	5500	Mange	Ein del
5	par	Mange	0	0
6	få	Mange innerst i laget	0	0
7	10	0	100	0
8	0	0	0	0

Det vart og samla inn krabbe, skjel og sniglar under utgravingane. Skjella og sniglane er talte opp og sett til lag (Bøe 1927:10). Det vart funne krabbe i alle lag (Olsen 1944:14).




Fig.13: Arter av pattedyr, sett i antal fordelt på lag. Berre dei bestemte beinfragmenta som er tekne med. Den totale mengda bein pr. lag vert slik; lag 2= 88 lag 3=139 bein, lag 4=93 bein og lag 5=65 bein. Det vil seie at av pattedyra er berre 12% artsbestemte i lag 2, 18% i lag 3, 14% i lag 4 og 18 % i lag 5. Størstedelen av beinmaterialet er ikkje sett til art.

Fig 14: Arter av fugl, sett i antal fordelt på laga. Det vart sendt inn 56 fragment frå fugl. Av desse var 33 ubestemte og kan ikkje inngå i tabellen over artar. Den totale mengda bein pr. lag vert slik; lag 2= 9 bein, lag 3=5 bein, lag 4=7 bein og lag 5= 2bein.



## 5.2. SETREHELLEREN

Sætrehelleren ligg på ytterkyst i utmarka til garden Vespestad (gnr 56) i Bømlo kommune om lag 17 m.o.h. Helleren ligg under ein bratt bergrygg kring 35 m søraust for søre vika i Setrefjorden. Frå vika går eit lite dalsøkk slakt oppover mot nordaust. Vegetasjonen er samansett av mose, gras, lyng og einerbusker. Frå staden er det utsyn over vika i Setrefjorden i vestnordvest og oppover dalsøkket i nordnordaust. Helleren som har opning mot nord-nordvest er om lag 14 m lang ved dråpefallet og kring 6 m djup. Høgda frå golvet til taket ved dråpefallet er om lag 5 m, og overhenget er så bratt at ein kan stå oppreist heilt inntil hellerveggen. Golvet er ujamt og omlag midt i helleren ligg ei rekkje store blokker som har rasa ned. Utanfor dråpefallet held flata fram, litt skrått nedover mot nordvest kring 5 m før det går bratt ned mot ei større flate ovanfor søre vika. Utanfor helleren ligg mykje nedrasa blokker. Overhenget i berget over helleren held fram vidare mot nordaust, men er av mindre dimensjonar. Ut i frå vika der helleren ligg, er det rett ut i det ope havet. Her er det gode fisketilhøve, men berre til somme tider av året, då sjøen kan gå ganske vêrhardt. Det er gode hamneforhold i vika nedanfor helleren. Helleren er òg godt tilgjengeleg over land. Lenuten, eit ferskvatn som ligg ca. 500 m nord for helleren, gjev god tilgang til ferskt vatn. Klubben som ligg rett utanfor vika har truleg gitt gode tilhøve for bruk av garn og teiner. Også i dag vert det sett ut teiner her, så krabbe er ein ressurs som vert hausta på staden. Det er registrert eldre jernaldergard mellom 500 m og 3 km frå helleren.



Figur.15: Setrehelleren. Helleren ligg litt over midten av bilete. Foto: Bakka 2007.

### 5.2.1 Utgravinga

Nummedal føretok ei prøvegraving i helleren i 1918 (Olsen & Shetelig 1933:8). I 1933 vart det gjennomført ei utgraving av helleren. Shetelig var ansvarleg for utgravinga. Det vart registrert to avskilte hovud lag. Laga er ikkje blanda i kvarandre, noko som vart tolka som to ulike periodar av bruk. Det vart grave mekanisk med 10 cm tjukke lag. Til saman ni lag. Kulturlaget vart djupare innover mot bergveggen, frå 40 cm til om lag 100 cm nærast berget og var ganske einsarta; lett og tørr kulljord, iblanda bitar av kol, samt masse småstein, og ein del større stein og til dels store blokker som har rasa ut frå fjellet. Meir enn halvta av massane var stein. Koljorda var innimellom skoren med horisontale lag av lys grålig eller grågul farge som likna oske, men som òg kan ha vore brent jord med restar av brente skjel og bein. Laget vert omtala som eldstader. Beinmaterialet låg sprett og vert omtalt som få. Det vart framheva at det er masse skjel og sniglehus i kulturlaget. Skjella vart funne sprett i koljorda, medan somme stader samla i tette dynger. Dette gjeld særleg for strandsniglane og albogeskjella. I rapporten er det lista opp stratigrafisk opplysningar av laga. Det arkeologisk materialet er sett opp i lag, samsvarande dei mekaniske laga under utgravinga. Profildeikninga syner dei stratigrafiske laga og samsvarar difor ikkje med dei mekaniske laga. For å skilje mekaniske og stratigrafiske lag vel eg å nytte arabiske tal på mekaniske lag og romartal på stratigrafiske lag.




Fig.16: Planteikning av Setrehelleren etter original av Shetelig 1933. Målestokk 1:100. X= stykker av kammen. O = spenna av bronse




Fig. 17: Profilteikning over Setrehelleren tegna i G-snittet etter original av Shetelig 1933. Publisert utgåva




Fig.18: Profilteikning over Setrehelleren tegna i G-snittet, etter original av Shetelig 1933. Upublisert utgåve.

Tabell 7: Stratigrafiske opplysningar av Setrehelleren:

<b>Lag I:</b> Ein del stein som dekkja laget. Sauemøkk (om lag 15cm). Kulturlag, utan skarp grense.	<b>Lag II:</b> Høgda er no 50cm. Laget er laust og kornete. Ein stor del av ruta er steinar.
<b>Lag III:</b> Som lag 2.	<b>Lag IV:</b> Mørkt lag med masse litorina. Ein stor stein dekkjer midten av ruta. E7 er grove saman med E6, med dei same lagtilhøva
<b>Lag V:</b> Som lag 4. Ein del bein.	<b>Lag VI:</b> Mørkt lag med mykje skjell og sniglehus. Ein del bein.
<b>Lag VII:</b> Som lag 6, men her var det mykje fugle og fiske bein i tillegg.	<b>Lag VIII:</b> Kulljord som før, masse småsteiner. Mykje bein og sniglehus. Noko blåskjell og østers.
<b>Lag IX:</b> Godt kulturlag, helt svart av kol. Ein del bein.	<b>Lag X:</b> Nær botnen. Fattig lag med småstein og litt skjell og bein.

Ikkje alle stratigrafiske lag kjem fram på profildeikninga. Årsaka er uviss.

Tabell 8: Arkeologiske gjenstandar i laga frå Setrehelleren (B8350)

<b>Lag 1:</b> 1) Ei lita hempe av jern, mogleg eit øre til eit lite trespann eller ei treskål (E6) 2) Ein tjukk, kort jernnagle med stort, flatt hovud (E5). 3) Skår av keramikk av tjukk og grov type i blanda sand (E6). 4) Liten glatt rullestein av kvit kvarts (H5-6). 5) Spenne av bronse (E5)	<b>Lag 2:</b> 1) Ei broten jernstift (E5). 2) Eit skår av keramikk, lik skåra funne i lag 1, mogleg frå same krukke (E4). 3) Liten beinspiss (F5). 4) Ei flat kvartsbryne, 9,7 cm lang (F5) 5) Eit stykke av eit kvartsbryne, 7,4cm lang. Broten i båe endar, med brune ruststripar (F5) 6) Spenne av bronse, 8,2 cm lang, type Rygh 243. (E6. 25cm)
<b>Lag 3:</b> 1) Kam av bein, 14,6 cm lang (E6/F6) 2) Avskoren spiss av hjortehorn, 15,6 cm lang. Brent i spissen. Tydelig snitt av stålkniv (F5). 3) Liten klump av brennt leire (F4).	<b>Lag 4:</b> 1) Eit lite stykke av jernbeslag (E5) 2) Eit tjukt stykke av jern, liknar eit lite hammarhovud, men utan hol (E4) 3) Eit stykke grønstein, varmesprengt, ikkje kunstig tildanna (F3)
<b>Lag 5:</b> Ingen funn.	<b>Lag 6:</b> 1) Slank beinspiss, fint tildanna, 4,3 cm lang. (F5).
<b>Lag 7:</b> 1) Nål av bein, 7,8cm lang (E5). 2) Stilken av ein angel av bein, 2,8 cm lang (E5).	<b>Lag 8:</b> Ingen funn.
<b>Lag 9:</b> 1) Oval bolle av pimpstein, 6,6 cm lang i største tverrmål (E6). 2) Ein slank jernspiss, 11, cm lang (G4)	

### 5.2.2 Datering og utval av analyseiningar

Ut i frå strandlinedatering frå området, låg strandlina i FRJA på 4,7 m, i RT på 3,5 og i FVT på 2,3. Helleren kan difor ha vore nytta i desse periodane då han ligg om lag 17 m.o.h. Helleren låg under

vatn frå om lag 11000BP.

Eg valte å gå inn i lag 1, 3 og 5 då eg skulle ta ut prøver til radiologisk datering. Valet vart teke på bakgrunn av det arkeologiske materialet, mengda bein og stratigrafiske opplysningar. Det kan vere usikkert å ta ei prøve frå lag 1. På den andre sida vart torvlaget fjerna før det vart starta med inndeling av lag, noko som gjer at lag 1 har hatt eit skyddande lag over, noko so kan hindre forstyrringar. Å ta prøve av topplaget vil gjere det mogleg å datere den siste bruksfasen i helleren. Ut i frå funnlistene har lag 1 fleire funn, deriblant keramikk. Funnet av beinkammen var utgangspunkt for val av lag 3. I lag 5 vart det ikkje gjort arkeologiske funn, men førekomsten av bein var særst god.

I den publiserte profildeikninga er det sette opp to hovudlag i helleren. To avskilte lag kan tyde på at helleren har vore nytta forskjellig. Ut i frå upubliserte profildeikninga er funnet av kammen gjort i ei linse kalla lag III. Denne linsa ligg i lag 2. Lag IV ligg og i denne linsa. Lag 2 inngår i den øvre bruksfasen av helleren, saman med lag 3, 4 og 5. Lag 6, 7, 8 og 9 er sett til den eldre bruksfasa av helleren (Olsen & Shetelig 1933:15). Funn av beinreiskapar, samt ei pimpsteinsbolle kan takast til inntekt for ei slik tolking. Fleire av beinreiskapane liknar funn frå Ruskeneset, og set det relative dateringa av laga til steinalderen. Likevel må det peikast på at funnet av ein jernspiss i lag 9 ikkje samsvarar med denne tolkinga av to bruksfasar. Samstundes kan jernspissen vere sekundært deponert. Eg har ikkje teke ut prøver frå lag 9, då eg har teke utgangspunkt i Shetelig si vurdering som set frå og med lag 6 som steinalderlag.

Tabell 9: Resultat av <sup>14</sup>C-datering:

Lag	Prøve proviens	Materiale	14C år før notid BP	Kalibrert alder (standardavvik)	Lab.nr	Prosedyre
1	E6	Bein, landlevande pattedyr	1250+/-30	AD 715-790	TUa-6923	AMS
3	E6	Bein, landlevande pattedyr	1985+/-30	BC 0-AD 70	TUa-6925	AMS
5	E6	Bein, landlevande pattedyr	2090+/-30	BC 155-45	TUa-6924	AMS

Lag 1 er datert til merovingartid/vikingtid, lag 3 er datert til RT, medan lag 5 er datert til FRJA. Laga 3, 4 og 5 kan på bakgrunn av <sup>14</sup>C-datering inngå i analysen. Eg vel å ta med lag 2 på bakgrunn av det arkeologisk materiale. Det vart funne ein bronsefibula type Rygh 243 i lag 2. Forma vert

tidfesta til tidlegast på 400-talet. Funn av liknande spenne på Voss, datert til tida 500-550 (ibid:26). Laga som inngår i analysen er difor lag 2, 3, 4 og 5. Lag 6, 7, 8, 9 vert på bakgrunn av stratigrafiske opplysningar og arkeologisk materialet utelete frå oppgåva.

Ut i frå planteikninga vel eg å ta med rutene: E7- E4, F6-F4, G6-G4 og H5-H4. Eg utelet rutene F3-F1 og D5, og konsentrerer avhandlinga til dei sentrale delane av helleren. F-rutene ligg utanfor dråpefallet, noko som gjer at desse rutene kan ha vorte påverka av ytre naturlege faktorar, som regn og erosjon.

Tabell 10. Datering av lag

FRJA	RT	FVT
Lag 5	Lag 3 og 4	Lag 2

### 5.2.3. Arkeologisk materiale:

I Setrehelleren er den omtala ”Runekammen” funne i lag 3. Kammen av bein er 14,6 cm lang, og laga av to skinner. 7 små stiftar av jern held saman 5 mindre beinplater med utskorne tenner. Den øvre kanten dannar ein lett svinga boge. Breidda på den midtre delen av skinnene er 2,6 cm, og ved enden 1 cm. Skinnene har kvelva overflate, er tjukkast langs midten og tynnast ved kantane.




Fig.19: Setrekammen. Foto Bergen Museum.

Skinnene er dekorerte med ei dobbeltline langs kvar langsida, og i flata med ni dobbeltsirklar, gruppert regelmessig i forhold til jernstiftane. Kammen var truleg ferdig dekorert då den vart sett saman. Forma og stilen kan setjast inn i ein typologisk utvikling av kammar i Skandinavia. Overgangen frå plane til kvelva skinner er tidfesta til 500-talet og byrjinga av 600-talet (Olsen & Shetelig 1933:26). Måten kammen er sett saman på, gjev grunnlag for eit typologisk skilje mellom

kamtypar; 1) *kammar virka frá eit stykke* (mi omsetjing) og 2) *samansette kammar*, som er sett saman av fleire delar (Gregor 1985:73). Den sist nemnte typen er vanlegast i Nord-Europa frå slutten av RT og fram til mellomalderen. Dei samansette kammane kan likevel sjåast i materiale lenger sør, då kammane vart spreidde gjennom militær og sivil kontakt mellom menneska frå nord og dei romerske provinsane på 200- og 300-talet (ibid:74).

Båe skinnene på kammen frå Setre har innskrifter med runer. På den eine sida, kalla A, er runene rissa inn i ein langs gåande midtline som bind saman dei fire midtre sirkelgruppene i dekorasjonen, og tener til å skilje dei to rekkjene med runer som er rissa inn på kammen. Runene er av ulik kvalitet. Medan den eine sida er av høg kvalitet, og syner ein erfaren runerister, er ristinga på den andre sida, kalla B, av noko ringare kvalitet, og det kan tenkjast at det her er tale om to ulike rissarar (Olsen & Shetelig 1933:34ff). Runeforma som er nytta, er av typen kalla tidleg norrøn språkform, som har ein bruksperiode frå rundt om lag 550-til 900-talet (ibid:40). Runerekke A er tolka som; ”**hal mAR mAunA**”, oversett til ”hill, mø blant møer”, ei helsing som kan ha vore retta til eigaren av kammen (ibid:45). Den neste runerekka, kalla B, har òg ei lykkebringane helsing; ”**Alu na(nA) Alu nanA**” tolka som ”vern (for deg), Nanna, vern (for deg), Nanna” (ibid:53).



Fig.20: Bronsespenna frå Setrehelleren.  
Foto:Bergen Museum.

Det vart funne ei bronsespenne av typen Rygh 243, bøylespenne med lang fot (ibid:26). Spenna er av særskild god kvalitet. Spenna er typen La Tene spenner (Almgren 1923:251f) som var vanleg i yngre RT og FVT (Almgren 1923; Olsen & Shetelig 1933:26; Solberg 2003:83). Spenna kan samanliknast med ei spenne frå Sogn og Fjordane (Engevik 2007:89), kategorisert som Nydamtype og datert til FVT (Engevik 2007).

Eitt skår av keramikk funne i rute E4 lag 2, lik funne i rute E6 lag 1, mogleg frå same kar (Olsen & Shetelig 1933:25). Godset på karet har vore tjukt, og det er spor etter eit tynt overdrag av sandfattig leire som kan ha blitt glatta utanpå. Spor etter forminga kan sjåast, og det er synlege spor etter avtrykk av strå eller halm. Leira er magra med grovkorna sand. Karet kan ha fungert som gryte,

eller som forrådskar (ibid.). Denne typen kar vert nytta frå RT og til og med FVT. Bøe daterer karet til 400 eller 500 talet (ibid.).

To bryner av kvarts funne i rute F5 lag 2. I rute E5 lag 2 vart det funne ein broten jernstift 6,3 cm lang. I rute F5 lag 2 vart det funne ei lita beinspiss. I rute E5 lag 4 vart det funne eit lite stykke av eit jernbeslag og eit tjukt stykke av jern liknar eit lite hammarhovud, men utan hol.

Tabell 11: Arkeologiske kjeldekategoriar

<b>Gjenstandstyper:</b>	<b>Lag 2:</b>	<b>Lag 3</b>	<b>Lag 4</b>	<b>Lag 5</b>
Keramikk:	1	-	-	-
Draktutstyr:	1	-	-	-
Jerngjenstandar:	1	-	2	-
Beingjenstandar:	-	3	-	-
Steinartefakter:	2	-	-	-

#### **5.2.4. Faunamaterialet**

Det vart samla inn 2611 bein under utgravingane. Beinmaterialet er fragmentert og difor vanskeleg å bestemme til art. Store delar av materialet kan difor ikkje nyttast i ein komparativ analyse av artar. Materiale som er med i denne analysen utgjer om lag 39% av det totale materiale som er henta inn, og er på 1028 fragment. JSnr.0428






Fig.21: Antal beinfragment fordelt på kvart lag.




Fig.22: Antal beinfragment ordna i beingrupper fordelt på lag. Figuren inneheld alle fragment, også dei som ikkje er sett til art.




Fig.23: Antal artar av pattedyr fordelt på lag. Berre fragment sett til art er teke med. Mengda bein vert difor kraftig redusert. Dette syner prosentandelen av kor mykje av det totale materialet som er sett til art. I lag 2 er dett berre 1%, lag 3- ca 4%, lag 4-10% og lag 5- ca 3%. Fordelinga vert: lag 2= 1, lag 3=6, lag 4=14 og lag 5=3.

Fig.24: Antal artar av fisk fordelte på lag. Berre dei fragmenta sette til art er tekne med i figuren. Den totale mengda bein vert; lag 2= 40, lag 3=56 bein, lag 4=16 bein og lag 5=33 bein.

Det vart samla inn store mengder bein frå fugl under utgravinga. Diverre vart mesteparten av desse beina leverte inn utan kontekst. Brinkmann listar opp fleire fugleslag i jernalder laga (lag1 - 6): geirfugl, alke, lunde, lomvi, teis, skarv, toppskarv, hvinand, sjøorre, mindre fiskand, lattermåke, gråmåke, sildemåke, vandrefalk og tiur (Olsen & Shetelig 1933:13f). Rapporten vert viktig i analysen av fuglematerialet.

### 5.3. KOBBEHAMMARSKLEIVA

Helleren låg i ytre fjordstrok, søraust i Kobbavågen, under ein bergvegg kalla Kobbhammarskleiva på Spissøy (gnr 26), i Bømlo kommune. I dag er helleren sprengd vekk, for å gje plass til vegtraseèn *trekantsambandet*. Mot nord stig terrenget oppover. Det vart teke eit prøvestikk i dette området. Mot vest er lokaliteten naturleg avgrensa av ein bratt, høg skråning ned til myrdraget. Sjølve flata under dråpefallet er minst 7 m lang (nord-sør) og 3-4 m breid (aust-vest). Utsikt i vest ned mot myrdraget og i nordvest mot sjøen og fjellet Siggjo. Det er rik vegetasjon rundt der helleren låg med innslag av lyng, brake og blåbær. Helleren har avgrensa seg naturleg i terrenget. Det er gode fiskeplassar i farvatnet rundt helleren, samt gode høve til å setje liner, garn og krabbeteiner. Det ligg lune vikar og gode ankringsplassar for båtar nærleiken av helleren. Det går småfe i området, noko som kan peike på at gode beitetilhøve. Det er myrete i område, så det kan tenkjast at fersk vatn var tilgjengeleg. Det er registrert gardar frå eldre jernalder innan ein radius på mellom 500 m og 3 km.



Fig.25: Bilete frå utgravinga av Kobbhammarskleiva. Foto: Bergen Museum.

### 5.3.1 Utgravinga:

Registrering og utgraving av Kobbhammarskleiva kom i gang grunna utviding av vegnettet i Sunnhordland på 1990-talet. Trekantsambandet bind i dag saman Stord og Bømlo med fastlandet i sør. Området der vegnettet skulle regulerast, var svært rikt på kulturminne. Hellenen vart registrert i 1993 og det blei teke to prøvestikk der eitt var funnførande. Resultatet vart ein beinnål, ein bit av flint, samt brente og ubrente bein. I 1995 og 1996 var det gjennomført utgravingar i helleren under leiing av Nils Anfinset. Utgravinga konsentrerte seg om det sentrale området under og like utanfor dråpefallet, dvs; 94-92,5x – 201-198y. Totalt vart om lag 15m<sup>2</sup> avdekka. Hellenen vart grove mekanisk med 5cm tjukke lag. Totalt er om lag 15m<sup>2</sup> grove ut. Det vart ikkje gjennomført avtorving før gravinga starta. Overflata vart berre reinska. Den sentrale delen av helleren vart prioritert: 94x-92,5x 201-198y inn mot hellerveggen. Lag 1-15 vart grave under feltarbeidet i 1995, medan lag 16-19 vart grave i 1996.




Fig.26: Planteikning over Kobbhammarskleiva etter original av Sennesa 1995. Profilteikninga er tatt frå 95x-snittet.




Fig.27: Profildeikning over Kobbhammarskleiva etter original av Anfinset (1995). Profilen er teikna i 95x-snittet.

Profildeikninga seier svært lite om stratigrafien på lokaliteten. Anfinset peikar på at profilen ideelt burde ha vorte tatt lengre mot sør (Anfinset 1995:10). Han legg til grunn praktiske og fysiske årsaker til kvifor dette ikkje vart gjort. Samstundes framhev Anfinset at profildeikninga syner at det er eit tørrare lag innanfor hellaren, men som stratigrafisk ikkje skil seg ut på andre måtar (ibid.). Profildeikninga er frå 95x 188y til og med 95x200y. Teikninga gjev få stratigrafiske opplysingar og det er ikkje markert mekaniske lag. Ut i frå rapportane frå utgravingane var det sett opp at frå og med lag 6 til og med lag 17 var det tydeleg ein tredeling av laga:

1. Lys brun jord med ein del stein
2. Grå grushaldig masse med ein del forvitningsstein frå berget
3. Mørk feit organisk jord med mykje trekol

Den mørke organiske jorda vart definert som kultulaget (Anfinset 1995:10).

Tabell 12: Stratigrafiske opplysningar over Kobbhammarskleiva

<p><b>Lag 1 (0-5cm):</b> Tørr torvaktig jord over heile området som blei grove, utan stratigrafiske endringar av noko slag. Jorda var fuktigare (mørkare) utanfor dråpefallet. Mykje røter.</p>	<p><b>Lag 2 (5-10cm):</b> Likt som laget over.</p>	<p><b>Lag 3 (10-15cm):</b> Likt som laga over, men jorda utanfor dråpefallet vart noko tørrare enn dei to føregåande laga.</p>	<p><b>Lag 4 (15-20cm):</b> Likt som over, men igjen vart jorda utanfor dråpefallet tørrare.</p>
<p><b>Lag 5 (20-25cm):</b> Då lag 5 var eksponert var det tre ulike sedimenter/lag synleg i planet. Desse tre vart definerte som: 1) Lys brun jord med ein del stein. 2) Grå grushaldig masse med ein del forvittra stein frå berget. 3) Mørk feit organisk jord med mykje trekol.</p>	<p><b>Lag 6 (25-30cm):</b> Då lag 6 var eksponert blei dei same sedimenta synleg i planet som i laget over, om enn i noko endra utstrekning.</p>	<p><b>Lag 7 (30-35cm):</b> Som lag 6.</p>	<p><b>Lag 8(35-40cm):</b> Som lag 6.</p>
<p><b>Lag 9 (40-45cm):</b> Som lag 6.</p>	<p><b>Lag 10 (45-50cm):</b> Som lag 6.</p>	<p><b>Lag 11 (50-55cm):</b> Som lag 6.</p>	<p><b>Lag 12 (55-60cm):</b> Som lag 6.</p>
<p><b>Lag 13 (60-65cm):</b> Som lag 6.</p>	<p><b>Lag 14 (65-70cm):</b> Som lag 6.</p>	<p><b>Lag 15 (70-75cm):</b> Som lag 6.</p>	<p><b>Lag 16 (75-80cm):</b> Her var igjen tre ulike lag/sedimenter synlege etter graving; 1) Lys brun jord med ein del stein og grus. 2) Grå grushaldig masse med mykje forvittra stein frå berget over. 3) Mørk feit organisk jord med mykje trekol, eldstad?</p>
			<p><b>Lag 17 (80-85):</b> Som laget over.</p>

I lag 18-20 vart det berre grove i strukturane (Anfinset 1996). Laga er difor ikkje teke med i denne oversikta.

Tabell 13: Arkeologisk gjenstandar i laga (B15176)

<p><b>Lag 1:</b> 1) Pimpsteinar utan slipespor. 2) Avslag av flint.</p>	<p><b>Lag 2:</b> 1) Pimpsteinar utan slipespor. 2) Avslag av flint.</p>	<p><b>Lag 3:</b> 1) Pimpsteinar utan slipespor. 2) Avslag av flint. 3) Avslag av bergkrystall. 4) Del av ei hektespenne. 5) 2 moglege delar av ei nagle av jern</p>	<p><b>Lag 4:</b> 1) Pimpsteinar utan slipespor. 2) Avslag av flint.</p>
<p><b>Lag 5:</b> 1) Avslag av flint. 2) 5 fragment av jern; den eine av desse er nesten ein ring, sirkel, medan ein annan ser ut til å ha vore delar av ein nøkkel.</p>	<p><b>Lag 6:</b> 1) Avslag av flint. 2) Jernfragment, mogleg fiskekrok. 3) Avslag av ryolitt eller fin kvartsitt.</p>	<p><b>Lag 7:</b> 1) Avslag av flint. 2) Jernfragment.</p>	<p><b>Lag 8:</b> 1) Avslag av flint 2) Liten flintskraper med konveks retusj.</p>
<p><b>Lag 9:</b> 1) 4 jernfragment. 3 kan vere fragment av ein nøkkel, ring eller nål.</p>	<p><b>Lag 10:</b> 1) Avslag av flint.</p>	<p><b>Lag 11:</b> 1) Avslag av flint. 2) Jernfragment, kan vere in knapp.</p>	<p><b>Lag 12:</b> 1) Avslag av flint.</p>
<p><b>Lag 13:</b> 1) Avslag av flint.</p>	<p><b>Lag 14:</b> 1) Avslag av flint 2) 2 jernfragment.</p>	<p><b>Lag 15:</b> 1) Avslag av flint. 2) 2 jernfragment, det eine ein knivsodd.</p>	<p><b>Lag 16:</b> 1) Avslag av flint. 2) Slaggaktige steinar 3) To jernfragment.</p>
<p><b>Lag 17:</b> 1) Avslag av flint. 2) Eitt jernfragment</p>	<p><b>Lag 18:</b> ingen funn</p>	<p><b>Lag 19:</b> ingen funn</p>	<p><b>Lag 20:</b> ingen funn</p>

### 5.3.2. Datering og utval av analyseiningar

Ut i frå strandlinedateringar frå området, har helleren vore under vatn om lag 2500 BP, og han må ha vore nytta etter dette (Anfinset 1995:14).

På denne lokaliteten er det <sup>14</sup>C-datert fleire lag. Dateringane inngår i avhandlinga mi. Val av lag for datering vart gjort på bakgrunn av dei eksisterande dateringane. Forutan hektespenne i lag 3 er helleren ingen andre funn som kan daterast ved hjelp av typologi. Det arkeologiske materialet gav difor ingen klare indikatorar på kva for lag som skulle takast med i analysen av helleren. Eg sendte inn til saman 3 prøver frå Kobbhammarskleiva, men berre ei av prøvene inneheldt nok organisk materialet til at dateringane kunne gjennomførast. Prøva som vart datert er henta i frå lag 4.

Tabell 14: Resultat av <sup>14</sup>C-datering:

Lag:	Prøve rute	Materiale	14C år før notid BP	Kalibrert alder (standaravik)	Lab nr.	Posedyre
3	94x198y sv str. A	1 hasselnøttskall	890+/- 60	AD 1040-1225	Beta-88559	AMS
4	93x199y sv	Bein, landlevande pattedyr	890+/- 40	AD 1050-1220	TUa-7000	AMS (min datering)
5	94x198y sv str.A	1 hasselnøttskall	870+/-50	AD 1065-1235	Beta-88560	AMS
9	93x199y nv	1 hasselnøttskall	1560+/-60	AD 430-590	Beta-88561	AMS
9	93x199y nv	1 bein	1545+/-70	AD350-520	TUa-1535	AMS
ca.10	Prøvestikk 1	Furu,einer,barlind ,or	1340+/-60	AD 650-760	Beta-72780	standard
14	93x199y sø	1 hasselnøttskall	920+/-50	AD 1035-1195	Beta-88562	AMS
16	93x199y sø str.E	1 furubit	1580+/-60	AD 420-555	Beta-98441	AMS
18	93x199y sø str. F	1 selje eller bjørk bit	1970+/-60	BC 32- AD 115	Beta-98442	AMS

Lag 4 vart datert til vikingtid/mellomalder. Prøva utelukkar lag 4 frå denne avhandlinga. Dateringa underbyggjer dateringane av lag 5 og lag 3, og syner ei kronologisk utvikling av laga. Laga overlappar kvarande, bortsett frå lag 10 og lag 14. Lag 10 er teke i botnen av prøvesticket under registreringa. Dateringane er difor usikker. Lag 14 er datert til mellomalder. Anfinset hevdar at denne dateringane kan botne i forskyving av jordmassar, då prøva vart tatt under ein stein (1996). To prøver frå lag 9 syner RT og FVT. Anfinset sett opp følgjande: lag 3-5 tilhøyrer tidleg mellomalder, lag 9-16 til RT og lag 18 set han til RT. Ut i frå <sup>14</sup>C-dateringane har eg valt å analysere laga frå og med lag 9 til og med 17. Eg tek ikkje med lag 18, 19 og 20, då desse laga ikkje er gravne heilt ut, berre i strukturar (Anfinset 1996:8). Lag 10 og 14 vert tatt med då overlappinga mellom dei andre dateringane er god.

Ut i frå planteikninga er det området frå 93x198y – 98x198y og 93x199y - 98x199y, som inngår som analyseiningar frå denne lokaliteten. Desse områda ligg innanfor sentralområdet i helleren. Delar av rutene som tilhøyrer 199y koordinatane er utanfor dråpefallet. Ein finn og trekullkonsentrasjonar innanfor 199y-koordinatane, noko som kan indikere eldstadar. Mange av dei



tidlegare dateringane er tekne i 199y. Eg tek difor med materialet frå disse koordinatane.

Tabell 15: Datering av lag

FRJA	RT	FVT
	Lag 16 og 17	Lag 15, 14, 13, 12, 11, 10 og 9

### 5.3.3. Arkeologisk materiale

Det arkeologiske materialet er einsarta, med mykje stein og jernfragment. Av daterande arkeologisk materiale, er det funne ei spenne i lag 3 som kan daterast til folkevandringstid. Men datering frå lag 3 til mellomalder gjer at laget ikkje inngår i analysen. Funnkategoriane som er beste representert er flint, pimpstein og jern. I laga som er tekne med i analysen er det funn av fleire jernfragment: krokar, naglar, nøklar og ein knivsodd. Det er gjort funn av slagg i helleren. Eg har ikkje fått tilgang til det arkeologiske materialet frå Kobbhammarskleiva. Dette er særskild beklageleg, då eg hadde hatt stor nytte av å kunne få gå gjennom materiale på eige hand. Eg har difor ikkje hatt høve til å gå grundigare inn i det arkeologiske materialet frå Kobbhammarskleiva.

Tabell 16: Arkeologiske kjeldekategoriar

Gjenstandstypar:	Lag 9:	Lag 10:	Lag 11:	Lag 12:	Lag 13:	Lag 14:	Lag 15:	Lag 16:	Lag 17:
Slagg:	-	-	-	-	-	-	-	2	-
Jernfragment:	7	-	1	-	-	2	2	2	1
Steingjenstandar:	27	60	13	1	7	10	12	10	1

### 5.3.4 Faunamaterialet

Under innsamlinga av funn, skjel og beinmaterialet vart det nytta såld med 4 og 2 mm maskevidde. Utgravingsmetoden nytta i helleren, gjer at omfanget av faunamaterialet vert større og meir variert på denne lokaliteten enn kva tilfelle er på dei andre lokalitetane i denne avhandlinga, der faunamaterialet vart selektivt plukka frå kulturlaget. Små fragment vil med ein slik metode ikkje bli fanga opp, og eit stort materiale kan ha vorte liggjande att i avfallsmassane. Det er gjort testar på resultat av såld i felt. Resultatet etter såld med 2 mm maskevidde var 901 bein, medan såld av det same materialet med 4mm maskevidd gav 21 bein (Hufthammer 1992:21). Kobbhammarskleiva har eit rikt fiskemateriale, noko som er særskild viktig i den komparative analysen mellom hellerane. Faunamaterialet frå Kobbhammarskleiva er mangfaldig og stort. Totalt vart det samla inn 3552

beinfragment under utgravingane i 1995 og 1996. Langt i frå alle desse fragmenta er sette til art, noko som utelet dei frå figurane som tek føre seg dei ulike artane. Jsnr.0944




Fig.28: Antal beinfragment fordelt på laga. Alle bein er med i denne figuren.




Fig.29: Antal beinfragment ordna i beingrupper fordelt på lag. Alle bein er med i figuren.




Fig.30: Antal beinfragment sett til art fordelt på lag. Berre fragment sette til art er tekne med. Den totale mengda bein pr. lag vert; lag 9=82 bein, lag 10=102 bein, lag 11=16 bein, lag 12=36 bein, lag 13=21 bein, lag 14=45 bein, lag 15=93 bein, lag 16=0 bein, i lag 17=4 bein. Det er sau/geit som er best representert, med 47 fragment i lag 9 og 84 i lag 10.

## Antal artar av fisk fordelt på lag




Fig.31: Antal artar av fisk fordelt på lag. Figuren syner forholdet mellom ulike fiskeartar i laga med fisk; lag 9, lag 10 og lag 15. Det er ei rekkje fiskeartar representerte i materialet, og gjennom nøye vurdering har eg kome fram til at det vil vere naudsynt å berre ta med dei laga der det er fisk for å kunne tolke tabellane. Dette med omsyn til plass. Eg har berre teke med dei bestemte beinfragmenta i denne figuren. Den totale mengda bein pr lag; lag 9=11 bein, lag 10=136 bein og lag 15=266 bein.

I Kobbhammarskleiva er det i laga frå RT samla inn bein frå ei mengde ulike fugleartar; hønsfuglar, geirfugl, lundefugl, alkekonge og storfuglar. Både marine og terrestre artar er blitt fanga. I FVT er det funne fragment etter hønsfuglar, geirfugl, andefamilien, teist og storfugl. Liknande utnytting som i RT, med både marine og terrestre fugleartar. Det vart samla inn ei rekke fuglebein utan kontekst. Eg kan diverre ikkje lage eit diagram for fugl for Kobbhammarskleiva, då størstedelen av fuglmaterialet ikkje er bestemt til art.

## 5.4 KUHIDLAREN

Kulhidleren ligg i ytre fjordstrok på søraustsida av Huglo (gnr66) på Stord. Hellingen ligg fint til på ei berghylle om lag 25 m.o.h med god utsikt over innløpet til Hardangerfjorden. Den ligg vent mot nord-nordvest-sør/søraust. Hellingen er 25 m lang, 3,5 m djup frå dråpefallet og 5 m høg ytst, 2 m høg inst ved hellerveggen. Det er grasvakse med ein del tornekratt og bregne i søraustre del. Hellingen ligg i Kuhidlervikjo på ei lett skrånande hylle i Skarvaberget. Hylla måler 15 m frå fjellveggen og ut før lendet går det bratt ned i sjøen. Framme på hyllekanten veks det furuer og lauvtre og det ligg og ei stor steinblokk eit stykke frå kanten. I bergveggen der hellingen ligg, skifter berggrunnen mellom kalkstein og fylitt. Frå hellingen er utsynet i nord-nordaust vidare inn over Kuhidlervikjo og i nordaust, i aust og i søraust Husnesfjorden mot Husnes og Halsnøy. Helligolvet er flatt med ei svak skråning ned mot sjøen. Det er god tilkomst både til fots og med båt. Vika nedanfor gjev ikkje gode hamneforhold, men det er mogleg å dra båtar inn på stranda (Jansen 1968:2). Rett oppfor vika ligg ei myr, som har tilsig frå ferskvatn. Drikkevatt har vore tilgjengeleg. Det ligg eit gravminne frå eldre jernalder på garden Sørhuglo, mindre enn 3,5 km frå hellingen.



Fig.32: Kuhidlaren. Foto: Jansen. Bergen Museum.

#### 5.4.1 Utgravinga

Det vart teke eit prøvestikk i helleren rett ved dråpefallet i 1967 av Svein Ove Agdestein. Det vart funne koll- og skjelblanda jord og nokre brente og ubrente bitar av bein. I lag 2 vart det funne ein del steinar. Under steinane vart det funne mykje trekol og brent jord, samt eit lysebrunt oskelag nedst. Strukturen var svakt nedskåren i bakken. På 35 cm(lag 2) dukka det opp ein lang spydspiss av bein med ein agnor og dekorasjon datert til eldre jernalder (Bakka 1972). Funnet av beinspissen blei fylgt opp med utgraving av helleren i 1968, under leiing av Jansen. Totalt vart det grave 30 m<sup>2</sup>- 5 m i breidde og 5-6 m frå berget og utover. Kulturlaget var på det djupasts 2 m enkelte stader.

Eg har ikkje fått tilgang til noko planteikning frå denne lokaliteten.



Fig.33: Bilete av sjaktene som vert grave ut i Kuhidlaren. Foto: Bergen Museum.




Fig.34: Profildeikning frå Kuhidlaren. Teikna mellom 19 og 20 i A-G ruter. Etter orginal av Jansen og Fjelltveit 1968.



Tabell 17: Stratigrafiske opplysingar over Kuhidlaren

<p><b>Lag 1:</b> Torv og toppjord. Laget tynnes sterkt innover mot hellarveggen.</p>	<p><b>Lag 2:</b> Gruslag. Det består av nesten rein tørrgrus, og i profilane tørka det ut og stod fram som ei lys stripe.</p>
<p><b>Lag 3:</b> Gråbrun grusblanda jord. Dette laget er berre tilstades i dei ytste rutene. I den ytste delen er laget fuktig og funntomt med nokre bitar av kol. Inne i D-ruta vert laget tynnare og med nokre funn av skjell og bein.</p>	<p><b>Lag 4:</b> Brun grusblanda jord. Dette laget er og fuktig, funntomt og med nokre bitar av kol. Midt i laget fins ei mørkare stripe med enkelte større kolbitar.</p>
<p><b>Lag IV:</b> Grågult lag med kulljordstriper. Laget er rikt på skjell, særleg i kullstripa.</p>	<p><b>Lag 5:</b> Grått sand- og gruslag. Laget er funntomt og synes å vere berre rein forvittringsjord.</p>
<p><b>Lag V:</b> Grått grov sand/gruslag. Dette laget, som berre finst innst mot bergveggen, synes å vere berre rein forvittringsgrus. Det er vanskeleg å setje laget i samband med andre lag, det kan høyre saman med både lag 2 og lag 5. og/eller med den sterile auren innerst mot hellarveggen.</p>	<p><b>Lag 6:</b> Brent, steinfylt lag. Steinane her er sterkt forvittra og tydeleg utsett for sterk varme. Laget, som er avvekslande raudt, gult og grønt, har til dels store kullbitar, og det finnest ein god del skjell, særleg i øvste delen av laget.</p>
	<p><b>Lag 7:</b> Av konsistens som lag 6, men utan brannspor. Ligg som eit tynt forvittringslag like over det faste fjellet.</p>

Stratigrafien som er sett opp syner at lag 2 byrjar i rute C og strekkjer seg heilt ut til rute F (Jansen 1968:6). F-ruta hellar noko og lag 2 forsvinn om lag midt i ruta, noko som gjer at F-ruta vert noko usikker når det gjeld materiale. Eg vel difor å ikkje nytte meg av rute F. Stratigrafien og arkeologisk materiale gjer at lag 2, frå rute C til og med rute E vert analyserte i denne avhandlinga. Lag 6 var det djupaste funnførande lag. Utgravinga vart grove mekanisk med 10 cm tjukke lag, medan laga vert definert ut i frå stratigrafi.

#### 5.4.2. Datering og utval av analyseiningar

Helleren låg under vatn rundt om lag 10000 BP. I periodene etter dette kan helleren ha vore i bruk.

Gjennomgangen av stratigrafien og det arkeologiske funnet i lag 2, gjorde at eg valte å sende inn prøver frå lag 2 og 3 til radiologisk datering. Prøva vart teke frå D ruta. Dette valet blei gjort på bakgrunn av det innsamla beinmaterialet. Det var viktig å få prøver som kunne gje datering over

kvarandre.

Tabell 18: Resultat frå <sup>14</sup>C-datering

Lag	Prøve rute	Materiale	14C år før notid BP	Kalibrert alder (standardavvik)	Lab.nr	Prosedyre
2	D18	Bein, landlevande pattedyr	2105+/-45	BC 180-45	TUa-6921	AMS
3	D18	Bein, landlevande pattedyr	2855+/-30	BC 1035-940	TUa-6920	AMS
4 mot 5	D 18	Skjel, albogeskjel	3320+/-40	BC 1765-1660	TUa-6922	AMS
6	prøvestikk	kolbitar	4860+/-190	BC 2900.	T-763	

Ut frå dateringa er lag 2 datert til FRJA og lag 3 til bronsealder. Berre lag 2 kan takast med i analysen. Dosent Bakka sende inn ei kolprøve frå lag 6 som blei tidfesta til 4869 +/- 190 år BP (DF 323, T-763).

### 5.4.3. Arkeologisk materiale

Beinspissen vart funnen i rute C lag 2.

Spissen er 22.7 cm lang og inntil 1,7 cm brei, med ei agnor nede mot tangen.

Tangen utgjer 5,2 cm. Maks breidde

over bladet er 1,8 cm. Spissen frå

Kuhidlaren er dekorert med to doble striper

som med 3 mm. mellomrom går

frå agnor til spissen med ein avstand på

eggen på 2 mm på den eine sida av

midtryggen, medan den andre helvta

berre hev ei følgjeline. Det er lik dekor på

båe sider. Spissen er svakt bua, noko

som tyde på at den er forma ut av eit

ribbein (Bakka 1972:135f). I Skjonghelleren på Sunnmøre på Nord-Vestlandet vart det funne ein

rekkje beinpilar. Brøgger (1910) har delt beinpilane inn i tre grupper: beinpilar utan mothake, pilar

med ei mothake og pilar med to mothakar. Tverrsnittet på pilene er dels firkanta, dels trekanta og




Fig.35:Beinspissen frå Kuhidlaren. Foto:Bergen Museum

somme gonger v-forma. Mange av pilene er dekorerte med lengdefurer. Dei fleste har eige skaftparti som er avflata nedst ved ei skrå skjering. Beinpila funne i Kuhidlaren kan samanliknast med Brøggers fig.8 (ibid:8). Forskjellen er at beinpila har rundt tverrsnitt og markert rygg på både bladsider, medan funnet frå Skjonghelleren har eit meir v-forma tverrsnitt. Beinpila funne i Kuhildaern kan nyttast som dateringsgrunnlag, og set dateringa av laget til yngre RT og FVT (Bakka 1972:136), då likande spissar opptrer på vestlandet i branngraver i yngre romartid og folkevandringstid (Brøgger 1910:12). Eg vurderar difor beinpila som sekundært deponert, og beinspissen vert difor ikkje teke med i analysen av bruken i FRJA. I staden vert funnet ein del av materialet frå RT. Under heile utgravinga vart det ikkje funne fleire oldsaker som gjev grunnlag til arkeologisk datering.

#### 5.4.4. Faunamaterialet

Totalt vart det samla inn 314 bein frå lag 2. Det er synd at det ikkje er fleire lag å samanlikne med. Likevel kan helleren samanliknast med laga frå same tid i Osterbakkjen og Setrehelleren, og er difor ein viktig del av tilnærminga av laga frå FRJA. Jsnr:1057




Fig.36: Antal beinfragment fordelt i laget.




Fig.37: Arter av pattedyr fordelt på laget. I denne figuren er berre dei bestemte beina tekne med. Totalt vert det 73 bein, som utgjer om lag 27% av materialet frå pattedyr. Dette er den einaste helleren der ein finn hund/ulv (1).




Fig.38: Arter av fisk fordelt på laget. Berre fragment sette til art er tekne med. Totalt er det 21 bein som er sette til art.

## 5.5. GEITALEMEN

Helleren vart oppdaga av grunneigar i 1918. Geitalemen ligg i ytre fjordstrok på garden Førde (g.nr39. bnr2) i Sveio kommune. Helleren ligg 14 m over havet om lag 150 m opp frå ei lun vik nær Drangevågen, innst i Førdespodlen. Frå botnen av vågen fører nokre små dalar i sørleg retning. Nedanfor ligg ei myr, som har tilsig frå ferskvatn frå ein grunn bekk om lag 100 m. frå hellaren. Han er ganske liten i sørenden, men vidar seg ut mot nord. Overhenget er ganske breidt om lag 3,5 m på det breiaste. Området rundt er i dag skogdekt. Tilkomst både til sjøs og til fots er god. Helleren ligg i skugga, og har ikkje mykje sol gjennom dagen.

### 5.5.1. Utgravinga

Det vart gjennomført eit prøvestikk i 1918 utan at det vart gjort arkeologiske funn, berre mørk jord, blanda med kol og sniglehus. Den blei graven ut under leiing av Hougen i 1920 (Hougen 1921). Helleren vart grove stratigrafisk. Laget var på det tjukkaste om lag 50 cm tjukt. Til saman vart det grave rundt 26 m<sup>2</sup>. Det er bratt utanfor helleropningen, så området som kan ha vore nytta er naturleg avgrensa.

Tabell 19: Stratigrafiske opplysningar over Geitalemen

Lag 1:	Lag 2:	Lag 3:
I B-rutene var kulturlaget så å seie oppe i dagen, med berre eit 5-10 cm tjukt humuslag. Lengre inn i hellaren låg det berre eit par cm. Tjukt brunsort lag over kulturlaget. Laget var så laust at det berre kunne feiest vekk.	Kulturlag med noko grus blanda i. Laget såg ut til å vere noko forstyrra i B-ruta. I dei indre delane av B-rutene vart laget homogent og typisk. I C-rutene var laget på det djupaste 30 cm, målt gjennom den eine eldstaden (C7). Laget smalnar i D-rutene.	Bunnlaget besto av fast gulbrun grus, eit forvittringslag danna av same bergart som dannar hellaren.

Det vart funne få oldsaker under utgravinga. Det arkeologiske materialet er ikkje sett til lag. Hougen refererer berre til rutene det funna dukka opp. Dei fleste av funna vart gjorde i B, C og D-rutene.

Tabell 20: Arkeologiske gjenstander. Gjenstandane er ikkje sette til lag (B7196)

Nål av bein, form som pl.IX, fig.74-75, i Brinkmann og Shetelig. 10,8 cm lang. Brote i to deler. (E8)	Pilesmiss av mørk kvartsitisk (?) stein. Flekkepil av Garnestypen med tilhugga tange. 5cm lang (D8)	Liten skrapar av brunleg flint. Enkel bua egg. Ein konkav holning på undersida gjer at stykket fell godt i handa. Lengde og bredde 3 cm. (C7).	Flekkeskrapar av grå flint av dårleg kvalitet. Kort bred flekke med litt retouche i den eine enda. 3,1 cm lang, 2,5cm brei (D6).
Eit lite brotstykkje av eggen av ei slepen øks av grønstein. Berre 1,3 cm lang. (D6)	Eit stykke pimpstein med to tydelige smale slipefurer, 5,7cm lang (D6).	Om lag 150 stk. flint, mest avslag.	Om lag 80 stk. mørk bergart av same sort som flekkepila. Blant stykka er det ein del flekker og spåner(?), men mest avslag.
Om lag 40 stk. stykkar av skifer med slipeflate.	Om lag 35 skår av leirkar av grov grusblanda masse. Dei fleste stykka er små, skjøre og dårleg brent, medan eit par av dei større stykka er ganske harde og faste. Ingen av skåra er store nok til å kunne seie noko om form eller type. Ingen av skåra er dekorerte.	Om lag 30 stk. jern, små ubestemmelege fragment, det meste slaggaktig.	Ei samling av dyreknoklar og molusker.

### 5.5.2. Datering og utval av analyseiningar

Helleren låg under vatn om lag 7000 BP. Helleren kan difor ha vore nytta i FRJA, RT og FVT.

Ut i frå gjennomgang av stratigrafien og laga som vart sett opp under utgravinga, vart det teke ut prøver til datering i lag 1 og 2. Prøvene vart tekne frå rute D. Ruta hadde gode førekomstar av bein og arkeologisk materiale. Botnlaget er datert til FRJA. Det ville difor vere av interesse å tidfeste dei to laga over. Det er ikkje dokumentert kva for rute den første prøva er teken i frå.

Tabell 21: Resultat av <sup>14</sup>C-dateringane

Lag	Prøve proviens	Materiale	14C år før notid BP	Kalibrert alder (standardavvik)	Lab.nr	Prosedyre
1	D10	Bein, landlevande pattedyr	3835/-35	BC 2335-2200	TUa-6918	AMS
2	C10	Bein, landlevande pattedyr	4435+/-45	BC 3265-2925	TUa-6919	AMS
3		Bein, landlevande pattedyr.	2245+/-55	BC385-200	TUa-3746	AMS

Ut i frå resultatet frå datering vart lag 1 og 2 datert til neolittikum. Lag 3 er datert til eldre jernalder. Dateringane av dei øvre laga gjer at eg ikkje kan forsvare å analysere lag 3. Kvifor dateringane av prøva frå botnlaget syner eldre jernalder er vanskeleg å avgjere, men resultatane syner at dateringane av lokaliteten noko usikker.

### 5.5.3. Arkeologisk materiale

Det arkeologiske materialet som kan vere deponert i jernalder består av grov keramikk, jernfragment og slag. Hougen skriv i sin rapport at laga ser ut til å vere rota om (Hougen 1921:5f). Det at D-laget, som mange av gjenstandane er funne i, berre er nokre få cm. tjukt somme stader, gjer at reiskapar og beinmateriale kan ha vore tråkka ned i grunnen, og det arkeologiske materialet kan difor ikkje nyttast som ein sikker indikator på når laget vart deponert. Det arkeologiske materialet er ikkje registrert til lag i rapporten, noko som gjer det umogeleg å nytte det arkeologiske materialet i ein relativ datering av laga. Keramikken funne på lokaliteten er skår av leirkar av grov grusblanda masse. Dei fleste stykka er små, skjøre og er dårleg brent, medan eit par av dei større stykka er ganske harde og faste. Ingen av skåra er store nok til å kunne seie noko om form eller type. Ingen av skåra er dekorerte. Keramikken kan difor ha vore deponert i yngre steinalder. Dei slaggaktige jernfragmenta kan ikkje nyttast i ein typologisk analyse.

## 6. ANALYSE AV DET EMPIRISKE MATERIALET

Eg skal i denne delen av oppgåva analysere det empiriske materialet. Eg vel å leggje fram hellerane under eitt for å få fram generelle trekk ved hellerbruken. Informasjonspotensialet til materialet vert betre gjennom ei samla vurdering av hellerane. Alle hellerane utanom Setrehelleren ligg i den topografiske sona kalla *ytre fjordstrok*. Setrehelleren ligg i sona *ytterkyst*. Hellerane ligg noko ulikt i forhold til retning, men alle gjev ly mot nordavinden. Dei ligg nær sjø, i nærleiken av ei lun vik, med gode hamneforhold. Ferskvatn er stort sett godt tilgjengeleg. Berre for Kobbhammarskleiva er tilgongen til ferskvatn noko usikker, då området i dag er heilt forandra. Det er gode høve for fiske i farvatna utanfor alle hellerane. Tilgang til krabbe er god rundt så og sei alle hellerane. Forutan Osterbakkjen ligg det kjende eldre jernaldergardar innanfor ein radius på 3km. For Osterbakkjen er avstanden 7,5 km. Den like lokaliseringa støttar opp under valet av å sjå på hellerane samla. Der det er motsetnad i materialet eller av særleg interesse å sjå på hellerane kvar for seg, vil eg gjere dette. Det vil verte lagt vekt på å synleggjere den kronologiske utviklinga. Dette gjer eg for kunne spore ein eventuell forandring over tid.

Eg startar med ein tabell over kva for lag som kan samanliknast. Vidare vil eg kronologisk gå gjennom materialet. Eg har sette fram 6 tema som eg ynskjer å kome nærare inn på:

1. Kvantitative variasjonar i materialet
2. Artsmangfald
3. Fangstmetodar og husdyrhald
4. Sesongindikatorar
5. Intensitet og lengda på opphalda
6. Aktivitetar i hellerane

Områda eg har nemnt ovanfor vil kunne få fram viktige trekk ved hellerbruken og gje betre forståing av materialet. Spørsmåla som skal analyserast i denne delen av oppgåva er viktige i forhold til drøftinga om sosial identitet og hellerane sin funksjon i samfunnet, som kjem i neste kapittel.



Tabell 22: Lag frå same periodar som kan samanliknast

FRJA	RT	FVT
Lag 5 Osterbakkjen	Lag 3 og lag 4 Osterbakkjen	Lag 2 Osterbakkjen
Lag 5 Setrehelleren	Lag 3 og lag 4 Setrehelleren	Lag 2 Setrehelleren
Lag 2 Kuhidlaren	Lag 17 og lag 16 Kobbehammarskleiva	Lag 15-lag 9 Kobbehammarskleiva

### 6.1. Kvantitative variasjonar

I Osterbakkjen vert fire lag med i denne avhandlinga. Lag 2 er typologisk datert til FVT, lag 3 og 4 er radiologisk datert til RT og lag 5 radiologisk datert til FRJA. I Setrehelleren vert fire lag inkludert i oppgåva. Lag 2 er typologisk datert til FVT, lag 3 og 4 radiologisk datert til RT og lag 5 radiologisk datert til FRJA. I Kobbehammarskleiva er det ni lag som inngår i analysen. Lag 9-15 er radiologisk datert til FVT, medan lag 16 og 17 er radiologisk datert til RT. I Kuhidlaren er det eitt lag som inngår i analysen. Lag 2 er radiologisk datert til FRJA.

Osterbakkjen, Setrehelleren og Kuhidlaren har faunamateriale deponert i FRJA. Funnmaterialet syner at det har vore aktivitet i hellerane i denne perioden. I overgangen mellom FRJA og RT skjer det ei mangedobling av mengda innsamla materiale. Mykje tyder difor på at hellerane har vore nytta over lengre periodar eller meir intensivt i RT enn i FRJA. Ut over i RT vert fanuamaterialet større. Aktiviteten vert endra eller mindre synleg i laga frå FVT. Det er ein reduksjon i deponert faunamateriale frå perioden i Osterbakkjen og Setrehelleren. Materialet frå Kobbehammarskleiva syner motsett utvikling. Dei fleste av laga er deponerte i FVT, og laga er dei mest funnrrike i denne avhandlinga. Kjeldekritisk må det peikast på at det i Kobbehammarskleiva vart grave med 5 cm tjukke lag, medan dei andre lokalitetane vart gravne med lag på 10 cm. Samstundes som laga frå lokaliteten er meir oppdelte, vart det under utgravinga av Kobbehammarskleiva nytta såld med 2 mm maskevidde. Resultatet vert at mengda innsamla beinmaterialet vert større, då også små fragment, som frå fisk og fugl, vert fanga opp. Materialet frå Kobbehammarskleiva er difor meir variert enn kva tilfelle er med dei tre andre hellerane, der beinfragmenta vart selektivt plukka ut frå kulturlaget. Kobbehammarskleiva gjev informasjon om mangfaldet og omfanget kring bruk av fiske- og fugleressursane i perioden FVT. Lik lokalisering av hellerane i nærleiken av sjøen, gjer det nærliggjande å dra slutninga at fiskeressursane har truleg vore ein viktig del av ervervet også i dei hellerane utan stort innsamla fiskemateriale.

## 6.2. Variasjon i artar og forandring over tid

Dyregruppene har vore utnytta ulikt i hellerane. I Osterbakkjen utgjer pattedyra totalt heile 98% av det innsamla faunamaterialet. Fugl utgjer rundt 2%, medan fisk berre utgjer 0,5%. I Kuhidlaren er pattedyr på 86%, medan fugl utgjer om lag 1% og fisk om lag 13%. I Setrehelleren er 48% frå pattedyr, medan 48% er frå fisk. 4% av materialet er frå fugl. Det er interessant å merkje seg korleis pattedyr og fisk fordeler seg likt i materialet frå Setrehelleren. Berre i materialet frå Kobbhammarskleiva finn ein vesentleg meir fiskebein enn pattedyrfragment. Her er pattedyr berre på 34%, medan fisk utgjer heile 51%. Også fuglematerialet frå Kobbhammarskleiva er noko større enn kva tilfelle er frå dei andre hellerane, rundt 15%. Som nemnt over kan det tenkjast at mengda med fragment frå fisk og fugl ville ha vore høgare dersom det vart nytta såld også i Osterbakkjen, Setrehelleren og Kuhidlaren. Materialet frå Kobbhammarskleiva er meir representativt for utnyttinga av fiske og fugleressursane. Kobbhammarskleiva vert difor nytta til samanlikning på tvers av artar innad i hellaren, medan dei andre hellerane berre kan samanliknast innad i kvar art.

### 6.2.1. Pattedyr

I FRJA vart det særleg fangst som stod for hovudervervet. Hjort er i hovudtal i denne perioden. Samleomgrepet klauvdyr kan skjule tilfelle av husdyr. Marine artar som sel og oter vart utnytta. Særleg oter kan ha blitt fanga med tanke på bruk av pelsen. Bein av oter er lette å identifisere då artskarakterer ofte er synlege, også i små fragment (Hufthammer 1992:23). Difor må ein ta høgde for at oter kan vere noko overrepresentert i materialet. Husdyr som sau/geit og storfe har vorte inkluderte i ervervet, men har truleg spelt ei mindre rolle. I RT vert innslaget av husdyr høgare, og sau/geit og storfe får ein større del av det innsamla materialet. Det er funn av svin og hest i denne perioden. Frå hest er det funn av tenner. Det er vanleg at hestar feller tenner, og det kan tenkjast at hestematerialet ikkje kjem frå slakting (ibid.). Hesten kan ha blitt brukt som trekkdyr og letta frakta av menneske og utstyr ut til hellaren. Funnlistene syner samstundes at ville artar var ein viktig del av ressursutnyttinga i RT. Oter i materialet, kan indikere pelsjakt. I Setrehelleren skjer det ein dreining mot ei spesialisering på somme artar, då det no berre er sau/geit, storfe og sel i materialet. I FVT er hovudvekta av det innsamla materialet frå husdyr. Husdyrhald stod truleg for størstedelen av ervervet. Samstundes som breidda av ville artar større i FVT enn i RT. Innslag av mår og oter kan syne pelsviltjakt. Faunamaterialet av pattedyr peikar på at ervervet i RT og FVT var meir variert enn i FRJA.

### 6.2.2. Fisk

I FRJA er torskefiskane i hovudvekt. Samstundes er det eit mangfald av artar som har vorte utnytta. Både djupvassfiskar som lange, hyse og berggylt som held til i strandsona, syner breidda i utnyttinga av fiskeressursane. I RT vert fiskemateriale større og meir variert. Det skjer ei auke i innslaget av torskefiskane, samstundes syner variasjonen i artar at det er ei utnytting av både djupvassfisk og fiskesortar som held til på grunna. Laga frå FVT er dei mest funnrrike, både når det gjeld mengda med bein og variasjon av artar. Kobbehammarskleiva gjer at laga frå FVT er i særstilling i forhold til dei føregåande periodane. Materialet i denne perioden kan betre synleggjere utnyttinga av fiskeressursane, då materialet truleg er meir representativt enn kva tilfelle er med dei andre lokalitetane i denne oppgåva. Torskefiskane er i overtal. Fiskesortane syner, som i dei føregåande periodane, ein allsidig utnytting av dei ulike nisjane. Utover i perioden går nyttinga av torskefiskane noko tilbake, medan djuptvassfiskane får ein større del av materialet. Strandsona er fortsett utnytta, om enn i noko mindre grad. Truleg kan variasjonbreidda i Osterbakkjen og Setrehellaren ha vore den same som i Kobbehammarskleiva. Naturmiljøet i dei tre hellerane kan samanliknast, sjølv om Setrehellaren ligg i sona ytterkyst. Det ligg store djup og lange grunne i nærleiken av alle tre hellerane, så tilhøve ligg til rette for lik ressursutnytting.

### 6.2.3. Fugl

Mengda innsamla bein er lite, og ein må ta høgde for ei rekkje kjeldekritiske faktorar når ein skal prøve å forme eit bilete av korleis fugleressursane vart nytta. Alkefuglane er best representerte i faunamaterialet i alle periodane. I RT er det i tillegg fragment av storskarv i materialet. I FVT er det ein rekkje fugleartar til stades i materialet. I tillegg til dei nemnde artane, er det også funne bein av alkekonge, hønefuglar, teist, andefuglar og storfuglar. Ein ser at det skjer ei dreining frå utnytting av marine artar i FRJA, til å også utnytte terrestre fugleartar i RT og FVT.

### 6.2.4. Krabbe, sniglar og skjel

Det er lagt stor vekt på innsamling og oppteljing av sniglar og ulike skjel under utgravinga av Osterbakkjen. I området rett nedanfor hellaren har det i eldre jernalder vore ein grunn sandbanke som truleg har vore særst godt eigna til innsamling av skjel og sniglar. I FRJA er det ikkje sett opp den totale mengda, men sona nedanfor hellaren har vore godt utnytta. I RT er det telt opp 185 østers, 6400 sniglar, mange albogeskjel og ein del blåskjel. I FVT er det samla inn 350 østers og 400 sniglar. Mengda med andre skjell var liten. Mengda med østers går opp, medan sniglar vert kraftig redusert. Også i Setrehellaren er det i rapporten lagt vekt på den store mengda skjell og

sniglehus som gjekk gjennom alle lag (Lindøe 1932). Sanking av sniglar og skjell har truleg vore eit viktig innslag i dietten gjennom alle periodane i eldre jernalder. Det er funne krabbeklør på alle lokalitetane gjennom alle lag. Krabbe har difor inngått som ei viktig del av dietten.

### **6.3. Fangstmetodar og husdyrhald**

#### **6.3.1. Pattedyr**

I FRJA er det først og fremst fangst av ville artar som har hatt sitt habitat i nærleiken av helleren. Både terrestre og marine artar er fanga. I Kuhidlaren er det fragment av ulv/hund i materialet. Det er svært vanskeleg å skilje ulv og hund. I somme tilfelle kan storleiken nyttast som ein indikator (Hufthammer 1992:25). Hunden kan ha vore med under jakta. Funnbilete peikar på jakt som ein vesentleg del av ervervet i FRJA. Når det samstundes er husdyr som sau/geit og storfe i materialet, kan mykje tyde på at det i tillegg til jakt i nærområdet, også har vore drive med pastorale aktivitetar i hellerane.

I RT er dei dei same ville artane som vert fanga, men fordelinga av hjort og sel syner at jakt på desse artane er noko redusert i RT. I Setrehelleren er det særleg jakta på sel. Størstedelen av materialet er av unge dyr, og det kan tenkjast at det kan ha vore ein yngleplass for sel i området rundt helleren. Funn av oter og mår peikar på pelsviltjakt. Beinpila med mothake frå Kuhidlaren vert knytt til fangst (Bakka 1972:137; Brøgger 1910). Det er husdyr som dannar hovudtyngda av pattedyrbeina funne i hellerane i RT. Husdyrhald har difor truleg fått ein større plass i ervervet i perioden. Det er ei rekkje artar i materialet frå perioden.

I FVT vert mengda husdyrbein større. Samstundes som artsmangfaldet vert smalare. Det vert òg eit større innslag av ville artar i materialet enn kva tilhøva var i RT. Fangsten har konsentrert seg om dei same artane som i RT.

#### **6.3.2. Fisk**

I alle tre periodar er det gjort funn av lange, hyse, brosme og uer som alle er djuptvassfiskar (Hufthammer 1992:50). Samstundes som ein har fiska ute på dei store djupa, har strandsona også vorte utnytta. Fragment av berggylt syner dette. I RT er det i Setrehelleren gjort funn av ein liten beinspiss, som kan ha vore ei nål eller ein fiskekrok. Funnet kan truleg koplast til fiske.

Fiskematerialet syner eit mangfald av artar og fangsteknikkar som line, garn og ruse. Sild i materialet kan peike på bruk av garn. Ein har både utnytta ressursar som ligg tett opp til helleren, i

tillegg til å hauste av ressursar som ein må ut i leia for å kunne utnytte. Laga frå FVT er mest funnrrike, både når det gjeld mengda med bein og variasjon av artar. Fiske har vorte gjort frå båt og frå land.

### 6.3.3. Fugl

I FRJA er det registrert alkefuglar som geirfugl og lomvi. Geirfugl er i dag utdøydd og det er lite kunnskap om denne arten sin biologi. Truleg oppheldt Geirfuglen seg berre på land under hekkinga (ibid:54). Geirfuglen var ein kjøtrik fugl og svært lett å fange på land. I RT er det fragment etter geirfugl, lomvi, lundefugl og storskarv. I laga deponerte i FVT er det samla inn bein frå ein mengde ulike fugleartar, og det er no registrert storfugl blant fragmenta. Både marine og terrestre artar har difor vorte nytta. Alkekongen hekkar i høg arktiske strøk. Det er i moderne tid ikkje kjent at han hekkar i Noreg. Jakt på alkefuglane har truleg vorte utført frå båt på symjande fugl, då alkefuglane oppheld seg stort sett på sjøen utanom hekketida (ibid.). Jakta kan tenkjast å vere vanskelegare enn fangst av hekkande fugl. Mange av artane i materialet er gode matfuglar, og mangfaldet syner at fugleressursane kan ha vore godt utnytt. I tillegg til kjøt, har truleg fuglane vorte fanga for fjør, dun og skinn. Det er ikkje gjort arkeologiske funn frå hellerane som kan knytast direkte opp mot fangst av fugl.

## 6.4 Sesong - når var hellerane i bruk?

Det er artar i faunamaterialet som kan indikere kva for årstid helleren var i bruk. Det er truleg at artane hadde om lag den same årssyklus også i førhistorisk tid (ibid.). Eg har valt å berre sjå på fisk og fugl i forhold til sesongmarkørar. For å gjennomføre ein slik analyse på pattedyr, måtte eg sjå på om det var tale om ungdyr eller vaksne individ som var ligg i buplassmaterialet. Dette er eit omfattande og særst vanskeleg arbeide då mange av fragmenta ikkje har den informasjonen knytt til seg, grunna fragmentering.

### 6.4.1 Fisk

Fleire fiskesortar kan nyttast til å seie noko om når på året det har vore aktivitet i hellerane. Funn av makrell kan syne at helleren har vore nytta i tidsrommet april/mai – september, då arten er tilgjengeleg i vårt område. Ein annan sesongmarkør er laksen. Fiske av denne arten er best i tidsrommet april/mai - november. Dette er eit langt tidsrom, men likevel kan ein ved hjelp at fragment av laks utelukke somme månader i året. Fiske av ål går føre seg i perioden mai – oktober. Hysa står høgare i sommarhalvåret, og kan difor ha vore lettare å fange (ibid:50). Likevel skal det

visast varsemd med å nytte denne arten som ein sikker indikator på når opphalda i hellaren fann stad, då materialet syner at menneska ikkje hadde problem med å fiske på djupt vatn.

Bestandtettleiken av sei og lyr er størst om våren og om hausten, medan torskebestanden på Vestlandet er størst om sommaren (ibid.). Likevel vel eg å ikkje nytte torskefiskane som sesongmarkørar i oppgåva. Det er kjend blant lokalbefolkninga i Sunnhordland at torskefiskane kan fangast i områda nærare land i vinterhalvåret, medan om sommaren står fiske lengre ute i leia.

#### 6.4.2 Fugl

Funn av geirfugl kan indikere sommaropphald. Geirfuglen starta truleg hekkinga i byrjinga av mai, og forla hekkeplassen allereie i midten av juni (ibid:54). Den høgaste tettleiken i bestanden av alkefuglar finn vi på Vestlandet i vinterhalvåret. Då trekk fugl frå dei store nordlege hekkeområda sørover langs kysten på næringsvandring. På seinhausten og om vinteren kan store flokkar av alkefuglar opphalde seg ved vestlandskysten (ibid:53). Alkekongen opptrer vanlegvis i varierende mengde frå oktober/november til over nytt år, sjeldan fram til mars. Alkekonge, alke, teist og lomvi kan med andre ord peike på bruk i vinterhalvåret.

Tabell 23: Sesongindikatorar i materialet

Art:	Månad/månadar:
Laksefisk	april/mai – november
Ål	mai – oktober
Makrell	april/mai – september
Alkekonge	oktober/november – februar/mars

I Osterbakkjen syner funn av geirfugl i alle lag, at helleren har vore nytta som sommaren både i FRJA, RT og FVT. Helleren kan difor omtalast som ein sommarlokalitet. Likevel må ein ta høgde for at fiske- og fuglematerialet som er samla inn er særst lite, og artar kan vere underrepresenterte. I Setrehelleren kan fuglematerialet berre nyttast med varsemd. Fragmenta som vart funne i lag 1 til 6 er utan kontekst, og det har difor ikkje vorte mogleg til å skilje periodane frå kvarandre. Likevel kan funn av materiale frå alke, geirfugl og teist, syne både sommar- og vinterbruk. Sjølv om materialet frå Setrehelleren er svært vanskeleg å nytte pga manglande kontekst, ser det ut til at helleren kan ha vore besøkt både om sommaren og vinteren.

I Kuhidlaren peikar fugleartane på vinteropphald på bakgrunn av funn av alke eller lomvi.

I Kobbehammarskleiva kan funn av geirfugl indikere bruk av helleren i sommarhalvåret i RT. I FVT er det funne fragment etter geirfugl, lundefugl og alkekonge. Artane peikar på både sommar- og vinteropphald. Funn av makrell, ål og laks peikar på bruk i perioden april-november. I dei hardaste vintermånadene ser det ikkje ut til at helleren har vore nytta. Dersom ein ser på fiske- og fuglematerialet under eitt, tyder mykje på aktivitet i helleren gjennom heile året.

Tabell 24: Periodar med opphald i hellerane

	Osterbakkjen	Setrehelleren	Kobbehammarskleiva	Kuhidlaren
Sommaropphald	FRJA, RT, FVT	FRJA, RT, FVT	RT, FVT	
Vinteropphald		FRJA,RT, FVT	FVT	FRJA

### 6.5 Intensitet og lengda på opphalda

Er det då tale om at det kan ha vore fast tilhald i helleren eller har lokaliteten berre vore nytta som opphaldsstad for kortare periodar gjennom året?

Tabell. 25: Tjukna på laga i dei ulike lokalitetane

FRJA	RT	FVT
Osterbakkjen: 10cm	Osterbakkjen: 20cm	Osterbakkjen: 10cm
Setrehelleren: 10 cm	Setrehelleren: 20cm	Setrehelleren: 10cm
Kuhidlaren: 10cm	Kobbehammarskleiva: 10cm	Kobbehammarskleiva: 35cm

Ved å samanlikne sesongindikatorane med stratigrafiske opplysningar er det mogleg å kome fram til om det dreier seg om samanhengande opphald eller gjentekne besøk i hellerane. I FRJA ser det ut til at hellerane har vorte nytta om sommaren og om vinteren. Laga deponerte i hellerane er homogene, noko som kan tyde på lik bruk gjennom perioden. FRJA er ein periode på 500 år, og tjukna på laga peikar difor ikkje på samanhengande bruk, men korte opphald. Også det arkeologiske materialet syner at hellerane ikkje kan ha vore nytta som heilårsbustad, då meir permanente busetnader hadde truleg generert meir arkeologisk materiale. I Osterbakkjen er det berre funne eit skår av eit kokekar. Det er færre fiskesortar representert i materialet frå Kuhidlaren enn i dei andre hellerane. Dette kan vere eit resultat av metoden nytta under utgravinga, og/eller eit resultat av aktiviteten. Dersom helleren berre har vore nytta i utvalde periodar, vil dette kunne medføre at små fragment vil verte øydelagde før neste opphald i helleren fekk tid til å leggje eit overskytande kulturlag over restane.

Hovudmengda av fiskebeina frå Kuhidlaren er lyr, ein fiskesort som kan bli relativt stor, noko som resulterer i større beinfragment. Særleg små bein vil vere utsette dersom dei ligg opne i dagen over eit lengre tidsrom. Korte opphald kunne gje det funnbilete ein har i Kuhidlaren. Indrelid kan ha rett i at avsetninga i hellerane har vorte bygde opp etter mange vitjingar (Indrelid 1997:137). Men at det er tale om korte besøk av meir eller mindre tilfeldig karakter ser ikkje ut til å stemme overeins med materialet og stratigrafien. Dette då faunamaterialet er omfattande og peikar på gjentatt bruk av helleren.

Frå RT er det deponert tjukkare kulturlag. Tjukke busettingspor og mange gjenstandar vart sett som prov på lange opphald (Shetelig 1902; Brøgger 1910; Odner 1969; Jansen 1972; Solberg 1976). I Osterbakkjen og Kobbhammarskleiva er laga frå RT homogene, og truleg har aktiviteten vore av lik karakter. I Osterbakkjen er det viktig å peike på at laga deponerte i RT er av same karakter som laget frå FRJA og bruken av helleren kan ha vore av lik karakter i baa periodane. I Setrehelleren er laga frå RT ikkje homogene. Det kan difor ha skjedd ei forandring i bruken i perioden på denne lokaliteten. Sesongindikatorane i faunamaterialet synte at hellerane hadde vore i bruk gjennom heile året. Likevel vil eg hevde at hellerane ikkje har vore nytta som faste bustader. I staden peikar det sparsame arkeologiske materialet på gjentekne opphald gjennom året. Dette kan vere årsaka til dei tjukke kulturlaga i RT (Dommasnes 2009:38; Indrelid 1997). Dei stratigrafiske opplysningane og faunamaterialet syner at bruken av hellerane i RT var noko meir variert enn i FRJA. Hellerane kan ha vore nytta for lengre periodar om gongen eller meir intensivt.

Frå FVT er laga tynnare. Dette kan tyde på at intensiteten også var mindre. På den andre sida skjer det ei kraftig auke i innsamla materiale frå Kobbhammarskleiva i perioden. Dei fleste laga frå denne lokaliteten er frå denne FVT. Dei stratigrafiske opplysningane syner at helleren ikkje har vore nytta som ein heilårsbustad. Det at det kjem eit forvittringslag frå berget over i kvart av laga frå lokaliteten, tyder på at det har vore brot i opphalda.

Hellerane ser med andre ord ut til å ha vore nytta periodevis i eldre jernalder. Faunamaterialet peikar på bruk gjennom heile året. Shetelig sin teori om sesongbasert opphald i hellerane kan berre delvis støttast, då Shetelig la vekt på at bruken var innskrenka til vår og sommar (Brinkmann & Shetelig 1920; Olsen & Shetelig 1933:17). I FRJA er det sommaren som er den mest intensive perioden, og kan difor samsvare med Shetelig sin teori. I RT og FVT ser det ut til at hellerane har vorte nytta så å seie heile året. Materialet støttar Odner sin påstand om høve for bruk gjennom heile



året (Odner 1969:89), men tjuke på laga og mengda arkeologiske materiale peikar på at det ikkje er tale om fast tilhald i hellerane, og stadfester difor Bakka sin teori om at hellerane ikkje har vore nytta som heilårsbustad (Bakka 1973). Det kan i staden sjå ut til at det heller er ein stad som vert nytta gjennom året medan ulike aktivitetar vert gjennomførte.

## **6.6. Aktivitetar i hellerane**

Analysen av materialet frå Sunnhordland tyder på at hellerane har vore nytta periodisk gjennom året i eldre jernalder. Det arkeologiske materialet synleggjer ei rekkje aktivitetar som kan ha vore gjennomførte i hellerane.

Keramikkfunna peikar på matlaging. Det same gjer det store faunamaterialet. Fragmenteringa av beinmaterialet kan underbyggje denne påstanden, då fragmenterte bein kan indikere restar etter måltid, medan større bein kan vere resultat etter partering av kjøt som skulle takast med vidare. I Osterbakkjen peikar eit skår av eit kokekar i laget frå FRJA på matlaging (Bøe 1929a:6).

I RT og FVT vert det arkeologiske materialet meir variert. Keramikk peikar på matlaging. Det er ikkje funne keramikk av noko slag i kulturlaga frå Kobbhammarskleiva, noko som kan botne i at det har vore mellombels opphald. Faunamaterialet aukar kraftig så det har vore fortært store mengder mat i denne perioden. Eit stort faunamateriale i somme lag, kan vere resultat av at nokre av opphalda har vore av ein lengre karakter. Beinpila frå Kuhidlaren tyder på fangst. Kvartsbryna frå Setrehellaren kan ha tilknytning til arbeid som vart utført i helleren. Det er gjort funn av avslag av flint og jernfragment, samt fragment av nøklar. Gjenstandane kan vitne om aktivitet forutan matlaging i hellerane. Funn av slagge i Kobbhammarskleiva og Setrehellaren peikar på metallurgisk aktivitet. Dette kan ha vorte kopla til rituell aktivitet (Barndon 2005, 2009). Mengda slagge er for lita til at det kan dreie seg om at denne aktiviteten har vore omfattande, som til dømes smie. Det er truleg at slagget er produkt av enkle reparasjonar, og ikkje jernframstilling. Gjenstandar som jernbeslag, knivsodd og hammarhovud kan også setjast i samband med reparasjonar utførte i helleren.

I Setrehellaren er det funne ein beinkam og ei bronsespenne som kan peike på kvinneleg opphald i helleren. Bronsespenna er av typen som var vanleg til arbeidsklede i RT, og vert kopla til kvinnedrakt. For beinkammen kan runeinnskrifta og teorien om at dekorerte kammar kan ha vore tilverka som medgift til kvinnene (Tuohy 1999:59), underbyggje denne påstanden. Synlege slitasje

kan peike på at kammen har vore lenge i bruk (Olsen & Shetelig 1933), og sjølv om innskrifta peikar på ei kvinne, kan ein mann ha fått kammen, anten som gåve, på lån eller gjennom arv. Kammar var det vanlegaste personlege utstyret i eldre jernalder, ein personleg eigedel som vart nytta dagleg i alle samfunnslag, av både kvinner og menn (Gregor 1985:73; Solberg 2003:87). På den andre sida kan det resterande materiale frå helleren ikkje indikerer at det har vore menn i hellerane. Variasjonsbreidda i materialet kan tyde på ei brei samansetning av gruppene som oppheldt seg i helleren. Husdyrhald, fangst, sanking av skjel, fiske på grunna og i djupt vatn frå båt, er aktivitetar som kan avspegle at det var både kvinner, menn og born i hellerane.

Beinkammar, spinnehjul og vevsverd kan ha fungert som offer eller remedie og koplast til rituelle aktivitetar (Dommansnes 2006:72f). Det er særleg funnkonteksten som kan peike på om gjenstandane har vore element i ei rituell handling. Sakene i seg sjølv må sjåast som utbreidde bruksgjenstandar i perioden. Beinkammen og bronsespenna i Setrehelleren kan derimot sjåast i ein rituell kontekst. Båe funna vart gjorde under ein stein, i same kontekst, ei linse som gjekk inn i lag II. Laget syner tydelege spor etter forstyrning. Sakene kan ha vorte lagde der som eit depot. I så fall kan helleren koplast til rituell bruk. På den andre sida kan sakene i Setrehelleren vorte lagde att då eigaren skulle ut å sjå etter dyra, fiske eller jakte. Spenna er av enkel form og peikar på klede til arbeid, og var open då ho vart funnen, og kan difor ha vorte mista. Gjenstandane kan ikkje direkte koplast til ein rituell handling, men det kan ikkje sjåast vekk i frå at sakene er lagde ned med vilje.

Fleire har påpeika at hellerane på Vestlandet eigna seg godt som rituelle stader, der hellerane vart oppsøkt berre for dette formålet, til dømes som gravplass eller for ofringar (Bardon 2009; Dommanes 2009). Noko av materialet frå hellerane i Sunnhordland kan passe godt i ei slik tolking. Kammen og spenna frå Setrehelleren kan ha vore deponerte som eit offer. I Osterbakkjen er det funne ein amulett av bronse. Funne vart gjort inni noko som vert omtalt som ei «*tøykake*». Amuletten kan ha vore lagt ned som eit depot. Den spannforma keramikken kan setjast i samband med graver frå FVT (Engevik 2007:168). Sjølv om gjenstandane frå Setrehelleren og Osterbakkjen kan ha vore inkluderte i ein rituell bruk av helleren, må det merkast at rituelle aktivitetar ikkje ekskluderer funksjonell bruk av helleren i same periode (Barndon 2009:54). Sakene kan derimot likevel ha hatt ein rituell funksjon. Nedleggingane kan ha inngått i den kvardagslege rituelle aktiviteten, som til dømes eit husoffer.

## 6.7 Oppsummering

Det skjer ein auke i aktiviteten i hellerane frå FRJA til RT. Faunamaterialet vert større og medan det i FRJA var jakt og fiske som stod for hovudervervet, vert det i RT eit større innslag av husdyr i materialet. I FVT går faunamaterialet noko attende i somme av lokalitetane. Samstundes skjer det ein kraftig ekspansjon i materialet samla inn i Kobbehammarskleiva. Mykje tyder difor på at hellerane ikkje har vore mindre nytta i denne perioden. Variasjonsbreidda i artar syner at jakt og pastorale aktivitetar har vore eit vesentleg trekk ved ervervet. Fiske- og fuglematerialet vitnar om god ressursutnytting, særleg i FVT. Fiske har vorte drive frå båt og frå land i alle periodar.

At hellermaterialet har vore teke til inntekt for både sesongbaserte opphald og fast busetnad, gjer spørsmålet om lengda på opphalda vesentleg. Til dette problemkomplekset var dei stratigrafiske opplysningane særst interessante. Laga deponerte i FRJA er tynne og homogene, og kan vere eit resultat av korte opphald. Mellom opphalda har det vore periodar utan bruk. Det er få arkeologiske gjenstandar frå perioden, noko som underbyggjer teorien om sesongbuplass. Meir permanente busetnader ville ha generert meir arkeologisk materiale. I RT er det deponert tjukkare kulturlag. Aktiviteten i hellerane har difor truleg vore større og meir langvarig i RT. I FVT er laga noko tynnare, så intensiteten kan ha vore mindre enn i RT.

I Osterbakkjen og Kobbehammarskleiva er laga frå RT homogene, og truleg har aktiviteten i helleren vore av lik karakter gjennom heile perioden. I Osterbakkjen er det viktig å peike på at laga deponerte i RT er av same karakter som laget frå FRJA. Aktiviteten i helleren kan i FRJA og RT difor ha vore av same karakter. I Setrehelleren er laga frå RT ikkje homogene. Det kan difor ha skjedd ei forandring i aktivitet i perioden. I FVT er laga homogene, så mykje tyder på at aktiviteten i hellerane har vore den same gjennom perioden. Faunamaterialet frå RT og FVT syner at hellerane kan ha vore nytta gjennom heile året, men det er ikkje tale om fast tilhald i hellerane. Både dei stratigrafiske opplysningane og det arkeologiske materialet underbyggjer dette. I staden kan det sjå ut til at opphalda har variert i lengd og intensitet. Intensiteten er særleg tydeleg i Kobbehammarskleiva, som har ei rad sesongmarkørar i faunamaterialet som syner bruk gjennom heile året, samtidig som stratigrafien tydeleg syner opphald i bruk. Det arkeologiske materialet vitnar om fangst, matlaging og vedlikehald av reiskapar, gjeremål som kan setjast i tilknytning til praktisk bruk av hellerane. Samstundes syner gjenstandane frå RT og FVT at det kan vore gjennomført rituelle aktivitetar. Dersom sakene frå Setrehelleren og Osterbakkjen er rituelt deponert i kulturlaget, kan det vere nærliggjande å kople denne rituelle aktiviteten til kvardagsritualer.

## **7. BRUKEN AV HELLERAR I ELDRE JERNALDER I SUNNHORDLAND**

Analysen av det empiriske materialet har synleggjort fleire sider ved hellerbruken i Sunnhordland. Desse sidene kan brukast til å sei noko om den etniske tilhørsla til dei som brukte hellerane. Samstundes som det vert høve til å komme nærare funksjonen til lokalitetane. Eg vil no setje resultatane frå analysen av det empiriske materialet inn i ein samfunnskontekst: korleis passar bruken av hellerane inn i samfunnet i eldre jernalder? Eg delar kapittelet inn i to og startar med å drøfte den sosiale identiteten til dei som brukte hellerane. Vidare vil eg sjå på kva for funksjon hellerane kan ha hatt i samfunnet.

### **7.1 Sosial identitet**

#### **7.1.1 Etnisk variasjon i vestnorsk jernalder?**

Etnisk identitet vert oppfatta som ein overordna gruppeidentitet (Dommasnes 2006:48). Medan etniske grupper tidlegare vart oppfatta som isolerte einingar, vert det i dag fokusert på etnisitet som ein politisk prosess i relasjon mellom grupper som er i konkurranse med kvarandre og som er rangert i forhold til kvarandre og som bruker kulturelle ulikskapar for å markere identiteten innad i gruppa og i forhold til andre grupper (Bergsvik 2005:247). I spørsmålet om kven det var som oppheldt seg i hellerane, har det vore lagt fram argument for at det var ei etnisk gruppe som primært dreiv fangst og fiske og som stod i kontrast til gruppene i området som hadde tilknytning til ei form for germansk identitet. I eit område der det var alliansar og ikkje ei statsmakt som held gruppene samla, har det vore sett fram argument for at det på Vestlandet i RT og FVT ikkje var etnisk homogen gruppe (Dommasnes 2006:143). På den andre sida har det vore hevda at det var dei jordbrukande gruppene som brukte hellerane. Det har vore føreslått ein økonomisk dualisme (Jansen 1972). Skiljet har i denne samanheng vore av økonomisk karakter, ved at anten har mindre ressurssterke grupper vorte pressa ut i perifere område, eller at skilje oppstod som eit resultat av tilknytning til ulike ervervskulturar.

Det kan sjå ut til at det i FRJA kom ein meir differensiert bruk av landskapet. Pollenanalysar i tilknytning til busettingsspor peikar på at det var etablert ein jordbruksøkonomi i Vest-Noreg (Myhre 2002) og flateavdekkingar har synt likskapar i byggjeskikk mellom Vestlandet og Sør-Skandinavia også i FRJA (Dommasnes 2006:63). Christpoher Prescott peikar på at husdyrhald i marginale strøk kan tale for at det ikkje var eit klårt skilje mellom jeger/sankar kultur og ein jordbrukskultur i eldre jernalder (Prescott 1991:96). Materialet i denne avhandlinga kan koplast opp mot Prescott sin argumentasjon. Funn av bein frå husdyr i alle lag peikar på eit erverv som ikkje skil seg frå dei

jordbrukane gruppene i området. Faunamaterialet tyder difor på at det ikkje kan trekkjast noko etnisk skilje mellom dei som nytta hellerane og gardsbefolkninga i området. For å kunne støtte opp om slutninga, er det interessant å sjå på lengda på opphalda under berget.

Spørsmålet om hellerane har vore i bruk heile året av same gruppe, eller om dei berre var i bruk i sesongar kan synleggjere den etniske tilknytninga til menneska som brukte hellerane. Det har vore argumentert for at heilårsbustad vil kunne underbyggje teorien om (minst) to ulike etnisk grupper på Vestlandet i eldre jernalder. I motsett fall vil sesongbasert opphald kunne peike på at det var jordbrukande grupper som nytta hellerane som ein integrert del av ein blandingsøkonomi.

Materialet frå hellerane i Sunnhordland peikar på at dei har vore nytta både om sommaren og vinteren i eldre jernalder. Men dei stratigrafiske tilhøva syner at det er ikkje tale om fast tilhald på lokalitetane, så hellerane har ikkje vore nytta som heilårsbustad, men for periodar om gongen. Funn av gjenstandar som peikar på kvinneleg opphald i hellerar har vore sett på som indikatorar på ei fastbuande gruppe. Særleg bronsespenna i Setrehelleren kan peike på kvinneleg opphald i hellerane i Sunnhordland. Likevel vil eg ikkje argumentere for ei kopling mellom kvinner og fast tilhald. Det er då heller ingen indikasjonar på at det var menn i hellerane. I staden vil eg hevde at materialet i denne oppgåva tyder på ulike aktivitetar som kan knytast både til kvinner og menn, noko som kan vere interessant i forhold til økonomiske variasjonar i samfunnet. Dersom både kvinnene og menn var del i den sesongbaserte drifta av utmarksressursane kan dette anten botne i at mindre ressurssterke grupper vart plasserte ut i hellerane av eit leiande sjikt i samfunnet, eller at mellomsjiktet sjølv måtte aktivt utnytte dei ressursane som var tilgjengelege for å kunne oppretthalde alliansenettverket dei kan ha vore ein del av.

Det arkeologiske materialet i denne oppgåva frå FRJA er sparsamt, men det er ingen sterke indikasjonar på etnisk dualisme i denne perioden. Det arkeologiske materialet frå RT og FVT kan underbyggje oppfatninga av at dei menneska som bruke hellerane hørte til grupper i området som hadde ei form for germansk identitet. Samstundes må det peikast på at kulturelle trekk kan skiftast ut eller gå på tvers av etniske grenser. Dette gjer at det ikkje kan knyte *a-priori* visse reiskapar eller erverv til ei bestemt etnisk gruppe (Håland 1977; Hodder 1982). Likevel er det mange likskapar mellom det ein finn i hellerane og det som finnast på jordbruksbuplassar eller i graver, og det arkeologiske materialet kan difor setjast i samband med dei som budde på gardane på Vestlandet. Spannforma keramikk var mykje i bruk blant jordbruksbefolkninga. Keramikkskåra i Osterbakkjen kan samanliknast med ei urne frå ei eldre jernaldergrav på Lindås (Engevik 2007). Funnet av nøklar

kan tyde på at folk som brukte hellerane hadde tilknytning til gardane i nærleiken. Nøklar kan difor klårt setjast i samband med ei jordbruksbefolkning.

Beinkammen frå Setrehelleren har innrissa runer, noko som tyder på at vi har å gjere med ein germansk kulturkrins (ibid:69f), og at bondebefolkninga brukte helleren. Dette kan dreie seg om spor etter rituelle aktivitetar. Ei slik tolking blir også styrkt av at kammar er funne som gravgods i ei rekkje graver frå RT og FVT. Materialet frå Sunnhordland tyder difor på at folka som brukte hellerane var av same etniske gruppe som dei jordbrukande gruppene i området. Det kan vere mogleg at hellerane inngjekk som ein del av ein blandingsøkonomi, og at det har vore fangsta og fiska gjennom året, i tillegg til pastorale aktivitetar om sommaren. I denne samanheng kan lokaliseringa av hellerane brukast til å underbygge påstanden om at det ikkje er synleg spor etter ein kulturdualisme eller etnisk dualisme i hellarmaterialet frå Sunnhordland. Hellerane ligg i nær tilknytning til samtidige gardsbusetjingar, noko som kan tyde på at hellerane kan ha vore integrerte i den ekstensive drifta av utmarksressursane. Hellerane kan ha vore i bruk i periodar då det var lite å gjere på garden (Solberg 1976:69f). Den materielle kulturen vi finn restar av i hellerane i Sunnhordland manglar funn som skil seg frå dei germanske gruppene. Dersom det har vore ulikskapar mellom menneska som oppheldt seg i hellerane og bøndene i nærleiken, er det truleg at denne ulikskapen botnar i andre faktorar enn i etniske.

### 7.1.2 Økonomisk og sosial differensiering?

At omfattande bruk av hellerane i eldre jernalder var eit resultat av av økonomisk og sosial differensiering innanfor det germanske samfunnet, i staden for spor etter ei eiga etnisk gruppe som levde parallellt med germanarane i det same området, kan vere ein aktuell innfallsvinkel til materialet frå Sunnhordland. Materialet skal i så fall syne ein økonomisk dualisme (Jansen 1973; Odner 1973), at mindre ressursrike grupper vert pressa ut i perifere område (Gjessing 1977:98; Jansen 1973:93; Martens 1973:98; Nummedal 1913:41). Odner har gjennom høvdingdømme-modellen argumentert for at det var folk nede på samfunnsstigen som vart plassert ut i hellerane for å skaffe produkt til eit redistributive system kontrollert av høvdingane (Odner 1969, 1973). Dersom dette var korrekt, skulle vi vente å finne indikatorar på låg sosial status i hellerane. Funna frå Sunnhordland kan ikkje støtte teorien om at det var fattigfolk som brukte hellerane. I staden peikar beinkammen, spenna og keramikken på mellomsjiktet i samfunnet. Beinkammen er av høg kvalitet og vitnar om ein person frå god bondeætt (Olsen & Shetelig 1933:61). Bronsespena vert også kopla til det same sjiktet i samfunnet (Almgren 1923; Olsen & Shetelig 1933:26; Solberg 2003:83).

Også funnet av nøklar, nøkkelring og spannforma keramikk kan kopleast til bondestanden (Solberg 2003:155). Det er difor fleire indikatorar på at hellerane ikkje har vore nytta av det lågaste sjiktet i samfunnet. Likevel kan det ikkje sjåast vekk i frå at differensieringa i samfunnet påverka intensiteten i bruken av hellerane. Mellomsjiktet kan ha vore integrert i eit alliansesystem som gjorde det naudsynt å utnytte områda maksimalt. Personforbund-modellen byggjer på tesen om eit leiande sjikt i samfunnet som kunne oppretthalde kontroll over område og folk gjennom innkrevjing av naturalia. Mellomsjiktet i samfunnet vil i denne modellen ha stort utbytte av å opparbeide eit overskot for å kunne oppretthalde plassering i alliansesystemet, for å kunne oppretthalde retten til å drive jordbruk i området. Samstundes må det takast høgde for at materialet i hellerkontekstar er sær s variert, og det kan difor ikkje sjåast vekk i frå at også fattigfolk/trælar kan ha opphalde seg i hellerane i somme periodar. Busetjingsmønsteret og det økonomiske livet i jernalderen var truleg variert og hellerane kan ha hatt fleire funksjonar i samfunnet.

## **7.2 Hellerane sin funksjon i samfunnet**

I løpet av eldre jernalder skjer det store endringar i dei sosiale forholda. Desse endringane kan sporast i materialet i hellerane i Sunnhordland, då det skjer ein kraftig auke i materiale samstundes med at samfunnet vert meir lagdelt. Hellerane i Sunnhordland vert brukte meir intensivt i RT og FVT, periodane som òg generelt vert sett på for å vere den mest intensive perioden for hellerbruk (Jansen 1973:103; Odner 1973:147; Hagen 1983:331; Indrelid 1996:132; Myhre 2002:119). Sjølv om FRJA er ein perioden på 500 år, medan RT er på om lag 400 år og FVT er på om lag 150/170 år, så syner fordelinga av faunamaterialet frå FRJA med 835 fragment, frå RT med 2203 fragment og frå FVT med 4427, ein klår tendens. Likevel må det peikast på at dei fleste laga som er deponert i FVT kjem frå Kobbehammarskleiva, og faunamaterialet frå denne helleren er i særstilling i forhold til dei andre hellerane då det vart nytta såld under utgravinga. Men då utviklinga er såpass tydeleg også i Osterbakkjen og Setrehelleren kan tendensen vere reell. Hellerane vart nytta meir intensivt i RT og FVT enn i FRJA.

Då den politiske og økonomiske makta vart meir sentralisert i RT, kan det leiande sjiktet ha sikra sin sosiale posisjon, anten gjennom krigføring eller kontroll over ressursar (Hedeager & Tvarnø 2001 ; Myhre, 2002:118; Odner 1969). Sentra låg i gode område for jordbruk, samt strategisk til langs kommunikasjonsårer. Sunnhordland ligg i ei slik sone. Leirvik ligg like utanfor utløpet av Hardangerfjorden. Alle skip som skulle frakte produkt frå den vestlege delen av Hardangervidda måtte passere her. Frå RT er det på Leirvik på Stord gjort funn av ei våpengrav og ei nausttuft med

plass til eit skip på om lag 30 m (Solberg 2003:108). Funn av fleire våpengraver langs dei ytre delane av Hardangerfjorden vitnar om at det i RT var etablert eit økonomisk-politisk sentrum i Sunnhordland (ibid:109). Det kan sjå ut til at den auka bruken av hellerane kan ha samanheng med denne etableringa. Omorganisering av samfunnet i RT kan difor sjå ut til å ha påverka intensiteten i bruken av hellerane. Sunnhordland kan ha vore kryssingspunkt for fleire ulike territoriale områder i RT og FVT (Myhre 1987:178). I kontaktsoner kan det ha vore eit auka press på personlege relasjonar,-relasjonar som kan ha vore avgjerande for oppretthaldinga av kontroll over områda (Kristoffersen 2000:37; Myhre 1987). Sunnhordland kan difor ha vore eit uroleg område i RT og FVT. Det kan dermed ikkje sjåast vekk i frå at hellerane kan ha vore nytta som gøymestader. Lokalisering og murverk rundt inngangen har vore sett på som eit vesentleg trekk ved denne forma for bruk. Ingen av hellerane i denne avhandlinga ligg utilgjengeleg i landskapet, eller har murverk rundt inngangen. Likevel må det peikast på at somme av lokalitetane har eit sparsamt arkeologisk materiale, noko som kan indikera at hellerane kan ha vore provisoriske opphaldsstader. Men då faunamaterialet er mangfaldig og stort, synleggjer dette ei gruppe menneske som har nytta områda rundt hellerane aktivt, noko som truleg ikkje hadde vore tilfelle dersom hellerane vart nytta som gøymestad der folk låg i skjul. Sjølv om det ikkje kan sjåast vekk i frå at folk også kan ha brukt hellerane som gøymestader, må det peikast på at dette i så fall berre eitt av fleire bruksområdet for hellerane i Sunnhordland.






Fig.40: Fordeling av økonomiske og politiske sentrum på Sørvestlandet i FVT. Modellar er sette opp ut i frå gravfunn med funnkategoriane: bronsekar, glas og gjenstandar av gull. Svart) tre gjenstandkategoriar, grå) to gjenstandkategoriar og kvit) ein gjenstandkategori. Hypotetiske territorium vert markert med midtlinjer. Utdrag frå Myhre 1987.

Det sparsame arkeologiske materialet kan i staden peike på andre typar korte opphald i hellerane. Korte opphald kan underbyggje teorien om at hellerane har vore nytta som overnattingsstad i samband med ferdsel (Hougen 1922:103; Indrelid 1997:134). Osterbakkjen ligg naturleg til i skipsleia, sentralt plassert i forhold til skip som skulle frakte menneske og varer rundt på Vestlandet og utanfor norskekysten. Helleren ligg i nær tilknytning til Folderøyhamn, som i historisk tid ha vore nytta som hamn og opphaldsstad for skip. Kobbehammarskleiva og Kuhidlaren ligg og godt plasserte i forhold til bruk under transitt. Kuhildaren har inga god hamn, men stranda nedanfor gjer det mogleg å dra opp båtar. Setrehelleren ligg ikkje så strategisk til i leia, og har truleg vore minde knytt til ferdsel. Men det kan ikkje sjåast vekk i frå at hellerane i denne oppgåva har vore opphaldsstader for ferdafolk. Samstundes må det peikast på at faunamaterialet i hellerane er omfattande, og det er truleg at deponeringa har skjedd under lengre opphald enn berre ei eller nokre få netter. Forholda er noko annleis for Kuhidlaren. Her er kulturlaget tynt og det arkeologiske materialet omfattar berre ein gjenstand. Kuhidlaren kan difor ha vore nytta noko annleis enn dei andre hellerane som inngår i denne avhandlinga. Han har truleg vore nytta for fleire kortare eller for eit par lengre periodar. Sjølv om hellerane kan ha fungert som transittplassar, ser eg det som lite sannsynleg at dei berre har vore nytta som tilfeldige overnattingsplassar, slik Indrelid (1997) argumenterer for. I staden ser eg det som sannsynleg at hellerane har hatt ein rad funksjonar og at transitt berre er ein av fleire bruksmåtar. Hellerane kan ha vore nytta av reisande i tillegg til meir omfattande bruk av jordbrukande grupper i nærleiken.

At hellerane vart nytta som fangststasjonar har vore ei utbreidd oppfatning kring hellarbruk (Bakka 1973; Brøgger 1925:40f; Hagen 1983; Brinkmann & Shetelig 1920; Olsen & Shetelig 1933). Faunamaterialet frå hellerane peikar på eit blanda erverv, med husdyrhald, jordbruk, fangst og fiske. Dei ville artane, fiske- og fuglematerialet peikar på at fangst har vore eit viktig trekk ved ervervet, særleg i FRJA. Men at hellerane *berre* har vore nytta som fangststasjonar ser ikkje ut til å samsvare med materialet frå hellerane i Sunnhordland. Husdyrhaldet og dei pastorale aktivitetane har truleg hatt ein stor part i ervervet, særleg i RT og FVT. Teorien til Shetelig og Brinkmann kan difor berre delvis underbyggjast av materialet frå Sunnhordland. Dette då sesongindikatorane peikar på bruk gjennom heile året, medan fangstasjonteorien til Shetelig byggjer på bruk om sommaren. Solberg sin gjennomgang av faunamaterialet i Skjonghellaren syner ei allsidig ressursutnytting, med erverv med fokus både på fiske, fangst og dyrehald (Solberg 2003:73). Faunamaterialet frå hellerane i Sunnhordland samsvarar med materialet frå Skjonghelleren. Det kan difor sjå ut til at hellerane i

Sunnhordland kan ha vore nytta på same måte som hellerane lengre nord. Det har vore drive med fangst i området rundt hellerane, men det har òg vore drive med pastorale aktivitetar.

Namnet på Setrehelleren kan indikere at hellerane har hatt ein seterfunksjon og at dei har vore brukt som fangstbuer eller stølar (Bakka 1973:112; Olsen & Shetelig 1933). At pastorale aktivitetar har hatt ein sentral plass i ervervet, særleg i RT og FVT kan underbyggje denne påstanden. Men hellerane har vore brukte også til andre formål enn berre under sommarbeite for husdyr. Dette syner sesongmarkørane i materialet. Igjennom heile eldre jernalder har hellerane vore nytta sommar og vinter. Dei har vore nytta for lengre eller kortare periodar gjennom året, også når det har vore mykje å gjere på gardane. Me då hellerane ligg nær samtidige gardstrukturar, kan det tenkjast at dei har gått aktivt inn i ein blandingsøkonomi. Sjølv sagt må det peikast på dei kjeldekritiske faktorane knytt til faunamaterialet. Fordelinga av artar er truleg påverka av innsamlingmetodane, særleg i FRJA då perioden ikkje er representert i materialet frå Kobbhammarskleiva der kulturlaget vart sålda. Også materialet frå RT kan vere misvisande, då det er få lag frå denne periode i Kobbhammarskleiva. Men når det gjeld FVT har materialet stor sanningsverdi, då dei fleste laga frå denne perioden er fanga opp gjennom såld. Særleg husdyr og fisk ser ut til å hatt ein sentral del av ervervet i FVT. Det kan sjå ut til at det har vore fisk som har vore størstedelen av dietten til dei som oppheldt seg i hellerane. Mogleg er dette eit resultat av at fiskeressursane er lett tilgjengelege i området, og at fiske er ein aktivitet som kan utførast medan det til dømes vert drive med husdyr på beite i området.

Langs heile kysten fortel buplassar, strandtufter og små fiskebruk om eit betre organisert fiske i RT og FVT (Myhre 2002:157). Materialet frå Kobbhammarskleiva peikar på ei allsidig utnytting av fiskeressursane, og ei rad artar er registrerte i materialet. Det har vore fiska frå båt og frå land i alle periodane i eldre jernalder. Truleg har det vore like god utnytting av fiskeressursane i dei andre hellerane i denne oppgåva. Mange av dei same artane er i materialet, og tilknytning til sjøen ser ut til å ha vore avgjerande for at hellerane har vore nytta. Den marine utnyttinga har truleg stått sentralt under opphalda i hellerane i Sunnhordland. Det har vore ete store mengder sniglar og skjel under opphalda i hellerane, og slike marine ressursar har truleg vore eit viktig tilskot i dietten under opphalda i hellerane. Sidan artane i materialet indikerar heilårsbruk av hellerane, kan fiske difor ha vorte gjennomført gjennom heile året. At bøndene kan ha vore i hellerane for kortare periodar medan det vart fiska og jakta er sannsynleg.

Eit vesentleg trekk ved høvdingdømme-modellen til Odner er spesialistbusetnader lokaliserte til ytterkyst. Blant hellerane i denne oppgåva er det berre Setrehelleren som er lokalisert i denne sona. Det interessante er at det samstundes berre er i denne hellaren at det kan sporast ei form for spesialisering. Særleg sau/geit, storfe og sel ser ut til å ha vore vesentlege trekk ved ervervet i RT og FVT. Setrehelleren kan difor passe inn i modellen til Odner. Dei andre tre lokalitetane ligg i ytre fjord strok og syner spor etter eit meir variert erverv. Solberg peikar på at hellerane i Sunnmøre har vore aktivt i bruk også i FRJA, altså før høvdingdømme skal ha oppstått på Vestlandet, og hellerane kan difor ha vore inkorporerte i ervervet på same måte i RT og FVT (Solberg 1976). Det same er tilfelle i hellerane i Sunnhordland. Laga frå FRJA syner spor etter eit erverv med fokus på fangst og fiske. Samstundes er det spor etter husdyr i materialet. Hellerane kan difor ha vore ein vesentleg faktor i ein blandingsøkonomi, der alle dei ulike nisjane i området vart aktivt utnytta.

Spesialistbusetnad kan med andre ord ikkje sporast i materialet frå Sunnhordland. Størstedelen av hellerane i denne avhandlinga ligg i gode jordbruksstrok, noko som samsvare godt med at hellerane kan ha inngått i ein blandingsøkonomi. Samstundes kan lokaliseringa av hellerane nær gardane underbyggje teorien som ligg til grunn for personforbund-modellen, der gardane var avhengig av ein overskotsproduksjonen for å kunne «betale» naturalia til det leiande sjiktet, for på den måten å dra nytte av alliansebygginga i perioden. Hellerane kan difor ha vore nytta sporadisk gjennom året under fangst og fiske, i tillegg til meir regulativ bruk om sommaren under den ekstensive utnyttinga av utmarksressursane og beite for husdyra. Denne forma for drift vil kunne auke overskotet til garden og gjere tilhøva til å verte inkorporert i eit alliansesystem betre. Materialet frå Sunnhordland kan underbyggje Jansen (1972) sin oppfatning av hellerbruken som særskild kompleks.

Det har vorte sett fram teoriar som knyter hellerane til rituell bruk. Dommasnes peikar på at særleg dei større holene har vore nytta utelukkande til rituelle føremål (Dommasnes 2006:75). Stader der ritual vert utført vert definert som heilage (Steinsland 2005), og kan ha vore oppfatta som liminale, grenseområde der kontakt mellom det profane og heilage oppstod (Fabech 1991; Hedeager 2001:206; Van Gennep 1999:12). Hellerar kan ha vore oppfatta som eit liminalt område (Barndon 2009; Dommasnes 2009; Todem 1999). Funn av skjelet i hellerkontekstar tolka som graver, er sett i samband med overgangsriter som kan ha vorte gjennomført i hellerane (Dommasnes 2009; Todem 1999). I hellerane i Sunnhordland er det ingen funn av graver, så det er lite truleg at desse hellerane kan setjast i samband med overgangsriter knytt til overgangen mellom livet og døden. Likevel kan det ha vore utført rituelle aktivitetar i hellerkontekstar i Sunnhordland. I Setrehelleren kan funn av beinkammen og bronsespenna peike på mogleg depot. Sakene er, som nemnt tidlegare,

lagde ned i kulturlaget så å å seie på same stad, i ei linse som skil seg frå resten av laget. Sakene kan difor verte relaterte til kvarandre. Runene på kammen er tolka som ei lykkebringande helsing til ei kvinne. Dersom kammen er lagt ned i kulturlaget som eit depot kan det tenkjast at runene kan ha vore ein del av ritualet, at offeret skal verne om ein person, ein handling eller i tilknytning til forfedrekult, mogleg knytt til privatsfæren (Steinsland 2005:345). For Setrehelleren kan dette passe godt, då den har omfattande spor etter bruk av menneske frå før nedlegginga. Liknande funn vart gjorde i Rønstadhelleren på Sunnmøre, der ein beinkam var funne gøymd mellom nokre steinar (Dommasnes 2006:73, 2009:39; Shetelig 1902:4). Beinkammen vert kopla til rituell bruk av hellaren og knytt til eld og transformasjon (Dommasnes 2009:42). Det er få funn forutan beinkammen i Rønstadhelleren. Det same gjeld funnet av beinkammen i Røvarhola i Os kommune. Beinkammen vert sett i samband med funn av skjelett og tolka som gravgods (Todem 1999:108f). Det er sett fram ein kopling mellom dødebehandling og beinkammar (Dommasnes 2009:39). Beinkammer kan ha vore ein vesentlege del av å gjere den døde klar for overgangen frå det profane til det evige, og vert difor kopla til overgangsritene i det limenale området, som til dømes hellerane (Dommasnes 2009:39; Todem 1999). I Setrehelleren er både fauna- og gjenstandsmaterialet meir omfattande enn i Rønstadhelleren og Røvarhola. Det er difor lite truleg at hellaren *berre* er bruk til rituelle føremål. Men då rituelle aktivitetar ikkje treng å utelukke funksjonell bruk (Barndon 2009: 54), er det mogleg at Setrehelleren *kan* ha hatt ein rituell funksjon.

Det er viktig å peike på at det i jernalderen var variasjonar i kultus. Samstundes som det vart utført store rituelle handlingar av kollektiv karakter, vart det utført rituelle handlingar knytt til kvardagslege gjeremål. Keramikken funne i laga frå FVT kan setjast inn i ein rituell kontekst, dersom ein dreg koplingar til gravfelte på Vie i Førde. Gravene inneheldt små fragment av keramikk. Det kan sjå ut til at symbolverdien av keramikkskåra er viktigare enn bruksverdien (Dommasnes 2006:67). Keramikken funne i hellarkontekstane i Sunnhordland er fragmentert. Om det dreier seg om rituelle ofringar av keramikk eller uhell under opphalda er vanskeleg å avgjere. Gjennom undersøkingar av ein rad gardar frå jernalderen, syner det seg at keramikkskåra er av kar av same type som ein finn i gravkontekstar. Det har blitt føreslått at spannforma keramikk kan ha inngått i ei form for drikke ritual, og kan ha vore viktige element i festar der identitet, rang og status stod i fokus (Fredriksen 2005). Det er viktig å ta høgde for at gjenstandane i materialet frå hellerane i Sunnhordland kan ha hatt andre funksjonar enn berre som reiskapar knytte til fangst, fiske og matlaginga. Barndon kan difor ha rett i at i tillegg til funksjonell bruk av hellerane kan det ha føregått ein rituell bruk. Ein form for bruk som er vanskelegare å spore i materialet.

### 7.3 Oppsummering

Etnisitetsspørsmålet har stått sentralt i hellerforskninga. Materialet frå hellerane i Sunnhordland tyder på at det ikkje har vore etniske ulikskapar mellom menneska som oppheldt seg i hellerane og dei som budde på gardane. Faunamaterialet indikerer at hellerane har vore nytta gjennom året, men at det ikkje er tale om fast tilhald, noko som kan støtte opp under teorien om ei etnisk homogen folkegruppe i Sunnhordland i eldre jernalder. Det arkeologiske materialet peikar i same retning. Gjenstandane tilhøyrrer funngrupper som er vanlege å finne på opne buplassar. Det er heller ikkje noko tydeleg økonomisk skilje mellom ervervet i hellerkontekstane og i jordbruksområda i Sunnhordland. Det kan sjå ut til at det kan ha vore mellomsjiktet i samfunnet som har brukt hellerane, særleg i RT og FVT. Likevel kan det ikkje sjåast vekk i frå at folk lågare nede på rangstigen også kan ha søkt tilhald i hellerane. Men det ser ikkje ut til at det utelukkande er det låge sjiktet i samfunnet som oppheldt seg i hellerane.

Det ser ut til at hellerane kan ha hatt fleire funksjonar i samfunnet. Det er lite truleg at hellerane i denne oppgåve *berre* har vore nytta som gøymestader. Likevel er særleg RT ein periode då det truleg har vore stort politisk press i Sunnhordland. Det kan difor ikkje sjåast vekk i frå at bøndene har søkt tilhald i hellerane for somme periodar. Likevel syner faunamaterialet ein aktiv bruk av nærområdet, noko som samsvarer lite med grupper i skjul. Når det gjeld opphald under reise kan det sjå ut til at hellerane i Sunnhordland kan ha vore nytta av ferdafolk. Men det er lite truleg at hellaren primært vart nytta under transitt. I staden kan det sjå ut til at opphalda har vore av ulik karakter og ulik lengd. Faunamaterialet kan underbyggje teorien om fangstbuplassar, men då store mengder av faunamaterialet er av husdyr og sesongmarkørane peikar på bruk gjennom året, er det nærliggjande å påstå at hellerane har vore nytta til ulike formål gjennom året, og at fangst og fiske har vorte gjennomført i tillegg til pastorale aktivitetar. Aktivitetane ser ut til å vere meir varierte i RT og FVT enn i FRJA. I RT kan det i tillegg til funksjonell bruk kan hellerane også ha vore nytta i den rituelle utøvinga. Det må peikast på at rituelle aktivitetar ikkje står i vegen for at det i same periode har vore praktisk bruk av hellerane. Materialet støttar difor Jansen sin påstand om at hellerane har hatt fleire funksjonar i samfunnet i eldre jernalder.

## 8. KONKLUSJON

Avhandlinga har synleggjort ei rad trekk ved hellerbruken i eldre jernalder i Sunnhordland. Desse gjev viktig tilskot til hellerforskinga. Dette då den nye gjennomgangen av materialet koplar saman lokalitetane og ser på bruken av hellerane samla. Ved å gjere ei slik samankopling vert det høve til setje hellerbruken inn i ein sosial kontekst. Å sjå hellerane som ein integrert del av samfunnsorganiseringa i eldre jernalder, opnar opp for eit meir nyansert bilete av hellerbruken.

Det skjer ein auke i aktiviteten i hellerane frå FRJA til RT. Denne forandringa skjer samstundes med at samfunnet vert meir stratifisert. Det kan difor sjå ut til at samfunnsendringane kan ha virka på intensiteten i bruken av hellerar i Sunnhordland. RT er rekna som ein periode då det vert etablert eit politisk og økonomisk senter i Sunnhordland. Odner har sett den auka hellerbruken i samanheng med etablering av ein høvdingdømmestruktur på Vestlandet. Dette kan vere tilfelle. Men eg vil samstundes hevde at materialet også passar godt inn i teorien om at det på Vestlandet i eldre jernalder var vanleg å drive jordbruk med fokus på ei brei utnytting av ressursgrunnlaget i området. Hellerane kan difor ha vore integrerte i ein blandingsøkonomi blant bøndene i området. Dersom dette er årsaka til den auka bruken av hellerane i RT, er det nærliggande å kople bruken opp i mot personforbundmodellen, som byggjer på at eit leiande sjikt i samfunnet opprettheld posisjonen sin gjennom kontroll av folk og innkrevjing av naturalia. Bøndene i området der hellerane ligg kan ha vore tvungne til å opparbeide eit overskot, for på den måte å kunne innordne seg i eit samfunn der alliansar og nettverksbygging stod sentralt.

I FVT skjer det ei endring i bruken, og berre Kobbehammarskleiva får ei auke i innsamla materiale. Det kan hende at årsaka til at det i Osterbakkjen og Setrehellaren kan sporast ein nedgang i materialet, skuldast at samfunnet vart meir stabilt, og at alliansenettverka var godt etablerte. Det kan med andre ord sjå ut til at organiseringa i samfunnet spelar inn på korleis hellerane har vore nytta i eldre jernalder. Materialet frå Sunnhordland underbyggjer tesen om at RT og FVT var perioden med mest intensiv bruk av hellerar.

I FRJA ligg hovvudervervet på fangst og fiske, medan RT og FVT har større fokus på pastorale aktiviteter. Likevel syner det arkeologiske materialet koplingar til ein Skandinavisk kulturkrins, og det er lite truleg at det i eldre jernalder har vore ein kulturell eller etnisk dualisme i Sunnhordland. I staden peikar ervervet på at det er dei jordbrukande gruppene som bruker hellerane.

Høvdingdømmemodellen tek utgangspunkt i eit sterkt differensiert samfunn, der hellerane skal ha vore kontrollerte av høvdingane. Modellen legg vekt på spesialisering og ser på lokalitetane som spesialistbusetnader lokaliserte til ytterkyst. Materialet frå Sunnhordland passar berre delvis inn i denne modellen, då fleirtalet av hellerane i denne oppgåva ikkje er lokaliserte i den ytste kystsona, og det ikkje er klare spor av spesialisering. Samstundes peikar særleg materialet frå Setrehelleren på eit mellomsjikt i samfunnet. Det ser ikkje ut til at gruppene som oppheldt seg i hellerane var det lågast sjiktet i samfunnet. Likevel er det tydeleg at stratifiseringa av samfunnet har påverka intensiteten av hellerbruken. Eg vil hevde at det er betre å kople saman dei to samfunnsmodellane som er sette opp i RT og FVT. Då trur eg at vi kan oppnå eit meir nyansert bilete av hellerbruken i eldre jernalder. At bøndene hadde trong for å inkludere utmarksressursane i ein blandingsøkonomi for å kunne yte naturalia til det leiande sjiktet, for på den måten kunne inngå i alliansenettverka, er truleg. Etablering av eit politisk og økonomisk senter i Sunnhordland i RT gjorde bøndene til viktige brikker for at leiarane kunne oppretthalde kontroll over området. Det redistributive systemet som er eit viktig trekk ved høvdingdømme-modellen kan ha virka på hellerbruken i Sunnhordland. Ved å utnytte dei ulike områda maksimalt vert det høve til å opparbeide eit overskot som kan ha inngått i det redistributive systemet, samstundes som overskotet kan ha gått til innkrevjing av naturalia.

Eg har gjennom analysen av materialet frå Sunnhordland stadfesta at hellerbruken kan setjast i samband med den sosiale organiseringa av samfunnet. Materialet kan og peike på korleis hellerbusettinga har vore, om det har vore ei fastbuande gruppe eller sesongbasert opphald i hellerane, har vore eit problemkompleks som har fått mykje merksemd i hellerforskinga. Materialet frå Sunnhordland peikar på at det ikkje er tale om fast tilhald i hellerane, men i staden gjentekne opphald gjennom året. Tidlegare har det vore argumentert for at gjenstandar som peiker på kvinneleg opphald, kan stadfeste ein fastbuande gruppe. Eg vel ikkje å bruke funna i Setrehelleren som indikatorar på fast tilhald. Dei stratigrafiske opplysningane sett opp i mot faunamaterialet og det arkeologiske materialet underbyggjer denne påstanden. I FRJA er det særleg opphald om sommaren. Likevel peikar materialet på at det har vore vitjingar også i vinterhalvåret. I RT og FVT ser det ut til at hellerane har vore nytta meir eller mindre gjennom heile året. Opphalda har truleg variert i lengd og intensitet.

At hellerane har vore nytta som fangststasjonar, seter, fiskevær og rituelle plassar, syner mangfaldet i bruken av hellerane. Det er lite truleg at hellerane i denne oppgåva berre har vore nytta som



gøymestader. Artsbreidda syner aktiv utnytting av området rundt hellerane, noko som ikkje vitnar om folk som ligg i skjul. Forutan opphald under fangst, fiske og ekstensiv drift av utmarksressursane, kan hellerane ha vore nytta som opphaldsstad under reise. Lokalisering i leia, samt hamneforholda kan underbyggje ein slik påstand. Men det er ikkje tale om at lokalitetane utelukkande har vore nytta av ferdafolk. Kulturlaga og faunamaterialet peikar på lengre opphald. Det er berre i RT og FVT at det kan sporast arkeologisk materiale som kan koplast til rituell bruk av hellerane. Gjenstandane kan peike både på ritar knytte til den kvinnelege sfæren, samstundes som keramikken kan peike på overgangsriter eller drikkeseremoniar. Samstundes kan sakene ha vorte lagt igjen eller mista. Men konteksten sakene særleg frå Setrehelleren kan tyde på eit depot. Det kan heller ikkje sjåast vekk i frå at fleire av gjenstandane kan ha hatt ei rituell tyding. Det kan tenkjast at den rituelle bruken av hellerane i Sunnhordland har vore meir utbreidd enn det eg har vore i stand til å finne. Tilkomsten minnar om at det må takast høgde for at metallurgiske aktivitetar kan ha vore meir etablerte i hellerane i dette området, enn kva materialet i denne avhandlinga syner.

Fleire hellerar i Sunnhordland bør gåast gjennom på nytt. Eg har berre hatt høve til å analysere eit fåtal lokalitetar i ei avgrensa periode. Å sjå på utviklinga i eit langtidsperspektiv, samstundes som fleire lokalitetar vert inkluderte, vil kunne gje ei endå meir finkorna forståing av hellerbruken i Sunnhordland.

## SUMMARY

In this case study the main goal was to look closer at the use of rock-shelters in the Early Iron Age in Sunnhordland in Hordaland in Western Norway. Through analyses of the archaeological and faunal remains the main goal was to investigate how the rock-shelters were used, how long they were used, the Social identities of their users, and which function the rock-shelters had in society.

My analyses of five rock-shelters in Sunnhordland showed some general similarities. The subsistent patterns showed that hunting, fishing and domestic activities were part of a economic use of the environment. The main focus in Pre-Roman Iron Age was hunting and fishing. This change in Roman Iron Age and Migration Period were pastoral activities gets greater part of the economy. This change in subsistent patterns happened at the same time as the society in Western Norway became more stratified. There was a marked increase in the collected faunal material in roman iron age shelters. This change is possible the result of different excavation methods for different sites, but it may also be a result of changed functions during in Roman Iron Age. It has been argued that this change has to do with the establishment of Chieftdom's in Western Norway. There is also an alternative that the change is the result of establishment of alliances and the territorial conflicts that took place in Roman Iron Age and Migration Period.

A variety of activities seem to have happened in the rock-shelters in Sunnhordland are various. The sites may have been used as shelters of refuge, as transit sites, as workshops and sites related to activities such as hunting, fishing and pastoralism. The Roman and Migration period there is also evidence for ritual use. This variability in their use indicates that they were important in the Early Iron Age society.

The rock-shelters in Sunnhordland were not used as sedentary settlements, but for longer or shorter episodes all year round. The faunal data show that the sites were used both summer and winter. The Shelters are close to known Early Iron Age Settlements (Farms). This may also be indicated by the presence of domesticated animals in the rock-shelters. The archaeological data may also be related to the agrarian population. I can therefore argue that the material from Sunnhordland point to one homogeneous group settlers in this area, which had a general germane identity.

## LITTERATUR

Almgren, O. 1923: *Nordeuropäische Fibelformen der ersten nachchristlichen Jahrhunderte mit Berücksichtigung der provinzial-römischen und südrussischen Formen.* Leipzig

Anfinset, N. 1995: Upublisert funnrapport B-15176. Kobbhammarskleiva. Lok 4. Arkeologisk Institutt Bergen Museum. UiB.

Anfinset, N. 1996: Upublisert funnrapport B-15176. Kobbhammarskleiva. Lok 4. Arkeologisk Institutt Bergen Museum. UiB.

Bakka, E. 1972: Forntida i Stord. *Stord bygdebok. Stod i gamal og ny tid.* s.70 - 160. Stord

Bakka, E. 1973: Omkring problemet om kulturdualisme i Sør-Norge. I: Simonsen, P & Munch, G.S. (red.) *Bonde.veidemann, bofast-ikke bofast i nordisk forhistorie.* s.109-128. Tromsø

Barndon, R. 2005: Metall og myter- magi og transformasjon. Refleksjoner omkring den norrøne smedens kunnskap og identitet i et komparativt perspektiv. *Primitive tider* 8, s.61 - 74.

Barndon, R. 2009: Caves and Rock-shelters- Sacred Crafts and Smith`Graves in a Long-term Regional Perspective. I: Holm, I., Stene, K. & E. Svensson (red.) *Liminal landscapes.* Oslo Archaeological Series. s.47 - 65.

Bergsvik, K. A. 2005: Kulturdualisme i vestnorsk jernalder. I: K. A. Bergsvik & A. Engevik jr. (red.) *Fra funn til samfunn. Jernalderstudier tilegnet Bergljot Solberg på 70-årsdagen.* s-229 - 258. Bergen

Bergsvik, K. A. 2006: Førromersk jernalder ved Skatestraumen- sosiale og økonomiske implikasjoner. *Viking.* s.107 -1 27.

Bjørn, A. 1914/15: Et nyt hulefund paa Vestlandet. *Bergen Museums Aarbok* 1914/15. Nr 12. Bergen

Brinkmann, A. & Shetelig, H. 1920: *Ruskenesset. En stenalders jagtplass.* Norske Oldfunn III. Kristiania.

Brøgger, A.W. 1910: Vestnorske hulefund fra ældre jernalder. *Bergen Museums Aarbog* 1910. No. 16:1-22.

Brøgger, A.W. 1925: *Norske folk i oldtiden.* Oslo.

Bøe, J. 1927: Upublisert rapport. Osterbakkjen B8039. Bergen

Bøe, J. 1929a: Upublisert rapport. Osterbakkjen B8039. Bergen

Bøe, J. 1929b: Bergen Museums tilvekst av oldsaker 1929. *Bergen Museums Årbok* 1929. Historisk-antikvarisk rekke. Nr. 3. Bergen

Bøe, J. 1931: *Jernalderens keramikk i Norge.* Bergen Museums Skrifter nr.14 Bergen.

- Bøe, J. 1934: *Boplassen i Skipshelleren på Straume i Nordhordland*. Bergen Museums Skrifter nr. 17. Bergen.
- Diinhoff, S. 2005: Den førromerske jordbruksbosætning på Moflaten ved Ørsta. I: Bergsvik, K. A. & Engevik jr., A. (red.) *Fra funn til samfunn. Jernalderstudier tilegnet Bergljot Solberg på 70-årsdagen*. UBAS Nordisk 1, s.105-119. Bergen
- Dommasnes, L. H. 2006: *Vestnorsk forhistorie. Et personlig perspektiv*. Bergen.
- Dommasnes, L. H. 2009: Caves, Graves and Metallurgy. I: Holm, I., Stene, K. & E. Svensson (red). *Liminal landscapes*. Oslo Archaeological Series. s. 29-46.
- Engevik, jr. A. 2007: *Bucket-shaped pots. Style, Chronology and Regional Diversity in Norway in Late Roman and Migration Periods*. Dissertation for the degree doctor artium (dr.art). University of Bergen.
- Fabech, C. 1991: Samfundsorganisation, religiøse ceremonier og overregional variation. I: C. Fabech & J. Ringtvedt (red) *Samfundsorganisation og Regional variation*. Aarhus
- Fredriksen, P. D. 2005: Karet/koppen/identiteten. I: Østigård, T., Forsberg, L. & Zehetner, J. (red) *UBAS Hovedfag/Master Nr.1*. s.187-310. Bergen.
- V. Gennep, A. 1999 [1901]: *Rites de passage-overgangsrite*. Norsk oversettelse ved Erik Ringen. Oslo
- Gjessing, G. 1977: Idèer omkring førhistoriske samfunn. *Universitetets Oldsaksamlings Skrifter*. Ny rekke- Nr 2. Oslo
- Gregor, M. A. 1985: *Bone Antler Ivory & Horn. The Technology of Skeletal Materials Since the Roman Period*. New Jersey
- Gulliksen, S. 1974: En orientering om 14C-metoden og feilkilder forbundet med metoden. Trodheim.
- Hagen, A. 1967: *Norges Oldtid*. 1.utgave. Oslo.
- Hagen, A. 1983: *Jernalder. Norges Oldtid* 3.utg. Oslo.
- Hedeager, L. 1992: *Danmarks jernalder. Mellem stamme og stat*. Århus
- Hedeager, L. & Tvarnø, H. 2001: *Tusen års europahistorie. Romere, germanere og nordboere*. K. A. Lie (red). Oslo
- Hodder, I. 1982: *Symbols in action*. Cambridge.
- Holdaway, S. 2006: Absolute Dating. I I. Balma & A. Paterson (red) *Archaeology in practice: a student guide to archaeological abalyses*. s.117-157.
- Hougen, B. 1921: Upublisert innberetning frå Geitalemen. Kristiania

- Hougen, B. 1922: Et hulefund fra folkevandringstiden fra Hildershavn Os s. og pgd, Hordaland. *Oldtiden. Tidsskrift for norsk forhistorie IX.*
- Hougen, B. 1923: *Geitalemen. En steinalders boplass i Førde, Søndhordland.* Bergen Museums Aarbok 1920-1921. Historisk-antikvarisk række nr. 3. Bergen
- Hufthammer, A. K. 1992: De osteologiske undersøkelserne fra Kotedalen. *Kotedalen- en boplass gjennom 5000år.* Bind 2. Historisk museum, UiB.
- Håland, R. 1977: Archaeological classification and ethnic groups. *Norwegian Archaeological Review* 10 (1):1-13.
- Indrelid, S. 1997: Frå steinalder til vikingtid. *Strilesoga. Nord- og midthordaland gjennom tidene* Findland
- Jansen, K. 1968: Upublisert rapport frå utgravinga av Kuhildaren. Bergen.
- Jansen, K. 1972: Grønehelleren. En kystboplass. Upublisert Magistergradsavhandling UiB. Bergen
- Jansen, K. 1973: De vestnorske hulefunn og problemet omkring jeger-fiske-bonde. I Simonsen, P & Munch, G.S. (red). *Bonde-veidmann, bofast-ikke bofast i nordisk forhistorie.* s.100-109. Tromsø.
- Kaland, P. E. 1984: Holocene shore displacement and shorelines in Hordaland, western Norway. *Boreas*, vol 13. s.203-242.
- Kristoffersen, S. 2000: *Sverd og spenne. Dyreornamentikk og sosial kontekst.* Oslo
- Lindøe, K. 1932: Upublisert rapport frå Setrehelleren. B8351. Bergen
- Lohne, Ø.S., 2006. SeaCurve\_v1 - Teoretisk beregning av strandforskyvningskurver i Hordaland fra UTM koordinater. MS Excel regnark. Cambridge University
- Lund, W. H. 2007: Grav, kult og hall i folkevandringstid og merovingertid på Sande i Farsund k., Vest-Agder. *Primitive tider.* No.10. s.7-20.
- Løken, T. 2001: Oppkomsten av den germanske hallen- Hall og sal i eldre jernalder i Rogaland. *Viking* 64, s. 49-86.
- Lymann, R. L. 1994: *Vertebrate Taphonomy.* Cambridge
- Martens, I. 1973: De yngste steinbrukende kulturer i Sør-Norges fjellstrøk. Noen aktuelle problemer omkring kronologi og kulturforhold. I: Simonsen, P. & Munch, G. S. (red.) *Bonde- veidemann, bofast-ikke bofast I nordens fohistorie.* s.84-99.Tromsø.
- Myhre, B. 1987: Chieftains` graves and chiefdom territories in South Norway in Migration Period. *Studien zur Sachsenforschung* s. 88-169. Hildesheim
- Myhre, B. 2002: Landbruk, landskap og samfunn. 4000 f.Kr -800 e.Kr. I: Myhre, B. & Øye, I. (red.)

- Norges landbrukshistorie 1. 4000 f.Kr-1350 e.Kr. Jorda blir levevei.* s12-213. Oslo
- Nummedal, A. 1913: Bjørneremfundet. Forhistoriske hulefund fra Mien I Romsdalen. DKNVS 1912. Nr 12. Trondhjem
- Odner, K. 1969: *Ullshelleren i Valldalen, Røldal.* Årbok for Universitetet i Bergen Humanistisk serie No.1, Bergen.
- Odner, K. 1973: Økonomiske strukturer på Vestlandet i eldre jernalder. Upublisert manuskript. Historisk Museum, UiB.
- Olsen, B. 1997: *Fra ting til tekst. Teoretiske perspektiv i arkeologisk forskning.* Oslo
- Olsen, H. 1944: Upublisert rapport over jordfunnet skjeletmateriale, Osterbakkjen. Bergen Museum. Zoologisk avdeling. Bergen.
- Olsen, H. 1976: Skipshelleren. Ostologisk materiale. Dr.philos.-avhandling. Zoologisk museum. UiB.
- Olsen, M. & Shetelig H.1933: Runekammen fra Setre. *Bergen Museums Årbok 1933. Historisk-antikvarisk rekke. Nr. 2.* Bergen
- Pettersen, T.H. 1910: *Hestneshulen. Beretning om undersøkelsen av en forhistorisk boplass paa Hittern.* DKNVS skrifter 1910. No.2. Trondhjem.
- Pettersen, T.H. 1917: Haugshulen på Leka. DKNVS skrifter 1916. Nr 4 Trondhjem
- Pilø, L. 2005: *Bosted- urgård- enkeltgråd. En analyse av premissene i den norske bosetningshistorie forskningstradisjon på bakgrunn av bebyggelsesarkeologisk feltarbeid på Hedemarken.* Avhandling for dr.art graden ved Universitet i Oslo 2005.
- Prescott, C. 1991: *Kulturhistoriske undersøkelser i Skrivarhelleren.* Arkeologisk rapporter 14. Bergen
- Prescott, C. 1995: *From Stone Age to Iron Age. A study from Sogn, western Norway.* BAR International Series 603. Oxford.
- Reimer, P. J. and Reimer, R W. 2001, A marine reservoir correction database and on-line interface. Radiocarbon 43. s. 461-463.
- Reusch, H. H. 1877: Nogle norske Huler. II. Skjonghelleren. *Naturen* 4, s. 49-57.
- Romundsett, A., 2005. Strandforskyving og isavsmelting i midtre Hardanger, masteroppgave, UiB
- Ryhg, O. 1999 [1885]: *Norske oldsager.* Oslo
- Service, E.R. 1971: *Primitive Social Organization.* 2.utgave. New York.
- Shetelig, H.1902: Datering af et hulfund fra Søndmør. *Bergen Museus Aabog.* Bergen 1903.

- Shetelig, H. 1904: *Spandformede leirkar*. Bergen
- Shetelig, H. 1917: Et hulefund på Strønen. *Bergen Museums Aarbog*. Bergen 1917.
- Skre, D. 1999: Herredømmet. Bosetning og besittelse på Romerike 200-1350 e. Kr. Doktoravhandling i arkeologi. UiO.
- Solberg, B. 1976: Jernalderen på Nordre Sunnmøre. Bosetning, ressursnyttelse og sosial struktur. Upublisert mag.art.avhandling i arkeologi, UiB. Bergen
- Solberg, B. 2003: *Jernalderen i Norge*. Oslo
- Solli, B. 1988: Dyrebein. Problemer og muligheter omkring et arkeologisk kildemateriale. Avhandling til magistergrad i arkeologi ved UiO.
- Steinsland, G 2005: *Norrøn religion*. Oslo
- Stuiver, M. Pearson, G. W, and Braziunas, T F. 1986: Radiocarbon age calibration of marine samples back to 9000 cal yr BP. *Radiocarbon* 28. s. 980-1021.
- Todem, R. 1999: Holer og hellere, for de levende eller for de døde? I: Fuglestvedt, T. Gansum, T. & A. Opedal (red) *Et hus med mange rom: Vennebok til Bjørn Myhre på 60-årsdagen*. AmS rapport 11a.s.103-120. Stavanger.
- Tuohy, T. 1999: Prehistoric Combs of Antler and Bone. *BAR British Series* 285.
- Vasskog, K. 2006. Holosen strandforskyvning på sørlige Bømlo. Master thesis, University of Bergen.
- Østebø, K.. 2008: Hellerbruk i Vestnorsk eldre jernalder belyst ved lokalisering. Upublisert mastegradsavhandling UiB.